



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 21

(2005–2006)

## Hjarte for heile landet Om distrikts- og regionalpolitikken





# Innhald

<b>1</b>	<b>Folk skal kunne bu der dei ønskjer .....</b>	<b>7</b>	2.5.2	Vurdere finansieringssystemet for desentralisert utdanning.....	28
1.1	Innleing.....	7	2.5.3	Auka satsing på forskning og vidareutvikling av regionale forskingsmiljø .....	28
1.2	Hjarte for heile landet .....	7	2.5.4	Evaluering av Skattefunn.....	29
1.3	Hovudinnretninga i ein meir offensiv distrikts- og regionalpolitikk .....	8	2.6	Gode helsetilbod i alle delar av landet .....	30
1.4	Utviklingsstrekk og utfordringar i distrikts- og regionalpolitikken .....	10	2.7	Lokaliseringspolitikk og arbeidet med forvaltningsreforma .....	31
1.4.1	Sentrale utfordringar for å nå distrikts- og regionalpolitiske mål .....	11	2.7.1	Ein aktiv lokaliseringpolitikk .....	31
<b>2</b>	<b>Grunnleggjande føresetnader for næringsutvikling og busetjing .....</b>	<b>14</b>	2.7.2	Evaluering av gjennomførte utflyttingar av statlege verksemder .....	31
2.1	Innleing.....	14	2.7.3	Organiseringa av regional statleg forvaltning .....	31
2.2	Styrkje kommunalt tenestetilbod og samfunnsutviklingsrolla til kommunar og fylkeskommunar .....	14	2.8	Samfunnsplanlegging for samordning og differensiert politikk .....	32
2.2.1	Kommuneøkonomi er avgjerande .....	14	2.8.1	Endringar i plan- og bygningslova .....	32
2.2.2	Styrkje rollene til kommunane og fylkeskommunane som samfunnsutviklarar .....	16	2.8.2	Planar for regional utvikling .....	33
2.3	Utvikling av attraktive stader .....	17	2.8.3	Ein differensiert arealpolitikk .....	33
2.3.1	Innsats for utvikling av stader .....	18	<b>3</b>	<b>Gjeninnføring av differensiert arbeidsgivaravgift .....</b>	<b>35</b>
2.3.2	Kultur og frivillig arbeid som grunnlag for levande og attraktive samfunn.....	19	3.1	Nye retningslinjer for regionalstøtte innanfor EU/EØS-området .....	35
2.3.3	Betre utnytting av landbruks-eigedomar som ressurs for busetjing i bygdene .....	19	3.1.1	Hovudpunkt i det nye regelverket.....	35
2.3.4	Sikre gode bustadtilbod .....	21	3.2	Differensiert arbeidsgivaravgift.....	36
2.3.5	Kulturlandskap er viktig for attraktive stader .....	22	3.2.1	Geografisk virkeområde, soner og satsar .....	36
2.4	Redusere avstandsulempene gjennom effektive samferdselsløysingar .....	22	3.2.2	Vidare prosess i arbeidet med gjeninnføring av differensiert arbeidsgivaravgift.....	36
2.4.1	Betre transporttilbod som grunnlag for busetjing og næringsutvikling.....	23	3.3	Alternativ til differensiert arbeidsgivaravgift.....	36
2.4.2	Sikre digital allemannsrett innan 2007 .....	25	3.3.1	Provenynøytral gjeninnføring .....	36
2.4.3	God mobildekning og digitalt bakkenett for fjernsyn i heile landet... ..	25	3.3.2	Vidareføring av redusert arbeidsgivaravgift innanfor grensa for bagatellstøtte (fribeløpsordning) ...	37
2.4.4	Gode posttenester i heile landet .....	26	3.3.3	Næringsretta midlar til regional utvikling .....	37
2.4.5	Nettleiga for straum skal jamnast ut over heile landet.....	26	3.3.4	Opning for ei regional transportstøtteordning.....	38
2.5	Styrkje kompetansen for folk og næringsliv .....	27	3.3.5	Kompensasjon til kommunal og statleg sektor .....	38
2.5.1	Styrking av universitets- og høgskolesystemet .....	27	3.3.6	Vidareføring av differensiert arbeidsgivaravgift for sektorar som ikkje er omfatta av EØS-avtalens forbod mot statsstøtte - landbruk og fiskeri .....	38

4	<b>Styrking av næringsretta verkemiddel for å utnytte regionale fortrinn og potensial</b> .....39	5.2	Verdiskapingsprogram på kulturminneområdet..... 51
4.1	Innleiing .....39	5.3	Fiskeri og kystnæringane skal gi verdiskaping langs kysten ..... 52
4.2	Utvikling av miljø for innovasjon, entreprenørskap og bedriftsutvikling .....39	5.3.1	Fiskeforedlingsindustrien skal sikrast stabil tilgang på råstoff..... 52
4.2.1	Vidareutvikling av regional innovasjonsinfrastruktur gjennom SIVA .....40	5.3.2	Struktur i fiskeflåten ..... 52
4.2.2	Styrking av næringshageprogrammet .....40	5.3.3	Havbruksnæringa er viktig for kysten..... 53
4.2.3	Utvikling av fleire Norwegian Centres of Expertise .....41	5.3.4	Marint verdiskapingsprogram ..... 54
4.3	Kapitaltilgang, investeringsstøtte og såkornfond .....42	5.3.5	Rekruttering ..... 54
4.3.1	Klargjering av behov og utfordringar på kapitalmarknaden.....42	5.4	Regjeringa vil utvikle ein nasjonal reiselivsstrategi ..... 54
4.3.2	Utnytting av handlingsrommet for investeringsstøtte .....43	5.5	Auka satsing på kulturbasert næringsutvikling ..... 55
4.3.3	Etablering av såkornfond .....43	5.6	Auka aktivitet i Nord-Noreg som følgje av auka petroleumsverksemd i nordområda ..... 57
4.4	Stimulere grunderar og entreprenørskap.....44	5.6.1	Forvaltningsplan for verdiskaping gjennom berekraftig bruk av ressursar ..... 58
4.4.1	Entreprenørskap i skolen .....44	5.6.2	Strategiar for å fremme ringverknader i Nord-Noreg av auka petroleumsaktivitet i nord ..... 58
4.4.2	Kommersialisering av FoU.....45	5.7	Vern, forvaltning og bruk av verneområde ..... 60
4.4.3	Redusere barrierar for entreprenørskap blant unge, kvinner og innvandrara .....45	5.7.1	Berekraftig bruk av verneområde ..... 60
4.4.4	Vurdering av ein ny type støtte for nyetablerte bedrifter .....46	5.7.2	Prøveordningar med lokal forvaltning av verneområde ..... 61
4.5	Styrking av rolla kommunane spelar i lokal næringsutvikling .....46	5.8	Alternative energiformer ..... 61
4.5.1	Styrkt ordning med kommunale næringsfond .....46	<b>6</b>	<b>Særskild innsats i dei mest utsette områda</b> ..... 62
4.5.2	Kommunale næringsfond og rolla som førstelinje i næringsretta innsats .....47	6.1	Meistre endring..... 62
<b>5</b>	<b>Sektorretta innsatsar og rammevilkår for næringsutvikling</b> .....49	6.2	Småsamfunnssatsing ..... 63
5.1	Landbruksnæringar er viktige for sysselsetjing og busetjing.....49	6.2.1	Ei ny småsamfunnssatsing for å styrkje lokale initiativ..... 63
5.1.1	Vidareføre Bygdeutviklingsmidlane for å fremme nyskaping i landbruket.....50	6.2.2	Vidareutvikling av utkantbutikkar ..... 64
5.1.2	Verdiskapingsprogrammet for matproduksjon .....50	6.2.3	Særskilde ungdomsretta tiltak..... 64
5.1.3	Verdiskapingsprogrammet for reindrift .....51	6.3	Spesiell innsats for små fiskeri-avhengige samfunn og utviklingsstrategiar for fjellområda..... 66
5.1.4	Strategiar for utvikling av skognæringa og verdiskapingsprogram for bruk og foredling av trevirke .....51	6.3.1	Distriktskvoteordningar for fisk ..... 66
		6.3.2	Utviklingsstrategiar for fjellområda .... 66
		6.4	Omstilling i område med einseitig næringsstruktur som blir råka av nedlegging av arbeidsplassar ..... 66
		6.4.1	Lokalt og regionalt omstillingsarbeid..... 66
		6.4.2	Særlege omstillingstiltak og staten si rolle ..... 67
		6.4.3	Omstilling av Forsvaret ..... 67
		6.4.4	Aetats rolle ved omstillingar ..... 68

<b>7</b>	<b>Rammer for bruken av distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar under Kommunal- og regionaldepartementet</b> .....	69	7.2.1	Geografisk fordeling av dei ordinære distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane	.....70
7.1	Nytt distriktspolitisk virkeområde for dei distrikts- og regionalpolitiske midlane frå 2007	..... 69	7.2.2	Vurdering av avgrensingar for bruken av dei ordinære verkemidlane	.....71
7.1.1	Geografisk virkeområde og satsar	..... 69	<b>8</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar</b>	.....73
7.1.2	Auka fleksibilitet og handlingsrom	.... 69	<b>Vedlegg</b>		
7.1.3	Vidare prosess	..... 70	1	Utviklingstrekk i busetnads- mønster, bustadval og næringsliv	.....75
7.2	Geografisk fordeling og avgrensingar for bruk av distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar under Kommunal- og regionaldepartementet	..... 70	2	Juohkehaš galgá beassat ássat doppe gos háliida	.....77





DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 21

(2005–2006)

## Hjarte for heile landet Om distrikts- og regionalpolitikken

*Tilråding frå Kommunal- og regionaldepartementet av 16. juni 2006,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Folk skal kunne bu der dei ønskjer

#### 1.1 Innleiing

Regjeringa legg med dette fram ei stortingsmelding om distrikts- og regionalpolitikken. Stortingsmeldinga er handlingsorientert, med vekt på oppfølging av mål og initiativ som er presenterte i Soria Moria-erklæringa. Meldinga tek i liten grad opp igjen tema som det var politisk semje om i Stortinget i St.meld. nr. 25 (2004–2005) *Om regionalpolitikken*. Meldinga inneheld derfor ikkje eit omfattande analysegrunnlag. Innretninga på meldinga reflekterer samtidig verdigrunnlaget til regjeringa, med vektlegging av distriktpolitikken og av samordning mellom ulike politikkområde som sentralt verkemiddel i distrikts- og regionalpolitikken. Meldinga inneheld derfor omtale av politikkområde på ansvarsområdet til mange departement, og oppfølging av meldinga vil skje i samarbeid mellom aktuelle departement.

#### 1.2 Hjarte for heile landet

Regjeringa vil gi folk reell valfridom i kvar dei vil bu, og leggje grunnlaget for å ta heile landet og dei ulike naturressursane i bruk. Regjeringa har

eit sterkt ønske om at alle menneske i heile landet skal kunne utvikle evnene sine og leve gode og meningsfulle liv. Ein kan oppnå det gode livet på mange måtar, både i by og bygd.

Regjeringa har som overordna mål i distrikts- og regionalpolitikken å leggje til rette for likeverdige levekår i heile landet og oppretthalde hovudtrekka i busetnadsmønsteret. Politikken skal medverke til ei balansert utvikling mellom by og land. Auka verdiskaping og styrkt lokal og regional vekstkraft er både eit verkemiddel for å få dette til og eit mål i seg sjølv. Noreg har mange næringsmiljø med særleine kvalitetar og store stadbundne ressursar som gir grunnlag for busetnad og næringsverksemd over heile landet.

Noreg er både eit stort og eit lite land. Det er eit lite land i folketal, men også eit stort og langstrakt land med høge fjell, djupe fjordar og mange øyar. Det har gitt ein spreidd busetnad og store variasjonar i ressursgrunnlag, kultur, historie og identitet. Samtidig deler vi viktige fellesskapsverdiar og er avhengige av kvarandre for å utvikle eit godt samfunn for alle. Kombinasjonen av mangfald og fellesskap må bli spegla i velferdspolitikken og i ein tydeleg politikk for regional utvikling.

Det vil seie at vi må ha eit geografisk perspek-

tiv og eit blikk for geografiske konsekvensar i alt vi gjer. Det vil også seie at vi treng sterke lokale og regionale politiske nivå som kan tilpasse offentleg innsats til lokale tilhøve. Regionale aktørar har ei særleg viktig rolle i å utvikle ein regionalpolitikk som kan medverke til å utnytte potensiala i alle delar av landet. Men det vil også seie at vi treng eit sterkt statleg nivå for å sikre nødvendig samspel og likeverdige rammevilkår på tvers av geografiske skilnader, for å motverke at nokre regionar blir taparar sjølv om landet totalt sett går godt. I ein samla regionalpolitikk blir eit positivt samspel mellom regionane viktig. Regjeringa legg i denne samanhengen vekt på at staten må ha eit sentralt distriktpolitisk ansvar for å sikre gode tenester og ressursar til utvikling i område som har mindre økonomisk grunnlag lokalt.

Område med avstand til større marknader, nedgang i folketal og omstruktureringar i nærings- og arbeidslivet har særlege utfordringar. Regjeringa vil gjennomføre eit distriktpolitisk løft, med fokus på slike område. Eit slikt løft kan ikkje gjennomførast med økonomiske midlar aleine. Å få til utvikling krev også lyst og vilje til å få til resultat. Regjeringa legg derfor stor vekt på å støtte opp under lokale og regionale initiativ, kreativitet og engasjement som fremmar ønskt utvikling, og som viser at det nyttar å satse også utanfor byregionane.

Regjeringa vil føre ein politikk som medverkar til ei balansert utvikling mellom by og land. Regjeringa ønskjer byar som fungerer som ei drivkraft i nasjonal og regional utvikling. Regjeringa vil legge fram ei eiga stortingsmelding om hovudstadsregionen hausten 2006.

Stortingsmeldinga om distrikts- og regionalpolitikken er ei konkretisering av korleis regjeringa vil arbeide for å fremme måla i distrikts- og regionalpolitikken i denne stortingsperioden. Konkretiseringa vil ta utgangspunkt i dei tre hovudstrategiane for distrikts- og regionalpolitikken som blei utmeisla i Soria Moria-erklæringa:

1. Betre grunnlaget i dei enkelte regionane ved å styrkje kompetansen, leggje til rette for nyskaping og næringsutvikling, redusere avstandshinder, utvikle livskraftige lokalsamfunn og fremme berekraftig bruk av naturressursane. Regional- og distriktpolitiske omsyn skal bli tillagde sterkare vekt i politikken på dei enkelte sektorane.
2. Satse på å utvikle næringsverksemd på område der dei enkelte regionane har spesielle fortrinn. Statens politikk skal byggje opp under ei målretta satsing på regionale fortrinn.

3. Setje inn ein særskild innsats for å møte utfordringane i dei mest utsette områda. Dei distriktpolitiske verkemidlane skal bli styrkte.

### 1.3 Hovudinnretninga i ein meir offensiv distrikts- og regionalpolitikk

Regjeringa vil setje i verk eit distrikts- og regionalpolitisk krafttak for å nå måla i distrikts- og regionalpolitikken. Ambisjonane til regjeringa er klare: Folk skal ha ein reell fridom til å busetje seg der dei ønskjer, vi skal ta heile landet i bruk for å styrkje verdiskapinga, og vi skal medverke til auka tilflytting til distrikta.

Arbeidsplassar, infrastruktur og eit godt og likeverdig teneste- og velferdstilbod der folk bur er grunnleggjande føresetnader for at folk skal ha fridom i val av kvar dei vil busetje seg. Dette krev ein målretta innsats på fleire politikkområde, noko både Distriktskommisjonen og Effektivtvalet understreka. Mange ønskjer også å bu utanfor dei største byområda dersom forholda blir lagde til rette for dette. Regjeringa legg stor vekt på at politikken på område som er viktige for regional utvikling, har ei innretning som gjer at dei medverkar til å nå dei distrikts- og regionalpolitiske måla. Det er svært viktig at det er eit regional- og distriktpolitisk perspektiv på politikkområde som er knytte til utdanning, helse, samferdsel, kultur, næringsutvikling og utnytting av naturressursane. Regjeringa legg opp til ein meir aktiv bruk av konsekvensutgreiingar.

Velfungerande, trygge og identitetsskapande lokalsamfunn er avgjerande for eit godt velferdsamfunn. Trygge og gode bumiljø og attraktive stader blir skapte lokalt. Ein sterk og sunn kommuneøkonomi er ein føresetnad for eit godt teneste- og velferdstilbod i heile landet, og er derfor ein botnplanke i ein aktiv distrikts- og regionalpolitikk. Regjeringa vil rette opp den økonomiske ubalansen i kommunesektoren. Vi vil ha eit inntektssystem for kommunane som sikrar innbyggjarane eit godt og likeverdig tenestetilbod i heile landet, og eit helsetilbod som legg vekt på nærleiken til brukarane.

Vi vil også ha ein infrastruktur både for fysisk transport og for elektroniske medium som er likeverdig for heile landet. Alle stader må ha god tilgang på breiband, mobildekning og TV-signal for å vere attraktive for busetjing over tid, og den fysiske transportinfrastrukturen må vere tilpassa behova til næringslivet og befolkninga.

Regjeringa vil gjennomføre ulike tiltak som i sum kan medverke til å skape optimisme og framtidstru i dei områda som har dei største utfordringane knytte til folketal og næringsutvikling. Dette inneber mellom anna å leggje til rette for og støtte opp under lokale initiativ for å utvikle attraktive stader, nye arbeidsplassar og gode teneste-, kultur- og butilbod. Det er viktig at ungdom blir involvert i utviklinga av lokalsamfunnet. Ungdom må få høve til å påverke planprosessar og få reell påverknad i saker som vedkjem dei.

Regjeringa legg vekt på at distrikts- og regionalpolitikken har ein kjønnsdimensjon, og ser behov for at omsynet til ønske og behov særleg hos kvinner blir lagde til grunn for utviklingsarbeidet regionalt og lokalt.

Vekstkraftige næringsmiljø blir utvikla lokalt og regionalt, i kontakt mellom aktørar i arbeidsmarknadsregionar og innanfor og på tvers av bransjar. Ved målretta satsing på regionale fortrinn, potensial og stadbundne ressursar har Noreg gode føresetnader for å møte den aukande globale konkurransen i handelen og næringslivet.

Den politiske innsatsen må vere innretta slik at regionar og lokalsamfunn kan meistre endringar lokalt og regionalt som følgjer av endringar i næringslivet og auka konkurranse. Det inneber at politikken må medverke til å styrkje endrings- og læringsevna, ved å utvikle kompetanse, kreativitet, entreprenørskap og innovasjonsevne, og utvikle regionale nærings- og kompetansmiljø. Regjeringa vil også medverke med ulike typar av risikokapital og leggje til rette for eit samspel mellom næringsliv, offentleg sektor og forskings- og kompetansmiljø. Det er viktig at dette blir realisert i alle delar av landet og ikkje berre i sentrale strøk.

Den næringsretta distrikts- og regionalpolitiske innsatsen skal mellom anna medverke til å utvikle ein sterk konkurranseutsett sektor. Nedbygging av konkurranseutsett sektor er uheldig for sysselsetjinga i industriavhengige og mindre folkerike område og tappar landet for kompetanse. Regjeringa vil føre ein politikk som skal styrkje den samla konkurranseevna til landet, særleg gjennom satsing på utdanning, forskning, samferdsel og ein meir aktiv næringspolitikk som styrker det næringslivet vi har, og stimulerer til at nye verksemdar veks fram i alle delar av landet.

Innsatsen for å fremme regional utvikling skal bli målretta og forsterka. Regjeringa legg vekt på å utnytte handlingsrommet som ligg i distrikts- og regionalpolitikken innanfor internasjonale avtalar. Regjeringa vil gjeninnføre ordninga med regi-

onalt differensiert arbeidsgivaravgift frå 1. januar 2007 i eit så stort geografisk område som mogleg. Regjeringa legg i tillegg opp til å utvide det distriktspolitiske virkeområdet. Regjeringa vil også styrkje verkemiddelbruken gjennom Innovasjon Noreg, SIVA, Forskningsrådet, fylkeskommunane og kommunane.

Regjeringa legg vekt på norsk deltaking i internasjonalt regionalt samarbeid som ein viktig del av det regionale utviklingsarbeidet. Dei grenseregionale og transnasjonale programma gjennom EUs territoriale samarbeid (Interreg) vil bli førte vidare frå 2007 til 2013. Regjeringa vil leggje til rette for at regionale og lokale aktørar kan delta aktivt i utforminga og oppfølginga av slike program.

Regjeringa vil føre ein aktiv nordområdepolitikk og styrkje nordområdearbeidet, med vekt på å fremme ei berekraftig utnytting av havområda i nord. Dette skal mellom anna medverke til auka økonomisk aktivitet på land i Nord-Noreg, ikkje berre innanfor olje- og gassverksemd, men også i næringar som fiske og havbruk, reiseliv, landbruk og reindrift. I nordområda er det også særleg viktig å ta omsyn til tradisjonelle samiske næringar som dannar grunnlaget for samisk kultur og språk.

Regjeringa vil vidareføre den store ekstrainsatsen i Finnmark og Nord-Troms.<sup>1</sup> Dette området har framleis store utfordringar som følgje av endringar i nærings- og arbeidsliv og store avstandar mellom relativt små busetnader.

Regjeringa vil styrkje lokaldemokratiet og desentralisering av oppgåver og ansvar. Kommunane har det overordna ansvaret for velferdstenevne til innbyggjarane sine og ei viktig rolle som lokal samfunnsutviklar. Fylkeskommunar har ei viktig rolle som regional utviklingsaktør for å fremme ei positiv samfunnsutvikling i sine område, i samarbeid med kommunane, regional stat og private aktørar. Regjeringa legg vekt på at fylkeskommunane og kommunane har eit ansvar for å medverke til ei ønskt regional utvikling, men at staten har eit overordna ansvar for å sikre at vilkåra for at dette kan skje, er likeverdige.

I tråd med Soria Moria-erklæringa skal det etablerast eit fornya og styrkt, folkevalt regionalt forvaltningsnivå. Regjeringa ønskjer å sikre ein velfungerande offentleg sektor på tre nivå. Regjeringa vil leggje til rette for eit levande folkestyre og robuste kommunar og regionar som utnyttar

<sup>1</sup> Jamfør St.meld. nr. 8 (2003–2004) *Rikt mangfold i nord. Om tiltaksplanen i Finnmark og Nord-Troms*, og handsaminga av denne i Stortinget, jf. Innst. S. nr. 176 (2003–2004).

lokale og regionale fortrinn til beste for innbyggjarane, næringslivet og samfunnet. Desentralisering av oppgåver til lokalt og regionalt nivå vil medverke til betre utnytting av lokale og regionale fortrinn. Forvaltningsreforma skal desentralisere makt og myndigheit og medverke til å sikre arbeidsplassar og velferd der folk bur.

Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei melding for Stortinget hausten 2006 om den framtidige oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivåa. Endringar i oppgåvefordelinga skal ikkje føre til reduksjon i kommunale oppgåver eller til sentralisering internt i regionen. Drøftingar, lokalt og regionalt, om framtidig inndeling skal skje hausten 2006 og våren 2007. Arbeidet med forvaltningsreforma skal etter planen vere fullført og lagt fram for Stortinget slik at reforma kan setjast i verk 1. januar 2010.

#### 1.4 Utviklingstrekk og utfordringar i distrikts- og regionalpolitikken

Politikken til regjeringa byggjer på ei oppfatning av kva som er sentrale utviklingstrekk og utfordringar i distrikts- og regionalpolitikken i høve til måla, og korleis dei kan bli påverka gjennom systematiske, politiske val<sup>2</sup>. Sentraliseringa er ikkje berre eit resultat av endringar i næringsstruktur, demografi og bustadønske, men også i stor grad av rådande idear om kva som er det gode liv og korleis samfunnet bør innrettast og styrast.

##### *Utviklinga blir påverka av politiske val*

Mange statlege sektorar og verksemder har dei siste åra endra den lokale og regionale organiseringa. Posten, Forsvaret og sjukehusa er døme på dette. Slike omorganiseringar har hatt som hovudformål å få ein meir effektiv tenesteproduksjon ut frå sektorpolitiske mål, basert på styringsmodellar frå privat sektor. I sum har dette i stor grad medverka til den sentraliseringa som har skjedd innanfor statleg sektor, der småsenterregionar og område med spreidd busetnad sakte, men sikkert har blitt tappa for både kompetanse og arbeidsplassar. Dette er i praksis resultatet av politiske val der sektorpolitiske effektivitetsomsyn og vurderingar har vore prioriterte, utan at negative verknader for dei distrikts- og regionalpolitiske måla er blitt tekne omsyn til.

<sup>2</sup> I vedlegg 1 er det gitt ei oversikt over viktige utviklingstrekk som gir grunnlag for vurderingane.

##### *Demografisk «nullsumspel» krev aktiv politisk innsats*

Vilkåra for å nå målet om å oppretthalde hovudtrekka i busetnadsmønsteret har endra seg dei siste tiåra. Tidlegare blei det fødd flest barn i kommunar utanfor dei større byområda. Dermed blei det lite nedgang i folketal sjølv om halvparten av dei unge flytta ut for å ta arbeid eller utdanning. I dag har denne geografiske skilnaden i talet på fødte blitt utjamna, samtidig som talet på unge som flyttar ut, har halde seg på same nivå. Talet på fødte per kvinne har også gått ned. Sjølv om nedgangen i Noreg ikkje er så stor som i andre delar av den vestlege verda, har dette to viktige konsekvensar:

- Vi har ein svært liten folkeauke å fordele geografisk kvart år. I 2002 auka folketalet med 28 000 personar. Innvandrarar og flyktingar utgjorde om lag halvparten av auken.
- Ein god del av auken vil kome i større byregionar, medan utviklinga i folketalet i mange andre område vil vere under press som følgje av kombinasjonen færre fødte, skeiv aldersfordeling og utdanningsflytting som før.

Dette demografiske «nullsumspelet» gjer utfordringa om å nå målet om å oppretthalde hovudtrekka i busetnadsmønsteret meir reell og synleg enn tidlegare. Fleire kommunar vil gå ned i folketal sjølv utan utflytting på grunn av aldersstrukturen. Dersom vi ikkje legg til rette for at «strømmen» kan snu, ved å få meir flytting på kryss og tvers og ikkje berre vekst i dei større byområda, kan vi få større endringar i det norske busetnadsmønsteret i tiåra framover enn i tiåra etter den andre verdskrigen.

##### *Vidare sterk sentralisering har mange kostnader*

Strukturendringar i næringslivet og ein fleksibel arbeidsstyrke har over tid vore viktige føresetnader for å auke levestandarden og velferda i Noreg. Samtidig har slike endringar betydelege kostnader på samfunns- og individnivå. Det har ein kulturell og sosial kostnad ved at det reduserer valfriheten til å busetje seg kvar ein vil. Mangfaldet i det norske samfunnet blir også mindre. Det har sosiale kostnader og miljøkostnader i pressområda. Og ikkje minst har det økonomiske kostnader. Det gir behov for auka investeringar i infrastruktur og utvikling av tenestetilbod i pressområde og dårleg og meir kostbar utnytting av tilbod i område med nedgang i folketalet. Det gir også

dårleg utnytting av naturressursar og næringsmiljø og svekkjer det potensialet for vekst og sysselsetjing som ligg i å ta heile landet i bruk.

Regjeringa ønskjer å vidareutvikle kunnskapen om verknader og kostnader av den aukande sentraliseringa av befolkninga i større byregionar og reduksjon i folketalet i distriktskommunane. Kommunal- og regionaldepartementet vil derfor setje i gang ei utgreiing som skal sjå nærmare på verknader både på individ- og samfunnsnivå som følgjer av denne utviklinga. Dette kan mellom anna gi eit betre grunnlag for å vurdere dei samfunnsøkonomiske kostnadene ved distriktpolitiske tiltak.

#### **1.4.1 Sentrale utfordringar for å nå distrikts- og regionalpolitiske mål**

Stader, verksemder og individ i ulike delar av verda og i Noreg blir stadig meir samanbundne som følgje av store teknologiske endringar, auka samhandel mellom land og økonomisk vekst. Den økonomiske utviklinga gjer at folk i Noreg blir rikare og at utdanningsnivået aukar. I sum påverkar desse utviklingstrekka tankegangen og veremåten til folk. Dei får større fridom i val av livsstil og forbruk og kan velje seg ein livsstil gjennom å kombinere globale og lokale marknader. Dei kan også kommunisere ved hjelp av ei rekkje teknologiske nyvinningar som ikkje eksisterte for berre få år sidan. Utviklingstrekka fører også til strukturendringar i nærings- og arbeidslivet i retning av auka aktivitet og sysselsetjing i tenestesektoren. Delar av produksjonen handlar også i aukande grad om å gi varer og tenester kulturelle tilleggsverdiar.

Desse utviklingstrekka gir grunnlag for fleire utfordringar som er knytte til å nå distrikts- og regionalpolitiske mål. Dei kan medverke både til å styrkje og redusere sentraliseringa av busetnad og næringsliv, avhengig av kor offensivt dei blir møtte.

##### *Utfordring nr. 1: Utløyse verdiskapingspotensialet i alle delar av landet*

Vi finn næringsmiljø, kompetansmiljø og verksemder i alle delar av landet som medverkar til verdiskaping og konkurransekraft for landet. Det er viktig å utnytte potensiala i desse miljøa i ein stadig meir globalisert økonomi. Innbyggjarane utgjør den største produktive ressursen til landet. Det er derfor ei utfordring å fremme ei vidare utvikling og få utløyst det ekstra verdiskapings-

potensialet som finst i næringsmiljøa, ut frå lokale føresetnader og der folk bur. For å snu utviklinga på stader som opplever stagnasjon eller tilbakegang i folketalet, er det avgjerande å utnytte eksisterande ressursar og arbeidsstyrke på ein betre måte for å oppnå vekstkraft i næringslivet.

By og land fyller ulike roller i verdiskapinga. Store delar av eksportretta næringsliv ligg utanfor dei største byområda, i bedrifter innanfor til dømes marine og maritime næringar, teknologi, energi, kraftkrevjande industri og reiseliv. Sjølv om direkte sysselsetjing i primær- og sekundærnæringsane har gått ned, legg desse næringsane framleis grunnlaget for aktivitetar og sysselsetjing i mange ledd i økonomien. Noreg har store rikdommar i form av stadbundne ressursar. Det er ei utfordring å vidareutvikle aktiviteten i dei stadbundne næringsane, både gjennom heilskapleg verdikjedeperspektiv og utnytting av regionale fortrinn og marknadspotensial. Store delar av reiselivsnæringsane og ulike kulturbaserte vekstnæringsane er avhengige av at vi har livskraftig busetnad i alle delar av landet.

I byområda finn vi spesialiserte næringsmiljø, forskings- og kunnskapsmiljø og ein stor og variert arbeidsmarknad. Det er ei utfordring å utnytte potensiala i desse miljøa til auka verdiskaping og leggje til rette for samarbeid mellom kunnskaps- og næringsmiljø i og utanfor byområda. Storbyane har spesielle roller i samspelet mellom dei ulike regionane for at Noreg skal hevde seg i den globale konkurransen, i og med den store samlinga av kunnskapsmiljø, verksemder og offentlege institusjonar.

##### *Utfordring nr. 2: Tilgang på arbeidsplassar og teneste- og velferdstilbod der folk bur*

Tilbod om meningsfylt og attraktivt arbeid og eit likeverdig teneste- og velferdstilbod i alle delar av landet er ein grunnleggjande føresetnad for at folk skal ha ein reell fridom til å busetje seg kvar dei vil.

Tilbodet om offentlege velferds- og samfunnsstenester blir i stor grad styrt av politiske avgjerder og er resultat av politiske val og ambisjonar. Utfordringa her er ofte å finne måtar å organisere og finansiere ordningane på som gjer tilbodet likeverdig uavhengig av geografi. Kommunar og fylkeskommunar er ansvarlege for store delar av tenestene, slik at dei kan bli tilpassa lokale tilhøve. Staten har også ansvar for viktige tenester. Det er ei utfordring å sikre at distrikts- og regionalpolitiske omsyn blir innebygde i sektorpolitiske

avgjerder, mellom anna gjennom konkrete krav om tilgang på tenester.

Når det gjeld arbeidsplassar, er utfordringane i stor grad knytte til å leggje til rette for utvikling av verksemdar som er retta mot andre marknader enn den lokale personretta marknaden. Dette utgjer eit av dei sentrale elementa for busetnad på sikt, sjølv om ein stor del av veksten i sysselsetjinga i landet kjem i lokal, personretta tenesteyting og i kommunal sektor, der arbeidsplassane er spreidde på alle kommunar. Ei tilleggsutfordring er at arbeidsplassane må vere attraktive. Dette er viktig for utvikling av likeverdige levkår og for at områda utanfor dei større byområda skal bli opplevde som attraktive for tilflytting.

Dei siste tiåra har sysselsetjinga innanfor servicenæringane auka mykje, samtidig som sysselsetjinga i vareproduksjonen har gått tilbake. Auka velstand er, saman med globalisering, rasjonalisering i industrien og internasjonale avtalar som WTO-avtalen, ei viktig drivkraft bak desse endringane i nærings- og arbeidslivet. Dette gjer at mange område utanfor dei større byregionane opplever tilbakegang i sysselsetjinga i etablerte næringar. Dette kan gjerne vere kombinert med ein auke i produksjonen og i eksporten. Reduksjon i sysselsetjinga i tradisjonelle eksportretta næringar er ofte eit resultat av nødvendig omstilling i ein stadig hardare konkurranse.

Det kan vere vanskeleg å erstatte tradisjonelle arbeidsplassar med nye verksemdar. Veksten i sysselsetjinga i privat sektor i Noreg er mellom anna knytt til bedriftsretta tenesteytande næringar. Desse blir ofte lokaliserte til større byområde og er ein viktig del av veksten i dei største byområda og særleg hovudstadsregionen. Storbyområda har føremoner knytte til store nærmarknader, gode kommunikasjonar, lokaliseringa av hovudkontora til store private og offentlege verksemdar, tunge FoU- og kompetansmiljø og store utdanningsinstitusjonar som trekkjer til seg store grupper ungdom.

Vilkåra for utvikling av arbeidsplassar er derfor meir avgrensa på mange av stadene utanfor dei største byområda, sjølv om dei kan ha sterke og levande næringsmiljø og tilgang på store naturressursar, og sjølv om bruken av ny teknologi har redusert fleire av avstandsulempene. Dei manglar likevel ein del av føremonene til dei store byområda og har i tillegg ofte ulemper som stor avstand til større marknader, kapitalmiljø og spesialiserte tenester, små arbeidsmarknader, einseitig næringsstruktur og avstand til større utdannings- og FoU-miljø. Dette gjer dei sårbare ved større

omstillingar eller nedleggingar. Det er ei stor utfordring å medverke til vidare omstilling og framtidretta utvikling av nye, konkurransedyktige verksemdar i desse delane av landet, basert på regionale fortrinn og potensial og på utnytting av det høge kunnskaps- og kompetansenivået vi finn i landet.

### *Utfordring nr. 3: Innsats som i sum kan skape optimisme og framtidstru*

Innanfor det distriktspolitiske virkeområdet finn vi mange småsenter og område med spreidd busetnad som er spesielt utsette for nedgang i folketallet og i sysselsetjing. I område med lågt folketal, einseitig næringsliv og liten arbeidsmarknad er det spesielle utfordringar knytte til utvikling av arbeidsplassar og tilgang på gode tenestetilbod, som er nødvendige vilkår for busetnad og for tilflytting av nye innbyggjarar. Nedgang i folketallet treng ikkje seie noko avgjerande om livskrafta på staden, men kan skape usikkerheit om framtida. Det er ei utfordring å etablere eit breitt spekter av distrikts- og regionalpolitiske tiltak som kan medverke til å byggje opp under optimisme og framtidstru i desse områda, slik at både personar og næringsdrivande ønskjer å satse på staden.

### *Utfordring nr. 4: Bygder og tettstader som attraktive stader for busetjing, særleg for unge og kvinner*

For å få tilflytting til eller unngå utflytting frå mindre stader og tettstader er det ofte ikkje tilstrekkeleg at dei grunnleggjande føresetnadene knytte til arbeid, inntekt og tenester er til stades. Også butilhøva, landskapet og senteret i bygder og tettstader må opplevast som attraktive når folk skal vurdere busetjing eller tilflytting til ein stad. Attraktiviteten er knytt til både kultur- og fritidstilbod, nettverk for omsorg, friluftsopplevingar, tilgang på møteplassar, estetisk utsjånad og bustadtilbod, til dømes gjennom utnytting av bygningsressursar i landbruket. I tillegg vil ein attraktiv stad vere prega av opne haldningar til innflyttarar og mangfald i interesser og livsformer. Mange bygder og tettstader har kvalitetar knytte til oppvekstmiljø, bustad og natur som kan synleggjerast enda betre enn i dag.

Det er ei særleg utfordring å gjere stadene attraktive for unge i etableringsfasen og for kvinner, for å motverke utviklinga mot ei skeiv alders- og kjønnsfordeling på stader med lågt folketal. Eit godt barnehagetilbod er ein viktig faktor som kan medverke til å auke attraktiviteten for unge og

kvinner. Attraktiviteten kan også påverke kvar etablering av nye verksemdar kjem, både ved at personar tek med seg arbeidsplassen, eller at verksemdar blir lokaliserte til stader der det er attraktivt å bu.

*Utfordring nr. 5: Små og mellomstore byar som attraktive alternativ til dei største byane*

Små og mellomstore byområde er viktige for å ta vare på hovudtrekka i busetnadsmønsteret, både i seg sjølv og gjennom rolla dei spelar for omlandet som regionsenter for spesialiserte tenester, utdan-

ningstilbod og kompetansemiljø. Fleire småbyregionar, særleg innanfor det distriktpolitiske virkeområdet, opplever betydelege omstillingar i nærings- og arbeidslivet og stagnasjon i folketalet. Samtidig har mange av desse regionane gode utdannings- og kompetansemiljø og næringsmiljø med store potensial for vidare utvikling. Det er ei betydeleg utfordring å snu utviklinga og gjere små og mellomstore byar attraktive som alternativ til dei største byane, både når det gjeld busetjing, utvikling av personlege karrierar og etablering av næringsverksemdar.

## 2 Grunnleggjande føresetnader for næringsutvikling og busetjing

### 2.1 Innleiing

---

Regjeringa vil arbeide for gode rammevilkår for utvikling av næringsliv og arbeidsplassar og av gode teneste- og velferdstilbod og attraktive stader i alle delar av landet. Dette er grunnleggjande føresetnader for å få eit samfunn med reell fridom til å busetje seg der ein ønskjer. Dette kapitlet handlar om innsats for å sikre likeverdige tenestetilbod, god infrastruktur, godt tilbod av høgare utdanning, aktive forskingsmiljø, god samfunnsplanlegging og attraktive stader med gode bumiljø i alle delar av landet.

#### *Behov for differensiert politikk*

For å møte utfordringane i ulike delar av landet og i ulike typar bu- og arbeidsmarknadsområde, må politikken vere geografisk differensiert. Både enkeltvis og i sum får dei ulike sektorpolitikane romlege konsekvensar som slår ulikt ut i ulike lokalsamfunn og i ulike delar av landet. Område med lågt folketal, mindre senter og ein-sidede næringsstruktur møter særlege krav til omstilling. Tilgang på infrastruktur og tenestetilbod kan også vere avgrensa. I små og store byregionar er utfordringane i større grad knytte til å utnytte potensiala som ligg i kompetansmiljø, og vidareutvikle spesialiserte infrastrukturtilbod og tenester som kan tene næringsliv og befolkning i større omland. For alle områdetypar er det viktig med innsats som kan påverke utvikling av attraktive stader knytt til kultur, fritid, bumiljø og estetisk utforming av senter.

#### *Førsterka samarbeid nasjonalt og regionalt*

Regjeringa legg stor vekt på samarbeid over sektorgrensar både nasjonalt og regionalt for å sjå innsats som kan fremme distrikts- og regionalpolitiske mål, i samanheng. Ambisjonen til regjeringa om eit distriktspolitisk løft og ein heilskapleg politikk for lokalsamfunn og regionar krev verkemiddel, arenaer og arbeidsmåtar som gir samordning

eit reelt innhald. Ofte er det sumverknader av innsats på fleire politikkområde som avgjer om vi får ei positiv samfunnsutvikling. Dette tilseier at samordning er viktig som arbeidsform i distrikts- og regionalpolitikken.

Det nye regjeringsutvalet for distrikts- og regionalpolitikk er eit viktig element i dette arbeidet. Utvalet skal medverke til å skape større samsvær mellom distrikts- og regionalpolitiske mål og mål på ulike politikkområde og leggje grunnlag for breie, felles distrikts- og regionalpolitiske initiativ. Regjeringsutvalet skal supplere, ikkje erstatte, tradisjonelle samordningsmåtar. Utvalet er først og fremst ein arena og ein arbeidsmåte for å få til felles initiativ på tvers av fagdepartement. Regjeringa vil i tillegg i større grad leggje vekt på å ta distrikts- og regionalpolitiske omsyn når det blir teke sektorpolitiske avgjerder, gjennom meir aktiv bruk av konsekvensutgreingar.

Samarbeid og handlingrom på regionalt og lokalt nivå er likevel heilt sentralt for å få ei god tilpassing av nasjonal politikk og statleg innsats til lokale tilhøve. Nasjonale organ kan ikkje på same måten tilpasse tenestetilboda etter behov eller drive lokalt og regionalt utviklingsarbeid. Regjeringa legg derfor vekt på desentralisering av ansvar og myndigheit, på koordinering av offentlig innsats retta mot same geografiske område og på å støtte opp om lokalt initiativ.

### 2.2 Styrkje kommunalt tenestetilbod og samfunnsutviklingsrolla til kommunar og fylkeskommunar

---

#### 2.2.1 Kommuneøkonomi er avgjerande

Tilgang på gode velferds- og tenestetilbod, kombinert med tilgang på arbeid, er heilt nødvendige føresetnader for å nå det overordna målet om å leggje til rette for likeverdige levekår i heile landet og oppretthalde hovudtrekka i busetnads-mønsteret. Kommunane har det overordna ansvaret for likeverdige velferds- og tenestetilbod til innbyggjarane sine. Regjeringa er oppteken av at

kommunane blir tilførte ressursar og handlefri- dom til å løyse viktige velferdsoppgåver. Det må vere samsvar mellom pålagde oppgåver og finan- siera av desse. Ein styrkt kommuneøkonomi vil også gjere kommunane betre i stand til å satse meir aktivt på utviklingsoppgåver som til dømes næringsutviklingsarbeid og kultur og trivselsska- pande tiltak. Regjeringa meiner god kommune- økonomi er den beste føresetnaden for å kunne drive ein aktiv og velfungerande distrikts- og regi- onalpolitikk. Særleg i små og utsette lokalsam- funn med liten arbeidsmarknad og få tilbydarar er kommunen ein nøkkelleverandør av velferdste- nester, samtidig som kommunen spelar ei vesent- leg rolle som sysselsetjar. Regjeringa har alt teke fatt i arbeidet med å styrkje kommuneøkonomien.

#### *Styrking av kommuneøkonomien*

Regjeringa har ambisjonar om ei monaleg styr- king av dei frie inntektene innanfor kommunesek- toren i løpet av denne stortingsperioden, slik at mellom anna tilbodet i skolen og eldreomsorga kan betrast. Regjeringa vil gjennomføre ein fleir- årig opptrappingsplan for å rette opp den økono- miske ubalansen i kommunesektoren.

I statsbudsjettet for 2006 blei kommunane styrkte med heile 5,7 milliardar kroner gjennom ein kraftig auke i dei frie inntektene. Dette inkluderer 225 mill. kroner til styrking av regionaltil- skotet, som er særleg viktig for små kommunar i distrikta.

Kommunesektoren har vore gjennom ein peri- ode med stram økonomi. I 2002 og 2003 var inn- tektsveksten svak, og netto driftsresultat var på eit lågt nivå. I 2004 og 2005 har inntektsveksten teke seg opp. Kommunesektoren har brukt delar av inntektsveksten dei to siste åra til å rette opp den finansielle ubalansen. Utdringa no blir å opp- retthalde den finansielle balansen i kommune- sektoren. Samtidig har Regjeringa klare forvent- ningar om at kommunesektoren skal kunne levere fleire og betre tenester til innbyggjarane. Med det vedtekte økonomiske opplegget for 2006, og ytterlegare inntektsvekst i 2007, vil kom- munesektoren ha rammevilkår for å oppnå betra tenesteyting.

For å oppretthalde balansen i økonomien på sikt må det vere samsvar mellom oppgåver og res- sursar. Meirutgifter i samband med statleg initi- erte reformer som skal gjennomførast av kommu- nesektoren, skal kompensert. Det vil også vere naturleg å vurdere verknaden av demografiske endringar ved fastsetting av kommunesektoren

sine inntektsrammer. Kommunane og fylkeskom- munane må ha god økonomistyring og tilpasse aktivitetsnivået til inntektsrammene, samtidig som det må stillast krav til framleis effektivisering av den kommunale verksemda.

Regjeringa har i kommuneproposisjonen for 2007 varsla framleis sterk realvekst i kommune- sektoren sine inntekter. Det blir lagt opp til real- vekst i dei samla inntektene i kommunesektoren på mellom 4 og 5 milliardar kroner i 2007. Av vek- sten i samla inntekter blir det lagt opp til at mel- lom 2 og 2,5 milliardar kroner kjem som frie inn- tekter.

I budsjettproposisjonen for 2006 (St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2005-2006)) og i Soria Moria-erklæ- ringa har Regjeringa gitt uttrykk for store ambisjonar når det gjeld å gi folk eit betre teneste- tilbod. For å oppnå dette, er det nødvendig med framleis sterk auke i kommunesektoren sine frie inntekter. I statsbudsjettet for 2006 blei dei frie inntektene auka med 5,7 milliardar kroner. Vek- sten i frie inntekter i 2007 kjem i tillegg til det inn- tektsløftet kommunesektoren har fått i 2006. Dette inneber at dei frie inntektene samla sett vil auke med om lag 8 milliardar kroner i løpet av 2006 og 2007. Veksten i frie inntekter i 2006 og 2007 legg forholda til rette for betre kommunale tenester.

Innanfor veksten i dei samla inntektene vil det ligge midlar til barnehagesektoren, eldreomsorg, opptrappingsplanen for psykiatri og tiltak innanfor skolen. Det vil bli lagt fram konkrete løyvingfors- slag knytt til desse formåla i statsbudsjettet for 2007.

Veksten i dei frie inntektene må sjåast i saman- heng med at den demografiske utviklinga vil påføre kommunesektoren auka utgifter i 2007. Utrekningar utført av Det tekniske berekningsut- valet for kommunal og fylkeskommunal økonomi indikerer at kommunesektoren kan få meirutgif- ter i 2007 på om lag 1,4 milliardar kroner knytt til den demografiske utviklinga.

I Soria Moria-erklæringa er det lagt opp til å styrkje pleie- og omsorgstenesta med 10 000 års- verk innan utgangen av 2009, rekna frå 2004-nivå. Forslaget til vekst i frie inntekter legg forholda til rette for 2 000 nye årsverk i pleie- og omsorgste- nesta i 2007.

#### *Regjeringa si oppfølging av Borge-utvalet*

Borge-utvalet, som blei sett ned 3. oktober 2003, blei bede om å foreta ein brei gjennomgang av inntektssystemet for kommunane og fylkeskom-

munane. Den 10. oktober 2005 la utvalet fram sine forslag til endringar i inntektssystemet i NOU 2005:18 *Fordeling, forenkling, forbedring*. Utgreiinga frå utvalet har vore på brei offentleg høyring. Regjeringa har vedtatt å foreta ein eigen gjennomgang av inntektssystemet der ein mellom anna vil sjå på situasjonen for kommunar med vekst og kommunar med fråflytting. Regjeringa vil i den samanhengen også vurdere selskapsskatten som kommunal skatt. Regjeringa legg opp til å fremme forslag til endringar i inntektssystemet for kommunane i kommuneproposisjonen for 2009. Når det gjeld fylkeskommunane, legg Regjeringa opp til å sjå utvalet sine forslag til endringar i inntektssystemet i samheng med forvaltningsreforma.

### *Selskapsskatt*

Spørsmålet om selskapsskatten skal vere ein kommunal skatt vil bli vurdert i samband med oppfølginga av Borge-utvalet. Kommunane vil i 2006 motta om lag 5 milliardar kroner i selskapsskatt. Inntektene blir tilførte kommunane som rammeoverføring. Det er i kommuneproposisjonen føreslått at noverande ordning med å tilføre kommunane selskapsskatt som rammeoverføring blir vidareført inntil spørsmålet om kommunal selskapsskatt er avklart. Vidare er det føreslått at selskapsskatten blir vidareført på om lag same reelle nivå i 2007 som i 2006.

### *Oppretthalding av ein desentralisert skolestruktur*

I mange bygdesamfunn er grendeskolar svært viktige. Regjeringa har gjennom høg inntektsvekst både i 2006 og 2007 lagt til rette for ei styrking av tenestetilbodet i kommunane. Eit godt skoletilbod er ein viktig del av tenestetilbodet, og betring av den økonomiske situasjonen til kommunane er med på å gi kommunane reelle val for framtidig skolestruktur. Kva for skolestruktur som best legg til rette for eit godt skoletilbod vil mellom anna vere avhengig av lokale tilhøve. Val av skolestrukturen må derfor gjerast lokalt, og det er eit mål at kommunane skal kunne velje ein desentralisert skolestruktur.

## **2.2.2 Styrkje rollene til kommunane og fylkeskommunane som samfunnsutviklarar**

Kommunar og fylkeskommunar leverer ikkje berre viktige tenester til innbyggjarane i landet. Dei legg viktige rammer for busetjing og nærings-

utvikling også på andre måtar. I sum gjer dette både fylkeskommunar og kommunar til viktige samfunnsutviklarar i høve til måla i distrikts- og regionalpolitikken.

### *Fylkeskommunane som regional utviklingsaktør*

Regjeringa legg vekt på å støtte opp om fylkeskommunane si rolle som samfunnsutviklar og regional utviklingsaktør. Fylkeskommunane er gitt ei sentral rolle som pådrivar og initiativtakar for å møte utfordringar som er knytte til den regionale utviklinga, og i forvaltninga av midlar for regional utvikling over budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet. Fylkeskommunane har mellom anna ansvar for å etablere møteplassar, leie regionale partnerskapar, setje dagsorden og identifisere problemstillingar som er knytte til regional utvikling i eige område, inngå i nettverk og ha dialog med aktørar og brukargrupper. Utgangspunktet for å etablere regionale partnerskapar som den sentrale arbeidsforma var å medverke til auka fokusering på brukarperspektivet og sikre meir heilskaplege løysingar. Partnerskapen skal vere ein arena der offentlege tilretteleggjarar på regionalt nivå møter næringslivet for å medverke til ein samordna og resultatorientert innsats for regional utvikling.

Kommunal- og regionaldepartementet har forventningar til at fylkeskommunane arbeider vidare med auka brukarfokus og etablerer arenaer der aktørar med ønske og vilje til å medverke til utvikling av samfunns- og næringsliv kan samarbeide om bruk av verkemiddel. Representantar for næringslivet, FoU- og universitets- og høgskolemiljø, kommunane og frivillige organisasjonar er aktuelle aktørar i den samanhengen. Tidlegare evalueringar har mellom anna peika på ei for svak deltaking og involvering frå særleg næringslivsaktørar i partnerskapsarbeidet. Erfaringar frå arbeidet med dei næringsretta utviklingsmidlane som alternativ til differensiert arbeidsgivaravgift har på si side vist at det er mogleg å få til eit større engasjement og ei meir aktiv deltaking frå næringslivsaktørar i slike prosessar. Departementet legg vekt på at fylkeskommunane og regionale og lokale aktørar finn fram til gode rolleavklarings- og mandat når det gjeld partnerskapsarbeidet, som også klargjer korleis næringslivsaktørar skal delta i planleggings- og avgjerdsprosessar. Departementet er oppteke av at fylkeskommunane samarbeider med partnerskapen om å utvikle brukarperspektivet i bruken av midlane over kapittel 551 post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional

utvikling ut frå erfaringane med dei næringsretta utviklingsmidlane, jf. også kapittel 3.3.3.

Rolla som regional utviklingsaktør er knytt til fylkeskommunens planansvar og til oppgåver som vidaregåande opplæring, samferdsel, kultur, kulturminnefeltet, folkehelsearbeid og ikkje minst næringsutvikling. Dette er oppgåver som må sjåast i samanheng, om fylkeskommunane i samarbeid med regionale partnerskapar skal motivere til bulyst og leggje til rette for næringsutvikling. Det er ei utfordring både politisk og administrativt å sjå korleis desse oppgåvene influerer på kvarandre. Innhaldet i fylkesplanlegginga, og i ulike program og prosjekt, viser at det har skjedd positive endringar dei siste åra. Utgangspunktet for eit vellykka samarbeid mellom ulike fagområde er å synleggjere korleis dei samla kan gi eit betre resultat ved at ein ser dei i samanheng, samtidig som kvart fagområde også kan oppnå fordelar ved samarbeidet. Til dømes er drift av vidaregåande skolar og kollektivtransport viktige oppgåver i seg sjølv, samtidig som innsatsen også kan medverke til ei styrkt regional utvikling.

Fylkeskommunane har betydeleg kontakt over landegrensene gjennom til dømes grenseregionalt og transnasjonalt samarbeid og ved deltaking i ulike internasjonale organisasjonar. Dette gir også eit godt grunnlag for arbeid med regional utvikling i fylket. Deltaking i internasjonalt regionalpolitisk samarbeid er i dag ein integrert del av det regionalpolitiske arbeidet til dei fleste fylkeskommunane. Dei har uttrykt eit klart ønske om framleis norsk deltaking i EUs territoriale samarbeid (Interreg) for perioden 2007–2013, og at fylkeskommunane tek aktivt del i utviklinga av nye program.

#### *Kommunane som lokal samfunnsutviklar*

Regjeringa er oppteken av at kommunane si rolle som samfunnsutviklar skal styrkjast, utover rolla som forvaltar og tenesteproducent. Dette krev først og fremst ein sunn og sterk kommuneøkonomi. Å vere samfunnsutviklar inneber eit allsidig arbeid for å utvikle næringslivet og skape attraktive samfunn og gode levekår for befolkninga. Å realisere «det gode liv», oppmuntre til aktivitet i frivillig sektor, sikre gode oppvekstvilkår og bygge opp under dugnadsånd og kommunal identitet er ein del av det breie perspektivet på samfunnsutvikling. Det handlar mykje om kommunane sitt ansvar for å sikre og utvikle gode nærmiljø.

Det finst fleire måtar kommunane kan utvikle rolla som samfunnsutviklar på. Distriktskommi-

sjonen peika på fleire aspekt i denne samanhengen, mellom anna å sikre eit godt tenestetilbod innanfor barnehage, grunnskole og helsestell, sørgje for tradisjonell fysisk tilrettelegging, vere pådrivarar for etablering av «mjuk infrastruktur» som nettverk og møteplassar og ikkje minst medverke til å utvikle ein etablerarkultur. Aktivt engasjement i kommunane er viktig for å utvikle lokalt næringsliv, både når det gjeld tilbod om gode kommunale tenester til næringslivet og støtte til nyetablerarar. Erfaringar frå omstillingskommunar rundt om i landet viser at kommunane kan spele ei avgjerande rolle i å mobilisere lokalt næringsliv og andre aktørar og vere katalysator i utviklings- og omstillingsprosessar.

Ei aktiv rolle som samfunnsutviklar fordrar at kommunane har økonomiske midlar. Regjeringa meiner god kommuneøkonomi er ein viktig føresetnad for dette, kombinert med ei aktiv satsing på kommunale næringsfond, jf. omtale i kapittel 4.5. Men minst like viktig er ein reell vilje til å få til noko. Ofte er samarbeid mellom fleire kommunar ein naturleg og fornuftig strategi som kan vere med på å gi ekstra tyngd og kraft i samfunnsutviklarrolla. Lokalt engasjement og pådrivarkraft kombinert med trua på eigen innsats er avgjerande for graden av måloppnåing av denne typen arbeid. Desse føresetnadene kan berre skapast og utviklast lokalt. Regjeringa ser det som ei viktig oppgåve å underbyggje og stimulere til dette.

### **2.3 Utvikling av attraktive stader**

Eit samfunn må ha kvalitetar ut over gode tenestetilbod og arbeidsplassar for å vere attraktivt. Sentrale faktorar er mellom anna kultur- og fritidstilbod, tilgang på møteplassar, estetisk utsjånad og eit godt tilbod om bustader. Dette er tilhøve som kan bli utvikla og lagde til rette på ein betre måte enn i dag mange stader. Erfaringar viser at ei positiv utvikling er avhengig av medvitne satsingar med utgangspunkt i sterke sider ved staden, og som kan medverke til både å styrkje den lokale identiteten og gi staden ein unik profil.

Regjeringa meiner det er ei særleg utfordring for bygdesenter og småbyar å vere attraktive for tilflytting for å påverke flyttestraumane. Det gjeld spesielt kvinner og unge i etableringsfasen for å motverke utviklinga mot ei skeiv geografisk alders- og kjønnsfordeling. Stader som er attraktive for tilflytting, gir også betre grunnlag for lokalisering av verksemdar.

Kommunane har ei sentral rolle i arbeidet

knytt til attraktivitet og stadutvikling i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, næringsliv, enkeltpersonar og regionale styresmakter. Kommunal- og regionaldepartementet meiner det er viktig at kommunar, fylkeskommunar og regional stat vidareutviklar samarbeidet på dette feltet for å gjere sentra i regionane meir attraktive for næringsetablering og busetjing. Midlane til regional utvikling som er delegerte frå Kommunal- og regionaldepartementet til fylkeskommunane, kan òg nyttast til utviklingsprosjekt som skal medverke til å utvikle attraktive stader.

### 2.3.1 Innsats for utvikling av stader

Det har blitt gjennomført fleire tiltak på dette området rundt om i landet dei seinare åra, både lokalt og gjennom ulike nasjonale og regionale program. Det nyleg avslutta *Programmet for utvikling av attraktive og miljøvennlege tettstader i distrikta* (Tettstadsprogrammet (2001-2005)), i regi av Miljøverndepartementet, er eit døme på statleg initiert innsats. Programmet hadde som formål å samkøyre verkemiddel, vidareutvikle arbeidsmåtar lokalt og formidle erfaringar frå arbeidet med tettstadsutvikling. Eit anna døme er *Pilotprosjektet for miljøvennleg byutvikling*, som òg blei initiert av Miljøverndepartementet. Programmet har mellom anna hatt sentrumsutvikling som tema. Målet har vore å fremme og styrkje levande, varierte og trygge senter. Forbetring av gater og byrom, tenestetilbod og aktivitetar i sentrumsområda har stått sentralt i prosjekta. Miljøverndepartementet vil arbeide systematisk med å formidle erfaringane frå desse tiltaka til bruk i kommunane. Landbruks- og matdepartementet har også gjennomført fleire pilotprosjekt med tanke på utvikling av busetjing og lokalsamfunn, og har i samarbeid med Miljøverndepartementet utarbeidd ein eigen rettleiar om bruk av plan- og bygningslova ved utnytting av dei stadeigne, lokale ressursane.

I mange fylke er tettstadsutvikling ein regional utviklingsstrategi, og tettstadsutvikling blir vurdert på linje med andre utviklingstiltak når fylkeskommunane fordeler økonomiske midlar for å stimulere til regional utvikling i fylket. Regjeringa ser positivt på dette og meiner godt samarbeid mellom kommunar og regionale aktørar er viktig for å lykkast i eit slikt arbeid. Det er nødvendig å arbeide på tvers av sektorar og ha breie prosessar med både offentlege og private aktørar. I denne samanhengen er det viktig å involvere unge i utviklinga av deira eige

lokalsamfunn, slik at dei føler seg ivaretekne og at deira behov og ønske blir tekne omsyn til. Stadutvikling må også sjåast i samheng med både næringsutvikling, kultur, miljø, arealbruk og samferdsel.

Regjeringa ønskjer å stimulere til vidare arbeid og innsats for stadutvikling der ein ser planlegging og utvikling av møteplassar, estetikk, opprusting av senter, tenestetilbod, transport og næringsutvikling i samheng. Kommunal- og

#### Boks 2.1 Estetisk opprusting – ein sentral del av Tettstadsprogrammet

Ein viktig del av Tettstadsprogrammet handlar om opprusting av dei estetiske sidene ved det offentlege rommet. Utforming av dei fysiske omgivnadene i byar, i tettstader og i natur- og kulturlandskapet spelar ei viktig rolle i kvardagen til folk. Estetisk opprusting har såleis vore sentralt i fleire av kommunane som har vore med i Tettstadsprogrammet. Estetisk opprusting har blitt gjennomført på ulike måtar, der kommunane har teke for seg større eller mindre delar av staden og rydda og rusta opp område som hadde forfalle. I Mosjøen blei det til dømes satsa sterkt på å ruste opp byparken som etter fleire år hadde forfalle. Da Gildeskål kommune i Nordland skulle skape miljøgata i kommunesenteret Inn dyr, fann dei inspirasjon i den gamle kulturen og naturen omkring.

Felles for kommunane som har delteke i Tettstadsprogrammet, er at dei har lagt stor vekt på prosess og brei deltaking i arbeidet med stadutvikling. Ein viktig del av dette er informasjon og open dialog om arbeidet. Mange av kommunane har mellom anna arrangert folkemøte og seminar, og lokalaviser er brukte flittig for å spreie informasjon og skape debatt. Det har særleg blitt lagt vekt på å trekkje med barn og unge i arbeidet, både i form av idédugnader og konkrete forslag til tiltak. Dei kommunane som har lykkast best, har aktive politikarar som stimulerer til medverknad og samspel med innbyggjarane og frivillige organisasjonar i utviklinga av lokalsamfunnet. Samarbeid med lokalt næringsliv og ulike offentlege aktørar er også viktig. Det ligg føre ein sluttrapport frå Miljøverndepartementet som summerer opp resultatane frå programmet.

regionaldepartementet og Miljøverndepartementet vil medverke til å spreie kunnskap om vellykka prosjekt for stadutvikling til andre område med tilsvarende utfordringar. I 2006 vil Kommunal- og regionaldepartementet invitere mindre bykommunar, saman med fylkeskommunane, til eit samfinansieringsprosjekt for å greie ut korleis staden kan bli meir attraktiv for folk i regionen og for tilflyttarar, og korleis staden kan støtte opp om ei meir balansert utvikling. Det er aktuelt å følgje opp dette initiativet med ei spissa satsing på stadutvikling seinare i perioden. Den nye småsamfunnsatsinga under Kommunal- og regionaldepartementet vil også ha fokus på utvikling av attraktive lokalsamfunn, jf. kapittel 6.2. Sjå i tillegg omtale i kapittel 2.3.4 om nytt program i Husbanken for tettstadsutvikling i småsamfunn.

### **2.3.2 Kultur og frivillig arbeid som grunnlag for levande og attraktive samfunn**

Regjeringa meiner arbeidet med å skape attraktive stader for busetjing, som også kan fremme næringsutvikling, krev ei brei tilnærming. Utvikling av dei positive kvalitetane til ein stad er nær knytt til det kulturelle mangfaldet og tilbodet på staden. Kultur kan såleis spele ei viktig rolle i stadutvikling, identitetsbygging og merkevarebygging i både lokalsamfunn og regionar. Gjennom satsinga på eit kulturløft har regjeringa som målsetjing at løyvingane til kulturfeltet skal aukast til éin prosent av statsbudsjettet innan 2014. Regjeringa vil i 2006 også fremme forslag om ei allmenn kulturlov som skal uttrykkje ansvaret det offentlege har for kulturfeltet.

Erfaringar frå mellom anna Tettstadsprogrammet har vist kor viktig tiltak med brei forankring i kulturfeltet kan vere. Eit mangfald av kulturtilbod og møteplassar kan vere grunnlag for positive opplevingar og samtidig vere med på å styrkje fellesskap, livskvalitet og lokal identitet hos innbyggjarane. Eit godt kulturtilbod og høve til sjølv å delta i kulturaktivitetar er såleis eit samfunns gode som kan ha positiv innverknad på både busetjing og etableringar. Utviklingsarbeid som byggjer på kulturelt engasjement og kulturelle verdiar, er med på å gi ein stad særpreg. Regjeringa legg vekt på at dette er ein viktig del av arbeidet med å utvikle attraktive stader, og at lokale, regionale og nasjonale styresmakter legg det til grunn for arbeidet sitt. Kommunal- og regionaldepartementet meiner at delar av dei distrikts- og regionalpolitiske midlane kan bli nytta til kultursatsingar som kan medverke til utvikling av lokal identitet, sær-

leg der innsatsen kan føre til auka økonomisk aktivitet og næringsutvikling.

Det finst mange døme på at både byar og stader har blitt vitaliserte og fått økonomisk vekst gjennom ei systematisk satsing på kultur. Ei medviten satsing på kulturbasert næringsutvikling og utvikling av kulturnæringar kan spele ei viktig rolle i regional og lokal utvikling. Regjeringa er oppteken av å stimulere til ei forsterka utnytting av potensialet som ligg i kulturnæringane, mellom anna ved meir systematisk bruk av offentlege næringsretta verkemiddel og gjennom spesielle satsingar. Dette er nærmare omtalt i kapittel 5.5.

Regjeringa meiner frivillig innsats gjennom ulike lag og organisasjonar spelar ei sentral rolle i arbeidet med å skape varierte og attraktive lokalsamfunn. Frivillige aktørar har både høg kompetanse, verdfull erfaring og kapasitet på ulike område som er viktige for å skape gode og levande lokalmiljø. Samhandlingsprosjekt der dialogen er god mellom dei frivillige og det offentlege, opnar for spennande og utfordrande arbeid der gevinsten er oppgåveløysingar som er forankra i lokalsamfunnet, styrking av sosiale nettverk og innbyggjarar som er stolte av heimstaden sin. Regjeringa er oppteken av å medverke til eit godt samspel mellom offentleg og frivillig sektor på lokalt nivå.

Frivillighetssentralane utgjer ein viktig del av dette. Dei første frivillighetssentralane starta i 1991, og det er i dag nærmare 270 sentralar rundt om i landet. Formålet med slike sentralar er å leggje til rette for lokalt engasjement og skape gode vilkår for frivillig innsats lokalt. Kultur- og kyrkje departementet vurderer ei auka satsing på frivillighetssentralar. Kultur- og kyrkjedepartementet vurderer også om eit frivillighetsregister kan forenkle administrativt arbeid for frivillige organisasjonar og for offentleg forvaltning.

Skolane spelar ei viktig rolle i lokalsamfunna som møteplassar og arenaer for frivillig aktivitet og kulturformidling. Kulturskolane er også sentrale i det lokale kulturarbeidet og er med på å skape eit aktivt kulturliv i distrikta. Regjeringa vil at alle barn skal ha eit tilbod om plass i kulturskolen til ein rimeleg pris.

### **2.3.3 Betre utnytting av landbrukseigedomar som ressurs for busetjing i bygdene**

Arealet og bygningane på landbrukseigedomane er viktige bidrag for busetjing og næringsutvikling i bygdesamfunn, både i bynære område og i distrikta. Drift av landbruksareala gir grunnlag for inntekt frå næringsverksemd i form av jord- og

skogbruk og frå ulike tilleggsnæringar. Bygningsmassen på landbrukseigedomane gir grunnlag for busetjing og kan også gi grunnlag for utvida næringsverksemd. Areal- og bygningsressursane i landbruket og kulturlandskapet gir dessutan stadidentitet, som er ein viktig faktor for val av bustad.

Det finst om lag 180 000 landbrukseigedomar. Om lag 125 000 av desse er utan aktiv drift, men med bygningsmasse. Mange av desse finn vi i område med spreidd busetnad. I 2000 blei det kartlagt 46 000 landbrukseigedomar med bygningar, men utan fast busetjing. Eigedomane har eit monaleg busetjingspotensial, særleg i område med lågt folketal. Ei MMI-undersøking indikerer at om lag 200 000 menneske ønskjer å busetje seg på gard/småbruk.<sup>1</sup>

Landbruks- og matdepartementet har som mål at ressursane på landbrukseigedomane skal bli betre utnytta enn tidlegare for å oppretthalde og auke busetjinga i distrikta. Verkemidla i eigedomspolitikken må takast meir aktivt i bruk for å nå desse måla. Verkemidla må også kunne brukast ulikt i distrikta og i byområde. I pressområde er det særleg viktig å sikre eit sterkt jordvern, medan utfordringa i utkantane er å leggje til rette for busetjing. Særleg i utkantane må det derfor leggjast til rette for å utnytte landbruksressursane betre, også bygningane, mellom anna ved at land-

<sup>1</sup> Norsk Monitor 2005/2006. Talet er ei utrekning med utgangspunkt i svar frå eit landsrepresentativt utval på 3 849 personar over 15 år.

## Boks 2.2 Bruk av landbrukseigedomar for å fremme busetjing

### *Attraktive bustadtomter*

Iveland kommune har i kommuneplanen sett som mål å auke innbyggjartalet frå 1 100 til 1 500 innbyggjarar innan 2015. Målet inneber at kommunen må leggje til rette for 150 attraktive nye bustader. Kommunen har utarbeidd ein prosjektplan med ulike tiltak for nå målet sitt. Det blir arbeidd med å registrere moglege bustadområde/gardsbruk som kan brukast til bustadformål.

Aurskog-Høland kommune kan vise til positive resultat i Setskogområdet der det i mange år har vore nedgang i folketalet. Gjennom eit samarbeid mellom kommunen og innbyggjarane er nedgangen i folketalet no snudd. Kommuneplanen har opna opp for spreidd bustadbygging og nye hyttefelt, og bensinstasjon og nærbutikk er gjenopna.

### *Bustadbygging på aktive gardsbruk*

I undersøkinga «Det moderne klyngjetun – ein buplass for fleire enn bønder», har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sett på korleis det kan leggjast til rette for bustadbygging på aktive gardsbruk (rapport nr. 10, 2005). Tilrettelegging for bustadbygging i bygdene skjer oftast etter dei same prinsippa som i sentrumsnære område. I prosjektet har ein sett på høvet til å leggje til rette for bustader på gardsbruk utan at det kjem i konflikt med landbruksdrifta. I dei to modellane som er representerte i rapporten, er det lagt vekt på å plassere dei nye bustadene på

ein måte som gjer dei til ein naturleg del av tunmiljøet.

### *Formidling av eigedomar*

I pilotprosjektet «Eiendomssalg i Vest-Telemark», gjennomført i regi av Vest-Telemark Næringsutvikling, blei 700 eigarar av landbrukseigedomar kontakta med spørsmål om sal eller utleige av bruka sine. Arbeidet førte til at det i ein periode på fire år blei lagt ut om lag 120 bruk for sal eller utleige, og meir enn 75 nye familiar flytte til eigedomane. Materialet viser at eigarar av landbrukseigedomar utan busetjing først og fremst bur i bynære område, og at 92 prosent bur utanfor den kommunen der eigedomen ligg. Majoriteten, om lag 70 prosent, ønskte ikkje å selje eller leige ut til bustadformål. Dei viktigaste grunnane til dette var at dei sjølve brukte eigedomen til fritidsbruk, til eiga næring eller at dei ikkje ønskte å selje eigedomen ut av slekta.

Analysar i oppfølgingsprosjektet «Livstilsbruket» viste at motivasjonen til kjøparane varierte, men at det oftast var eit ønske om å leve annleis. Dei fleste var barnerike unge familiar med utdanningsnivå over middels og med variert yrkesbakgrunn. Hovudgruppa kom frå byområde, særleg frå byane rundt Oslofjorden. Nær 50 prosent av sysselsetjingsbehovet kunne ordnast av dei sjølve ved at dei dreiv eiga næring eller hadde arbeid som ikkje var avhengig av kvar dei budde.

brukseigedomar kjem på sal. Fleire kommunar har i dag sett i gang tiltak for å få til dette, jf. «Småbruksprosjektet i Telemark» og rettleiaren *Bruk mulighetene* i same fylket.

Eit anna verkemiddel er buplikt. Reglane om personleg buplikt gjeld landbrukseigedom, men det kan også knytast buplikt til mindre utbygde eigedomar dersom kommunen har innført lokal forskrift om dette. Per mars 2006 har 78 kommunar innført slike lokale forskrifter.

Landbruks- og matdepartementet ønskjer å arbeide vidare med verkemidla slik at dei kan bli tenlege reiskapar for kommunane i gjennomføringa av areal- og eigedomspolitikken og medverke til å oppretthalde og auke busetjinga. Til dette formålet vil Landbruks- og matdepartementet

- opprette ein internettportal til bruk for kommunar som ønskjer informasjon og kontakt om verkemiddel i areal- og eigedomspolitikken i landbruket
- undersøkje kommunane sin praksis i saker som gjeld søknad om fritak frå buplikt, setje i verk analysar av verknadene av reglane om buplikt og gjere buplikta meir målretta enn i dag
- stimulere til at det blir gjennomført forsøk i ulike kommunar, mellom anna med bruk av internett for å gjere ledige landbrukseigedomar kjende
- stimulere til forskning på verknadene av ulike tiltak knytte til landbrukseigedom

#### 2.3.4 Sikre gode bustadtilbod

Tilgang på gode bustader er ein sentral føresetnad for gode og attraktive levekår. Dette er særleg ei utfordring for vanskelegstilte grupper og for unge i etableringsfasen. Regjeringa er oppteken av å sikre gode bustadtilbod i alle delar av landet, både i dei større byane der ein ofte finn dei dårlegaste butilhøva og i område med lågt folketal. Bu- og miljøtilhøva i dei større byområda blir mellom anna teken opp i den komande hovudstadmeldinga.

Regjeringa ønskjer at Husbanken skal ha ei meir aktiv rolle i distriktsområde. Husbanken har mellom anna som oppgåve å lånefinansiere bustadinvesteringar i område av landet der private bankar er tilbakehaldne med å gi kreditt på grunn av låg pantesikring. Det kan vere aktuelt å setje i verk program i eit utval kommunar for å prøve ut alternative modellar og løysingar for bustadbygging og tettstadsutvikling for å gjere busetting i distrikta meir attraktivt.

Busetjinga i Noreg er i større grad enn i mange andre land prega av mange små lokalsam-

funn som kvar for seg utgjer eigne arbeids- og bustadmarknader. I mange småsamfunn er gode bustader kanskje den fremste føremonen ved å bu i distrikta. Det vil seie at innbyggjarane vanlegvis kan skaffe seg ein god einbustad. For å få til ei slik utvikling har kommunane og staten gjennom Husbanken spela på lag og sytt for høvelege tomter og rimelege lån. Husbanken har vore og er viktig fordi lokale bankar ofte har vore tilbakehaldne med å gi lån til prosjekt og hushald som har ein viss risiko. Risikoen kan vere knytt til usikre arbeidsplassar og til situasjonen i kvart hushald. Ei utfordring i denne samanhengen er at dersom hushaldet må selje bustaden, kan den lokale etterspurnaden vere så låg at salsprisen ligg under byggje- og tomtekostnaden.

Erfaringane til Husbanken er at ein i stor grad har makta å løyse slike problem på ein god og balansert måte. Gjennom godt lokalt samarbeid har ein i dei fleste sakene funne fram til løysingar som dei aller fleste har vore tente med. Tap på vanlege lån i Husbanken har da og vore små.

I utgangspunktet er det kommunane som best kjenner den lokale bustadsituasjonen og bustadbehovet. Etter plan- og bygningslova skal kommunen syte for god planlegging, tomter og utbygging av teknisk infrastruktur som vegar, reint vatn og avløp. Kommunen skal og syte for sosial infrastruktur som skolar, barnehagar, fritidsanlegg o.a. I denne samanhengen må kommunen òg vurdere etterspurnaden etter bustader slik at det blir samsvor mellom kommunen sine investeringar og hushalda sine bustadinvesteringar. På denne måten har kommunen eit ansvar for kostnads- og risikofordelinga i bustadsektoren. Her er god kommunal planlegging og tilrettelegging eit nøkkelpunkt. I den samanhengen er det viktig at kommunen aktivt nyttar dei verkemidla og røynslene som Husbanken har.

Bustadbygging og utbetring av bustader i distrikta er eit av dei prioriterte formåla med det nye grunnlånet i Husbanken. Husbanken skal prioritere lokalsamfunn der det kan vere vanskeleg å få lån frå private bankar. Slike stader kan Husbanken også ta på seg ein større del av risikoen ved bustadbygging og utbetring. Samtidig kan Husbanken i samråd med kommunen vurdere om bustadprosjekt er berekraftige både for miljøet og økonomisk.

I lokalsamfunn med lite press og ein låg pris på bustader kan det ofte vere klokt å sjå etter ein brukt bustad, enten ein vil eige eller leige. Ved kjøp kan kommunen gi startlån for heile eller delar av lånesummen – opptil 90 prosent av prisen. Nokre gonger kan det vere i samfinansiering med ein pri-

vat låneinstitusjon. Dersom ein kjøpar ønskjer å utbetre, byggje om eller modernisere ein bustad, kan Husbanken gi grunnlån til dette formålet.

Mange små kommunar nyttar Husbankens startlån i liten grad eller ikkje i det heile. Kommunal- og regionaldepartementet vil oppmode alle kommunar som opplever problem med bustadeta- blering, om å nytte startlåneordninga. Særleg når det gjeld toppfinansiering for nye bustader, men òg ved kjøp av brukte bustader, vil startlån vere gunstig. Private bankar kan vere tilbakehaldne med toplån eller dei krev klart høgare rente. Da det i små distriktskommunar er ein større risiko for tap ved sal av bustaden, kan kommunane vere tilbakehaldne med å gi slike lån. Kommunal- og regionaldepartementet vil sjå nærmare på forde- lingen av risikoen når det gjeld startlån. Eit aktuelt tiltak er at Husbanken i samarbeid med grupper av distriktskommunar, utvalte etter distriktspoli- tiske kriterium, får høve til 50 prosent tapsdeling på startlån frå første krone.

I mange lokalsamfunn vil ein av og til oppleve at det manglar passande utleigetilbod for ungdom og nye arbeidstakarar. Å byggje nye utleigebusta- der kan ofte vere ein risiko for eigaren, enten det er kommunen, ei bedrift eller ein privatperson. Eit alternativ her er at kommunen aktivt hjelper bedrifter eller enkelte personar med å søkje etter utleigebustader. Det har ofte vist seg mogleg å skaffe bra og rimelege leigebustader på den måten. Nokre gonger, særleg ved vekst i det lokale næringslivet, er det nødvendig å byggje lei- gebustader i større omfang. Her vil det vere natur- leg at arbeidsgivarar kan ta ein del av ansvaret i samarbeid med kommunen. Husbanken kan gi grunnlån til byggje- og tomtekostnadene og tek på den måten sin del av ansvaret.

#### *Om nytt program i Husbanken for tettstadsutvikling i småsamfunn*

Husbanken er ein viktig aktør i stadutvikling i byar og tettstader, og deltek både direkte og indi- rekte i stadutvikling gjennom arbeidet med byg- gjeskikk, ved låne- og tilskotsordningar og gjen- nom rådgiving.

Det er fleire faktorar som medverkar til å forme identiteten til ein stad, som naturgitte og fysiske tilhøve og sosiokulturelle og historiske til- høve. Auka kunnskap om kva som formar stadi- dentitetar kan dermed medverke til å endre eit negativt bilete av ein stad og innbyggjarane sine oppfatningar av staden. Eit godt fysisk utforma miljø er eit viktig aspekt ved stadutvikling. Ved at

ein planlegg for berekraftige lokalsamfunn i vid forstand, planlegg ein også for gode sosiale miljø. Stadutvikling har derfor ein fysisk og ein sosial dimensjon.

Kommunal- og regionaldepartementet vil be Husbanken setje i gang eit program rundt tett- stadsutvikling i små lokalsamfunn. Programmet kan mellom anna byggje på dei gode erfaringane frå Miljøverndepartementet sitt tettstadsprogram. Dei lokale programma kan ha ulike komponentar, til dømes utarbeiding av utbyggingsprogram for god stadutvikling, planlegging av og lån til nybyg- ging, informasjon rundt samarbeid om formidling av bustader og forsøk med kombinasjonar av startlån og grunnlån ved kjøp og utbetring av eldre bustader. Husbanken kan gi tilskot til slikt utviklingsarbeid over kapittel 581 Bolig- og bomil- jøtiltak i statsbudsjettet.

#### **2.3.5 Kulturlandskap er viktig for attraktive stader**

Regjeringa legg vekt på at miljøkvalitetar i land- skapet skal sikrast og utviklast gjennom auka kunnskap og medviten planlegging og arealpoli- tikk. Område som gror att med skog, må skjøttast, både med tanke på næringsbruk og rekreasjons- verdi. Endringsprosessane i landskapet vil bety mykje for framtidig næringsutvikling og busetjing. Landskapet er mellom anna ein sentral faktor i reiselivsutviklinga innanfor og nær nasjo- nalparkane og i natur- og kulturbasert reiseliv elles, jf. også kapitla 5.4 og 5.5.

Den europeiske landskapskonvensjonen tok til å gjelde frå 2004. Konvensjonen skal fremme vern, forvaltning og planlegging av landskap og organisere europeisk samarbeid om dette. Kon- vensjonen omfattar alt landskap, også by- og tett- stadslandskap. Miljøverndepartementet samar- beider med Landbruks- og matdepartementet om eigne program som skal følgje utviklinga i kultur- landskap i jordbruket innanfor arealstruktur, bio- logisk mangfald, kulturminne og tilgjengelegheit.

#### **2.4 Redusere avstandsulempene gjennom effektive samferdselsløysingar**

Ei hovudoppgåve for regjeringa er å føre ein sam- ferdselspolitikk som sikrar trygge og effektive samferdselsløysingar for folk og næringsliv i heile landet. Ein godt utbygd og vedlikehalden sam- ferdselsinfrastruktur med gode og landsomfat-

tande tilbod av transport-, post- og teletenester er viktig for folks velferd, verdiskaping og konkurransevne for næringslivet. Skal folk oppleve ein reell fridom til å busetje seg der dei ønskjer, må dei også ha tilgang til god transport, breiband og mobildekning. Særleg unge menneske opplever dette som grunnleggjande tenester. Store delar av norsk næringsliv er transportkrevjande og har som følgje av store avstandar og stadvis dårleg standard på vegnettet, store transportkostnader samanlikna med andre land.

Utbygging og drift av infrastruktur og samferdselstenester er ei særleg utfordring i eit langstrakt land med relativt få innbyggjarar og store avstandar mellom landsdelar og befolkningsenter. Regjeringa legg stor vekt på å redusere avstandsulempene og sikre eit likeverdig samferdselstilbod i alle delar av landet, tilpassa behov og utfordringar. Regjeringa legg også vekt på at befolkning og næringsliv i område med lågt folketal og små marknader ikkje må betale meir for marknadsbaserte samferdselsløysingar enn i meir folketette område med større marknader. Regjeringa ønskjer å styrkje satsinga på samferdsel monaleg i inneverande stortingsperiode for å nå desse måla.

#### **2.4.1 Betre transporttilbod som grunnlag for busetjing og næringsutvikling**

##### *Styrking av vegnettet*

Regjeringa meiner at godt utbygde vegar er nødvendig for å oppretthalde strukturen i busetnaden og redusere avstandsulemper for næringslivet. I bynære område ligg det ei særleg utfordring i å sikre eit tilfredsstillande kollektivtilbod. I område der kollektivtrafikken ikkje utgjer eit reelt transportalternativ, ligg utfordringa særleg i å sikre utbygging av eit godt vegnett og redusere flaskehalsar i transportsystemet.

Regjeringa legg vekt på at vegutbygginga mellom senter og mellom senter og omland skal medverke til regionforstørring, for å utvide og styrkje lokale arbeidsmarknader og tilgang på tenester for befolkning og næringsliv. Ein reduksjon av avstandskostnadene vil også kunne få landsdelane til å fungere betre som ei eining.

Regjeringa legg opp til å styrkje innsatsen i transportinfrastrukturen i statsbudsjetta i åra framover.

##### *Reduserte ferjeprisar og forsøk med gratis riksveg- og fylkesvegferjer*

Regjeringa ser på riksvegferjene som ein del av

vegnettet og ønskjer å redusere utgiftene for dei som nyttar desse.

Regjeringa vil i tråd med Soria Moria-erklæringa vurdere å betre gjeldande rabattordningar. I statsbudsjettet for 2006 blei det etter forslag frå regjeringa vedteke å redusere ferjeprisane ved å auke rabattane for sonekort for køyretøy med 40 klipp og verdikort ved elektronisk billettering. Regjeringa vil arbeide vidare med spørsmålet om å auke rabattsatsen ytterlegare.

Samferdselsdepartementet har sett i gang ei utgreiing for å sjå nærmare på ulike modellar med gratis ferjer i riksveg- og fylkesvegsamband, og korleis forsøk med gratis ferjer eventuelt bør bli innretta. Utgreiinga skal etter planen vere slutført i 2006. Regjeringa vil på grunnlag av denne utgreiinga vurdere konkrete tiltak i komande budsjett.

##### *Auka satsing på rassikring*

Ras og rasfare utgjer først og fremst eit tryggleiksproblem for dei som dagleg bruker transport som passerer rasutsette strekningar. I tillegg vil ras kunne vere eit problem for næringslivet i rasutsette område som baserer verksemda si på transport over land og som derfor er avhengig av gode og pålitelege kommunikasjonar. For regjeringa er derfor rassikring særleg viktig i eit distriktspolitisk perspektiv og vil blitt gitt høg prioritet.

##### *Taxi for buss*

Den lokale kollektivtransporten er fylkeskommunane sitt ansvar. Dei siste åra har etterspurnaden etter kollektivtransport gått ned utanfor dei største byane. Mange stader har den fallande etterspurnaden blitt møtt offensivt med utvikling av nye, alternative kollektivtilbod, som tenester med bestillingsbuss, «Heim for ein 50-lapp» og anropsstyrt trafikk og tilbringartransport med drosje som supplement til den vanlege kollektivtransporten. Samferdselsdepartementet er i ferd med å kartlegge dette tilbodet. Ein styrkt kommuneøkonomi vil gjere fylkeskommunane betre i stand til å auke omfanget av slike ordningar og sikre eit godt kollektivtilbod også utanfor dei største byane.

##### *Auka satsing på sykkelveggar*

Regjeringa vil i tråd med Soria Moria-erklæringa auke satsinga på sykkelveggar. Dette blir gjort for å betre trafikk situasjonen og tryggleiken for sykkli-

tane. I samband med NTP 2006–2015 blei det utarbeidd ein nasjonal sykkelstrategi som mellom anna hadde som mål at det skal bli tryggare og meir attraktivt å sykle. Regjeringa vil følgje opp dette og har gitt Statens vegvesen eit særskilt ansvar for å initiere og koordinere arbeidet for auka sykkelbruk. Ein sterkare sykkelinnsats må planleggjast og gjennomførast i eit nært samarbeid mellom Statens vegvesen, kommunane og fylkeskommunane.

#### *Reduserte skilnader i drivstoffprisar*

Soria Moria-erklæringa peikar på behovet for å medverke til å redusere skilnadene i drivstoffprisar i heile landet ved å gjeninnføre ei fraktutjamningsordning. Regjeringa vil vurdere dette spørsmålet nærmare i lys av erfaringar med tidlegare fraktutjamningsordningar, og også vurdere om det finst andre måtar å medverke til reduserte skilnader i drivstoffprisane på. På bakgrunn av ei slik vurdering vil regjeringa kome tilbake til spørsmålet om gjeninnføring seinare i perioden.

#### *Eit sikkert og godt flyrutetilbod i alle delar av landet*

Regjeringa vil i tråd med Soria Moria-erklæringa føre ein samferdselspolitikk som sikrar eit tidsmessig flytilbod i alle delar av landet.

Både dei større lufthamnene og dei regionale lufthamnene, i hovudsak kortbaneflyplassane, er ein viktig del av infrastrukturen i landet. Regjeringa vil oppretthalde dagens flyplasstruktur så sant det ikkje er eit uttrykt ønske lokalt om å leggje ned ein flyplass. Vidare skal ordninga med at overskotsflyplassar betaler for dei ulønnsame flyplassane vidareførast. Eit forslag til revidert forskrift om utforming av store flyplassar skjerpar krava til tryggingssområda rundt rullebanene. Formålet er å hindre tap av menneskeliv dersom eit fly sklir av rullebana. Krava kan bli særleg utfordrande å gjennomføre på kortbaneflyplassane. Regjeringa vil på ein eigna måte kome attende til Stortinget med ei vurdering av konsekvensane av krava.

For store delar av Distrikts-Noreg er flyrutene eit kollektivt transporttilbod som er avgjerande for at næringslivet og offentleg sektor skal fungere. Eit godt flyrutetilbod er også viktig for at ei distriktsnæring som turismen skal få utvikle seg vidare. Regjeringa vil vidareføre ordninga med at staten kjøper flyruter på dei regionale lufthamnene. I framtidige kjøpsrundar vil regjeringa sørge for eit godt rutetilbod og vurdere å leggje til rette for å redusere billettprisar til passasjerane. Neste kjøpsrunde omfattar Nord-Troms og Finn-

mark, der nye kontraktar etter planen skal ta til å gjelde frå 1. april 2007.

#### *Sikker og effektiv transport langs kysten*

Regjeringa legg vekt på å følgje opp måla i Soria Moria-erklæringa om å leggje til rette for sikker og effektiv transport langs kysten og om opprusting av hamnene for å leggje til rette for overføring av gods frå veg til sjø. Konkretiseringa av desse måla vil primært skje gjennom arbeidet med Nasjonal transportplan og dei årlege budsjettprosessane. Rammevilkåra for hamnene er elles til vurdering i samband med den pågåande revisjonen av lova om hamner og farvatn. Det er òg sett i gang arbeid med å utvikle stamnett for sjøtransport og å vurdere avgiftene i sjøtransporten.

Den venta auken i transport av olje og gass frå Barentshavet og Nordvest-Russland gir utfordringar knytte til sikker transport langs norskekysten. Det gir også potensial for utvikling av strategisk viktige hamner langs kysten i den såkalla Nordleg maritime korridor, som kan bli ein del av EUs system for Motorways of the Seas. Regjeringa vil følgje utviklinga i transporten nøye, både for å sikre tryggleiken og medverke til utnytting av nye potensial.

#### *Ny nasjonal transportplan*

Regjeringa vil ved årsskiftet 2008/2009 leggje fram ei stortingsmelding om nasjonal transportplan (NTP) for perioden 2010–2019. Meldinga skal leggje grunnlaget for heilskapelege politiske prioriteringar, effektiv verkemiddelbruk og styrking av samspelet mellom ulike transportformer, for å medverke til gode transportløysingar i alle delar av landet. Regjeringa legg vekt på at omsynet til distrikts- og regionalpolitiske mål skal vere ein sentral del av transportplanarbeidet, med vekt på å redusere avstandsulemper, fjerne flaskehal-sar og knytte arbeidsmarknader nærmare saman.

Regjeringa vil i arbeidet med ny NTP mellom anna fokusere på ei meir offensiv satsing på riksvegnettet utanom stamvegnettet og ei auka satsing på rassikring. Samferdselsdepartementet legg stor vekt på medverknad frå fylkeskommunar og storbyar for å få til gode og heilskapelege transportløysingar på tvers av forvaltningsnivåa. Det vil i større grad enn før bli lagt opp til å utnytte tidlegare arbeid i den komande prosessen, mellom anna fylkes(del)planar og eksisterande strategiske analysar på fylkesnivå. Det blir også lagt opp til å styrkje den politiske dialogen mellom departementa og fylkeskommunar/storbyar.

### 2.4.2 Sikre digital allemannsrett innan 2007

Regjeringa vil i tråd med Soria Moria-erklæringa medverke til at heile landet skal ha tilbod om å bli knytt til høghastigheitsnett innan utgangen av 2007. Det skal ikkje vere urimelege geografiske prisskilnader ved å knyte seg til breibandsnettet. Det offentlege skal gå inn med midlar for å medverke til å realisere utbygging i område der det kommersielt ikkje let seg gjere.

Noreg har eit godt utgangspunkt for ei vidare satsing på breiband og digital allemannsrett. Tal viser at 91 prosent av norske husstandar hadde høve til å få breiband ved utgangen av 2005. Alle kommunar har breiband, og alle fylke har ei estimert dekning på over 80 prosent av husstandane. I 2006 vil truleg opp til 95 prosent av husstandane ha tilbod om breiband til marknadsvilkår. Oslo er den kommunen med flest husstandar utan breiband. Dei 5 prosentane av husstandane som venteleg ikkje vil ha breibandsdekning ved utgangen av 2006, er spreidde over heile landet.

I arbeidet med å følgje opp måla for digital allemannsrett er det viktig at eventuelle tiltak blir avgrensa til dei områda som ikkje har eller kan få ei kommersiell utbygging. Den norske marknaden for breiband fungerer godt, og dei private utbyggjarane, kommunar og lokallag legg ned store summar i utbygging. Staten bør ikkje gripe inn i eksisterande marknadsmodellar. Ei forventning om bruk av store statlege midlar vil redusere utbyggjarane og kommunane sine insentiv til å investere eigne midlar i infrastruktur. Dette vil igjen føre til at staten må ta ein større del av utbygginga enn nødvendig.

Ei tverrdepartemental arbeidsgruppe arbeider med å konkretisere ulike modellar for korleis statlege tiltak for infrastrukturdekning kan skje, knytte både til aksess- og transportnett. Regjeringa legg i dette arbeidet vekt på at utbygginga skal vere både framtidsretta og skalerbar. Staten bør fremme ein teknologinøytral politikk. Det bør også leggjast til grunn ei tilnærming for å nå dei siste husstandane som i minst mogleg grad reduserer den marknadsdrivne utbygginga. Regjeringa vil kome nærmare tilbake til konkrete løysingar på desse spørsmåla i dei årlege budsjetta.

### 2.4.3 God mobildekning og digitalt bakkenett for fjernsyn i heile landet

*Betre mobildekning gjennom utbygging av mobilnettet*

Regjeringa har som mål å leggje til rette for utbyg-

ging av mobilnettet i dei områda der dekninga er for dårleg i dag.

Vanleg mobiltelefoni i Telenors nett (GSM-dekninga) dekkjer 99,8 prosent av befolkninga der dei bur. Dette dekkjer om lag 84 prosent av landarealet i Noreg. NetCom dekkjer 98,5 prosent av befolkninga der dei bur, og om lag 70 prosent av landarealet. For dei om lag 0,2 prosent av befolkninga som ikkje har mobildekning der dei

#### Boks 2.3 Utbygging av breiband gjennom regionale aktørar

Mange aktørar medverkar til utbygging av breiband i område der tilbodet gjennom marknaden ikkje er godt nok. Det gjeld både kommunar, fylkeskommunar og staten, og offentleg eigde verksemdar som regionale energiselskap.

I Troms har fylkeskommunen og kommunane gått saman og etablert Bredbåndsfylket Troms. Selskapet er organisert som eit aksjeselskap der kommunane i Troms og Troms fylkeskommune står som eigarar. Bakgrunnen for denne store regionale satsinga var at Troms blei hengande etter i utviklinga av breibandsutbygginga, der nasjonale operatørar, kraftselskap og andre moglege utbyggjarar ikkje såg seg tente med å gjere større investeringar. Eit samstemt fylkesting og alle kommunane blei derfor med i satsinga i 2003. Sidan oppstarten av prosjektet i 2003 har 90 prosent av den planlagde infrastrukturen kome på plass, og det er samla gjort investeringar på om lag 250 mill. kroner. I tillegg er det sett i gang prosjekt mot tilstøytande geografiske område som nordre Nordland og Norrbotten i Sverige. Det er også gjennomført utbygging i vestre del av Finnmark inkludert Alta og Hammerfest. Stamnettet er i dag knytt til alle kommunane i Troms, fylkeskommunale institusjonar, dei fleste grunnskolar, lokale aksessleverandørar og store nasjonale aktørar som Statnett, helseføretaka med fleire.

Nord-Trøndelag Elektrisitetsverk (NTE) legg opp til å investere mellom 50–80 mill. kroner til utbygging av breiband i Nord-Trøndelag. Dette vil innebere at nær 100 prosent av husstandane vil få tilgang på breiband innan utgangen av 2007. NTE legg opp til eit tett samarbeid med kommunar, bedrifter, idrettslag, velforeiningar, bygdelag og andre naturlege samarbeidspartnarar i utbyggingsarbeidet.

bur, vil Samferdselsdepartementet vurdere statleg kjøp av tenester for å betre dekninga. Det vil skje på grunnlag av nærmare utgreiingar av moglege løysingar og kostnader.

Mobildekninga er mangelfull langs ein del ferdssårer og vegar. Pågåande utbyggingar vil hjelpe på noko av dette. Heile stamvegnettet i Noreg vil vere dekt av Telenors mobilnett i 2006, eventuelt noko ut i 2007. I tillegg har Telenor nyleg auka dataoverføringskapasiteten betydeleg i sitt GSM-nett, noko som vil betre dekningstilhøva der det er dekning. Telenor vil også ta i bruk ny teknologi som vil medverke til å dekkje fleire av dei «kvite flekkene» som finst på kartet i dag. Samferdselsdepartementet vil ut frå dette vurdere nærmare behovet for statleg kjøp av tenester for å betre dekninga langs andre viktige ferdssårer der dekninga i dag er dårleg.

Det vil i praksis ikkje vere mogleg å oppnå 100 prosent GSM-dekning via eit bakkebasert mobilnett i Noreg for dei resterande 10 prosent av landarealet som vil mangle dekning i dei nærmaste åra, også etter innføring av ny teknologi. Hovuddelen av desse områda er aude fjellområde, skogsområde og elvar, ofte i naturvernområde og med ingen eller svært liten og spreidd busetnad. Omsynet til naturvern gjer at det ein del stader ikkje vil vere mogleg å oppføre nødvendig infrastruktur som straum og samband. I tillegg ønskjer ein del grunneigarar å unngå mobilmaster i nærmiljøet sitt.

#### *Utbygging av digitalt bakkenett for fjernsyn*

Tilgang på overføring av fjernsynssignal er, saman med tilgang på mobilnett og breiband, ein heilt sentral føresetnad for at folk skal oppleve å ha reell fridom til å busetje seg der dei ønskjer. Regjeringa har tildelt selskapet Norges Televisjon konsesjon til digitalt bakkenett for fjernsyn.

Dekningskrava i konsesjonen er utforma på ein slik måte at denne utbygginga inneber at tilnærma alle får eit digital-tv-tilbod. Det digitale bakkenettet vil ha 95 prosent befolkningsdekning. Ei signalpakke vil bli bygt ut med dekning i dei områda som på grunn av topografiske forhold ikkje blir dekte av satellitt. Saman med dei andre distribusjonsformene for digital-TV eller satellitt-distribusjon, breibands- og kabeldekning, gir dette tilnærma 100 prosent samla dekning.

Dette vil bety særleg mykje i område av landet som i dag ikkje kan ta inn andre kanalar enn NRK1. Samferdselsdepartementet vil søkje å leggje til rette for at desse områda blir prioriterte ved utbygging.

#### **2.4.4 Gode posttenester i heile landet**

Posttenestene er ei viktig brikke i infrastrukturen for å oppretthalde busetnaden og leggje til rette for næringsliv i heile landet. Den overordna målsetjinga på postområdet er å sikre eit landsdekkjande formidlingstilbod av postsendingar til rimeleg pris og til god kvalitet. Konsesjonen til Posten er det viktigaste styringsverktøyet for å sikre eit godt posttilbod i heile landet. Samferdselsdepartementet har starta arbeidet med ny konsesjon til Posten med sikte på å vedta denne i 2006.

Regjeringa vil sikre kravet om einskapsporto, mellom anna gjennom framleis einerett for Posten. Ein eigen Stortingsproposisjon om dette blei lagd fram i mai 2006.

Etter postdirektivet skal EU-kommisjonen i 2006 vurdere om postmarknaden i Europa skal opnast fullt ut for konkurranse i 2009. For Samferdselsdepartementet vil det vere sentralt at eventuell ytterlegare liberalisering seinare ikkje svekkjer krava til dei leveringspliktige tenestene, og at einskapsporto kan bli vidareført. Det vil òg vere viktig å sikre at postomdeling framleis skal kunne skje seks dagar i veka. Samferdselsdepartementet har i eit skriftleg innspel til Kommisjonen og i møte med EUs formannskap ytra skepsis til ytterlegare liberalisering av postmarknaden frå 2009. Samferdselsdepartementet vil halde fram med å fremme norske synspunkt overfor EU. Samferdselsdepartementet tek òg sikte på å samarbeide med andre land som er skeptiske til vidare liberalisering av postmarknaden. Samferdselsdepartementet arbeider for å påverke EUs arbeid, slik at eineretten kan oppretthaldast.

Samferdselsdepartementet har på bakgrunn av utviklinga i bruken av grunnleggjande banktenester i Postens nett, starta ei ekstern utgreiing for å vurdere det framtidige behovet for banktenester i Postens ekspedisjonsnett, jf. St.prp. nr. 1 (2005–2006). Deretter vil regjeringa ta stilling til om det er grunnlag for å føreslå endringar i den lovpålagde plikta Posten har om å tilby grunnleggjande banktenester i ekspedisjonsnettet. Regjeringa har som utgangspunkt at folk og næringsliv i heile landet skal vere sikra eit godt tilbod av grunnleggjande banktenester der dei bur.

#### **2.4.5 Nettleiga for straum skal jamnast ut over heile landet**

Regjeringa ønskjer i tråd med Soria Moria-erklæringa å medverke til at nettleiga for straum skal bli utjamna over heile landet.

Sidan 2000 har det over budsjettet til Olje- og energidepartementet vore ei statleg ordning for utjamning av nettleiga. Ordninga har som mål å medverke til å redusere skilnadene mellom nettleiga på landsbasis. Ordninga gir ein reduksjon av nettleiga for sluttbrukarar som er tilknytte distribusjonsnett i område av landet med dei høgaste overføringskostnadene. Ordninga blir administrert av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) og har låge administrative kostnader. Ordninga er treffsikker og fremmar målet på ein god måte utan å fjerne insentiva til nettselskapa for effektiv drift og låg nettleige.

I 2005 var nettleige for ein hushaldskunde med eit forbruk på 20 000 kWh i året i gjennomsnitt 24,5 øre/kWh eksklusiv forbruksavgift og meirverdiavgift. Lågast nettleige var 16 øre/kWh, medan den høgaste var 37 øre/kWh. Forbruksavgifta utgjer 12,56 øre/kWh (inkl. mva.). Dette gir såleis svært ulike kostnader for hushalda.

Reduksjonen i nettleiga som følgje av den statlege ordninga for utjamning av nettleiga er i gjennomsnitt på 3,9 øre/kWh. I 2006 utgjer løyvinga til saman 30 mill. kroner. I alt 13 nettselskap og om lag 47 000 straumkundar i Buskerud, Hordaland, Møre og Romsdal, Nordland, Rogaland, Sør-Trøndelag og Telemark er omfatta av ordninga.

Olje- og energidepartementet ser på ordninga som viktig for å sikre større geografisk utjamning i nettleiga, og legg opp til å vidareføre gjeldande utjammingsordning. Olje- og energidepartementet vil også vurdere alternative ordningar for utforming av nettleiga som kan medverke til å jamne ut nettleiga.

I tillegg vil regjeringa vidareføre den geografiske differensieringa i avgifter for Nord-Noreg. I Finnmark og Nord-Troms er det fritak for forbruksavgifta, og i dei tre fylka i Nord-Noreg er hushalda fritekne for meirverdiavgift.

## 2.5 Styrkje kompetansen for folk og næringsliv

Regjeringa legg vekt på å vidareføre eit desentralisert utdanningssystem og leggje til rette for meir og betre forskning i dei norske FoU-miljøa. Universitet, høgskolar og FoU-institutt utgjer saman med vidaregåande skolar ein kunnskapsinfrastruktur som er heilt sentral for nærings- og samfunnsutviklinga i Noreg. Universitet og høgskolar utgjer også viktige delar av arbeidsmarknaden der dei er plasserte, både i storbyområda og i mindre byar og bygdebyar.

Regjeringa legg stor vekt på den rolla dei ulike kunnskapsmiljøa spelar innanfor ein regionalt tilpassa utdannings- og innovasjonspolitik. Dei skal syte for utdanning og kunnskapsintensiv innovasjon både nasjonalt og regionalt. Regjeringa legg vekt på å utvikle og styrkje utdannings- og forskingsmiljøa i alle delar av landet, og at dette skjer på ein måte som også kan medverke til å utvikle regionale næringsmiljø.

### 2.5.1 Styrking av universitets- og høgskolesystemet

Regjeringa legg vekt på at systemet av universitet og høgskolar til saman fyller viktige nasjonale oppgaver innanfor utdanning og forskning. Dei er også viktige for tilgang på utdanna arbeidskraft og kompetanse i dei regionane der dei er lokaliserte. Erfaringa med utbygginga av Universitetet i Tromsø og dei regionale høgskolane på 60- og 70-talet viste at utdannings- og forskingspolitikken har viktige regionale verknader. Skilnadene i utdanningsnivå er blitt mindre fordi både ungdom og andre innbyggjarar i alle delar av landet har fått lettare tilgang til høgare utdanning. Regjeringa legg vekt på at denne utviklinga må vidareførast, og at desse verknadene skal utnyttast og styrkjast.

Høgskolane er hjørnesteinar for utdanning og forskning i ulike delar av landet med spesiell vekt på utviklingsbehovet i dei lokalsamfunna og i dei regionane dei er ein del av, og for dei yrka dei utdannar til. Dei er heilt sentrale for å sikre tilgang på kvalifisert personell i samband med satsinga på skole, barnehage og helse- og sosialsektoren. Gode høgskolar er også ein føresetnad for utvikling av kompetanse og nyskaping med utgangspunkt i arbeids- og næringsliv i områda dei er lokaliserte. Denne rolla er ein hovudgrunn for at ein stor del av kapasiteten i høgare utdanning er lagd og skal liggje i områda utanfor storbyregionane. Kunnskapsdepartementet legg stor vekt på at høgskolane samarbeider nært med regionale styresmakter og næringsliv om dette.

I fleire delar av landet samarbeider høgskolar, regionale styresmakter og næringsliv for at den regionale høgskolen skal få universitetsstatus, på linje med etableringa av Universitetet i Stavanger. Kunnskapsdepartementet ser positivt på at høgskolane blir fagleg sterke på ulike fagområde. Samtidig bør ikkje målet om å bli universitet dreie fokus bort frå grunnutdanning, etter- og vidareutdanning og andre primæroppgaver. Smale forskarutdanningsopplegg kan vere sårbare for endringar i rekruttering av både studentar og tilsette.

I så fall kan forskarutdanninga gi innbyggjarane eit dårlegare studietilbod og svekkje institusjonane snarare enn å styrkje dei.

Regjeringa meiner det er viktig at dei regionale høgskolane er robuste nok til å evne å omstille seg og til å møte nye krav. Berre da kan dei vere sentrale i arbeidet for regional utvikling, i samarbeid med regionale og lokale aktørar, og slik medverke til å løyse lovpålagde oppgåver som å formidle forskingsresultat og fremme innovasjon og verdiskaping. Det tilseier at dei bør ha stor grad av handlefridom i høve til sentrale styresmakter, slik det også er lagt opp til i finansieringssystemet for universitet og høgskolar frå 2002, og dei fullmaktene dei har gjennom lova om universitet og høgskolar.

Innanfor dagens universitets- og høgskolesystem har storbyregionane, og særleg Osloregionen, ei stor overvekt av studentar i høve til lokalt søkjargrunnlag. Dette påverkar utviklinga i busetjingsmønsteret ved at unge med høgare utdanning ofte slår seg ned der dei tek utdanning, og gir storbyregionane ein ekstra fordel ved direkte økonomiske ringverknader og stor tilgang på utdanna arbeidskraft samanlikna med andre regionar.

Kvalitetsreforma blir no evaluert. I denne prosessen blir også verknadene av finansieringssystemet studert. Stortinget har bede om at resultatane av evalueringa blir vurderte og lagde fram for Stortinget.

Regjeringa vil sjå på korleis Kvalitetsreforma og finansieringssystemet påverkar utviklinga i høgskole- og universitetsstrukturen, og om studietilbod og studenttilgang kan bli spreidde betre enn i dag både med omsyn til ringverknader og behova til regionalt samfunns- og næringsliv. I tillegg vil det bli vurdert korleis finansieringssystemet kan medverke til å styrkje koplinga mellom universitet/høgskolar og næringsliv i ulike delar av landet, som del av den tredje oppgåva til universiteta og høgskolane.

### **2.5.2 Vurdere finansieringssystemet for desentralisert utdanning**

Det er eit mål for regjeringa at heile befolkninga skal ha lik sjanse til å ta høgare utdanning. Dette inneber at det i tillegg til det ordinære studietilbodet på lærestadene bør bli gitt tilbod som lettare enn i dag kan nå innbyggjarar i distriktskommunar. Det kan skje gjennom fjernundervisning, kombinert med samlingar, og ved desentraliserte opplegg som kan skifte over tid.

Den resultatbaserte undervisningskomponen-

ten i det nye finansieringssystemet frå 2002 gir institusjonane insentiv til å tilby utdanningstilbod på fleire studiestader for å utvide studentgrunnlaget og på den måten avleggje fleire studiepoeng. Dette har ført til at ei rekkje høgskolar har oppretta desentraliserte tilbod i sin region. Høgskolane har også ei etter måten høg basisløyving samanlikna med universiteta. Dette gjer høgskolane meir robuste overfor svingingar i studenttal enn det universiteta er. Studentar kan også i stor grad følgje undervisningsopplegg og levere oppgåver elektronisk uavhengig av fysisk nærleik til sjølve utdanningsinstitusjonen.

Desentralisert utdanning inneber likevel også ofte meirkostnader for institusjonane. Over statsbudsjettet har det derfor over fleire år blitt løyvd midlar til dette formålet. I budsjettet for 2006 blei det løyvd 16,7 mill. kroner. I fordelinga av midlar til institusjonane er det mellom anna lagt vekt på omfanget av desentraliserte og fleksible utdanningstilbod ved kvar enkelt høgskole.

Kunnskapsdepartementet vil i tråd med Soria Moria-erklæringa vurdere korleis finansieringsordninga kan fremme desentralisert høgare utdanning. Dette vil skje på grunnlag av evalueringa av Kvalitetsreforma, jf. kapittel 2.5.1 ovanfor.

### **2.5.3 Auka satsing på forskning og vidareutvikling av regionale forskingsmiljø**

Forskning og kunnskap basert på forskning har alltid vore ei sentral kjelde til økonomisk vekst. Både næringsliv og offentleg sektor har auka behov for kunnskap. Den norske forskingsinnsatsen har auka dei siste åra, men det kjem ikkje til syne i prosentmålet på grunn av sterk auke i nominelt BNP. Regjeringa følgjer opp ambisjonen i forskingsmeldinga om å auke innsatsen til tre prosent (éin prosent offentleg og to prosent privat) av BNP innan 2010. For å sikre verdiskapinga i framtida må særleg næringslivet satse meir på forskning.

Den offentleg finansierte forskinga skal bli styrkt gjennom auka løyvingar til universitet, høgskolar og forskingsinstitutt. I tillegg vil regjeringa satse på tiltak og verkemiddel som meir direkte stimulerer til forskingsinnsats i næringslivet, og vurdere styrking av etablerte verkemiddel, betre innretting av verkemidla eller innføring av nye.

Forskning er viktig for regional utvikling. Det er store regionale skilnader i FoU-innsatsen. Innsatsen er i stor grad knytt til storbyane. Om lag 70 prosent av FoU-aktiviteten skjer i Oslo, Akershus,

Hordaland og Sør-Trøndelag og er knytt til institusjonane i storbyregionane. Dersom vi berre ser på FoU-aktivitet i universitets- og høgskolesektoren, er konsentrasjonen enda sterkare. Dei tunge kompetansemiljøa i desse områda spelar viktige roller for utviklinga i nærings- og samfunnslivet i alle delar av landet. Det er viktig å vidareutvikle ordningar som gjer at nytten av denne forskinga kjem ulike delar av landet til gode. Det er også eit mål å få betre geografisk spreiding av både privat og offentleg FoU-aktivitet. Det vil mellom anna bli vurdert tiltak for å stimulere til auka privat forskingsinnsats i område med låg innsats.

Kunnskapsdepartementet finansierer forskingsprosjekt spesielt retta mot statlege høgskolar. Strategiske høgskoleprosjekt skal gi høgskolane sjanse til å byggje opp forskning og forskingskompetanse av høg kvalitet. Fleire departement samarbeider også om å finansiere program som skal stimulere til samarbeid mellom høgskolar og næringslivet. Regjeringa vil vidareføre og styrkje slike forskings- og programsatsingar og legg vekt på at dei skal bli utforma mellom anna for å stimulere til regional utvikling.

Forskningsrådet arbeider med å samordne

fleire program og innsatsar retta mot regional FoU og innovasjon i samanheng for å styrke FoU i og for regionane og mobilisere til auka FoU-innsats i næringsliv og forvaltning, jf. omtale i kapittel 4.2. Forskningsrådet er også i gang med å etablere ei samla oversikt over ulike forskingsprogram og -innsatsar retta mot forskning i og om nordområda med sikte på betre samordning. Kunnskapsdepartementet vil vurdere tiltak som kan medverke til å auke forskingsaktiviteten i Nord-Noreg, jf. også omtalen i kapittel 5.6 om Barents 2020.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet gjennomfører Forskningsrådet no også ein gjennomgang av finansieringsordninga for heile instituttsektoren. Gjennomgangen skal vere ferdig i 2006. I den samanhengen vil også finansieringa av dei regionale forskingsinstitutta bli vurdert.

#### 2.5.4 Evaluering av Skattefunn

Regjeringa vil vidareføre og evaluere ordninga med Skattefunn der føretak kan få skattefrådrag for kostnader til forskning og utvikling (FoU). Formålet er å stimulere til auka FoU-innsats i

#### Boks 2.4 Regionalt samarbeid om utvikling av forskings- og kompetansemiljø

I mange fylke er sentrale aktørar opptekne av å få til sterke regionale forskingsmiljø og betre koplingar og tettare samarbeid mellom FoU-miljøa og næringslivet. Møre og Romsdal er eit døme på dette.

##### *Utvikling av sterke regionale forskingsmiljø*

Møre og Romsdal fylke er opptekte av å medverke til samarbeid og samspel mellom regionale kunnskapsmiljø og offentlege og private aktørar, for å fremme eit meir konkurransedyktig og robust, regionalt forskingsmiljø. Fylket ser på tettare eigarmessig integrasjon mellom høgskolane og Møreforskning som eit viktig grunnlag for å få til dette. Fylkestinget har derfor vedteke å endre organisasjonsstrukturen til Møreforskning frå å vere ei stifting til å bli eit aksjeselskap, der dei tre høgskolane og Møre og Romsdal fylke er aksjonærar. Målsetjinga er at ein slik organisasjonsmodell skal gi ein meir heilskapleg og felles forskingspolicy som grunnlag for ei vidare og meir målretta satsing på dei komparative utviklingsfortrinna i fylket. Fylket vil også tilføre 12 mill. kroner frå sitt kompetan-

sefond til Møreforskning AS for å styrkje prioriterte forskingsområde som er regionalt viktige.

##### *Samarbeid mellom FoU-miljøa og næringslivet*

Måla med prosjektet Biotech Møre, som starta i 2002, er å styrkje Møreforskning og Høgskolen i Ålesund som kompetansesenter innanfor marin bioteknologi, og å vidareutvikle samarbeidet med regionalt næringsliv gjennom næringsretta forskning og undervisning. Dei første studentane er allereie tekne opp på bachelorstudium i marin bioteknologi, og det blir arbeidd aktivt med å etablere eit mastergradsstudium ved høgskolen. Eit interessant resultat så langt er forsøk som viser grunnlag for betre økonomi ved samlokalisering av blåskjel- og torskeoppdrett. Eit anna førebels resultat er identifisering av ei næringsklyngje innanfor marine oljar. Aktørane i klyngja meiner det er eit stort potensial for vekst og styrking gjennom samarbeid med FoU-miljøet i Ålesund. Her er det store marknadsmoglegheiter både innanfor legemiddel- og foredlingsindustrien.

næringslivet. Regjeringa er oppteken av at ordninga skal vere mest mogleg tilgjengeleg. Den første vurderinga av prosjektsøknaden blir derfor gjort av lokalkontora til Innovasjon Noreg for å leggje til rette for at føretaka skal ha nærleik og enkel tilgang til ordninga.

Skattefunnordninga er ikkje geografisk differensiert. Ordninga kan likevel ha ulik effekt i ulike delar av landet. Det er kystfylka frå Aust-Agder til Troms som har den største delen av føretaka som har godkjent Skattefunn-prosjekt med aktivitet i 2005. Austlandet og Finnmark ligg derimot under gjennomsnittet. Det viser at dei regionale skilnadene i bruken av Skattefunn ikkje følgjer ein klar distriktsprofil.

Det er sett i gang ei evaluering av ordninga som mellom anna skal omfatte ein analyse av i kva grad ordninga faktisk fører til auka FoU-innsats i bedriftene. I tillegg skal evalueringa sjå Skattefunn i samheng med andre verkemiddel. Ein delrapport om vurderinga til brukarane viser at Skattefunnordninga er godt kjend. Dessutan blei alle føretaka med Skattefunnsøknad, både dei med godkjend og avslått søknad, spurde om prosjekta ville blitt gjennomførte uavhengig av Skattefunnordninga. Svara viser at dette i stor grad ville ha skjedd. Men frå Nord-Noreg svarte kvart tredje føretak at prosjektet ikkje blir eller blei gjennomført utan støtte, noko som er klart høgare enn for andre regionar. Når relativt mange føretak i Nord-Noreg gir uttrykk for at støtta er avgjerande for gjennomføring av FoU-prosjekt, kan det tyde på at ordninga i dag har større effekt for Nord-Noreg enn resten av landet.

## 2.6 Gode helsetilbod i alle delar av landet

Regjeringa legg vekt på at helse- og omsorgstenestene i Noreg skal vere desentraliserte, tilgjengelege og av høg kvalitet. I OECD-samheng er ressursbruken i Noreg no på eit svært høgt nivå, og Noreg er blant dei landa i verda som bruker mest ressursar per innbyggjar til helse- og omsorgstenester. Likevel står det att viktige utfordringar. Til dømes er det behov for ein større heilskap og ei betre samhandling mellom dei mange aktørane og nivåa i helse- og omsorgstenesta.

I tråd med Soria Moria-erklæringa vil regjeringa oppretthalde eit desentralisert sjukehusstilbod, som mellom anna sikrar tilgang til naudsynte helsetenester som til dømes fødetilbod. Nærleik til akuttfunksjonar i samspel med prehospitale tenester gjennom fly- og ambulansetenester er

grunnleggjande for at folk skal kjenne seg trygge. Velfungerande lokalsjukehus er eit heilt sentralt element i den samla norske helsetenesta, og ingen lokalsjukehus skal leggjast ned. Det blir no arbeidd med å utvikle heilskaplege strategiar for lokalsjukehusa. Den vidare plattformen for utviklinga vil bli presentert i Nasjonal helseplan (2007–2010), som blir lagd fram av regjeringa hausten 2006.

Regjeringa legg vekt på at lokalsjukehusa må ha høg kvalitet for å vere ein attraktiv stad som folk søker til, og arbeidet med ei formålstenleg arbeidsdeling mellom sjukehusa skal derfor halde fram.

Det skjer i dag eit viktig arbeid i helseføretaka med å desentralisere spesialisthelsetenester i eit samspel med kommunehelsetenesta, også til stader utan sjukehus. Dette skjer mellom anna gjennom ambulante tilbod og samlokaliserte tilbod med distriktsmedisinske senter, sjukestover og desentraliserte poliklinikkar. Gjennom dette får folk tilgang til viktige spesialisthelsetenester i nærleiken av der dei bur, og dei slepp å reise langt til sjukehusa.

Det er eit mål at helseføretaka utviklar tilgjengelege tilbod av høg kvalitet. Ein annan suksessfaktor er om helseføretaka klarer å utvikle samhengande behandlingsskjeder med andre sjukehus og med førstelinja i helsetenesta. Blant desse suksessfaktorane er høg kvalitet kanskje det aller viktigaste for at lokalsjukehusa framleis skal vere ein attraktiv stad som folk søker til.

I Soria Moria-erklæringa vart det lagt vekt på å vidareføre arbeidet med ei betre arbeidsdeling mellom sjukehus, og at betre arbeidsdeling fremmar kvaliteten i pasientbehandlinga. Helse- og omsorgsdepartementet vil utvikle lokalsjukehusfunksjonen, betre kvaliteten i tenesta og få til meir og betre samhandling med førstelinja. Dette er viktige tiltak i ein debatt om lokalsjukehusa sine framtidige funksjonar og vil bli reflekterte i styringskrava som går til regionale helseføretak.

Akuttberedskap består av medisinsk beredskap, kirurgisk beredskap og gode prehospitale tenester. Organiseringa av akuttberedskap må baserast på moderne behandlings- og transportformer, og ein vil arbeide for likeverdig kvalitet på akutttenesta uavhengig av bustad. Helse- og omsorgsdepartementet legg også vekt på at det skal vere ei forsvarleg ambulanseteneste med god kvalitet og kompetanse over heile landet og med god beredskap og forsvarleg responstid ved akutte sjukdommar og ulykker.

## 2.7 Lokaliseringspolitikk og arbeidet med forvaltningsreforma

### 2.7.1 Ein aktiv lokaliseringpolitikk

Regjeringa meiner lokalisering av statlege, regionale og kommunale arbeidsplassar bør nyttast aktivt for å tilføre lokalsamfunn og regionar nye utviklingsressursar i form av arbeidsplassar, kompetanse og større fagmiljø. Utviklinga i geografisk fordeling av statlege arbeidsplassar dei siste 20 åra viser ei sentralisering av sysselsetjinga med størst vekst i Osloregionen og i landsdelssentra. Samtidig har talet på arbeidsplassar gått ned i småsenterregionar og i område med spreidd busetnad.

Regjeringa ønskjer å snu denne utviklinga. Dette inneber mellom anna at lokalisering av ny statleg verksemd skal skje utanfor Oslo, med mindre det ligg føre særskilde grunnar for å lokalisere dei til Oslo. Ved val av lokaliseringsstad vil det bli lagt vekt på at den nye verksemda skal medverke til å styrkje allereie etablerte regionale nærings-, kompetanse- og forvaltningsmiljø eller medverke til å byggje opp nye. Regjeringa vil også vurdere å bruke lokalisering av statlege arbeidsplassar som verkemiddel for å skape vekst og ny optimisme i omstillingsområde der dette er naturleg.

Det er fagdepartementa som i første rekkje har ansvaret for å følgje opp den statlege lokaliseringspolitikken. Kommunal- og regionaldepartementet har eit særskilt samordningsansvar for arbeidet med den regionale fordelinga av statlege tenester og arbeidsplassar, medan Fornyings- og administrasjonsdepartementet har eit særskilt ansvar for organiseringa av den regionale staten. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har også det overordna ansvaret for den statlege personalpolitikken og for at endringsprosessar skjer på ein slik måte at dei tek omsyn både til staten sitt krav til effektivisering og arbeidstakarane sitt behov for tryggleik.

Gode lokale og regionale offentlege tenestetilbod er ein vesentleg føresetnad for å halde oppe eit desentralisert busetjingsmønster. Statlege verksemdar er også viktige som grunnlag for tilbod om arbeidsplassar i den lokale arbeidsmarknaden. Kommunal- og regionaldepartementet og Fornyings- og administrasjonsdepartementet skal derfor informerast om planlagde og pågåande endringsprosessar i høve til den regionale statsforvaltninga, slik at ein kan få ei brei vurdering av aktuelle lokaliseringsspørsmål i lys av distrikts- og regionalpolitiske mål og utfordringar.

### 2.7.2 Evaluering av gjennomførte utflyttingar av statlege verksemdar

Regjeringa er oppteken av å auke kunnskapen om effektar av utlokalisering av statlege arbeidsplassar. Rogalandforskning har i ei tidlegare evaluering vurdert verknader av flytting av statlege verksemdar frå Osloområdet. Evalueringa peiker mellom anna på at utlokaliseringane har medverka til å byggje opp kompetente og profesjonelle fagmiljø utanfor hovudstadsregionen. I mange tilfelle løysar dei utflytta verksemdene oppgåvene sine på ein både betre og mindre kostnadskrevjande måte enn før utlokaliseringa. Samtidig har dei regionale effektane vore større enn dei nasjonale fordelingsseffektane.

Utflyttinga av åtte tilsyn med nærmare 900 arbeidsplassar frå Oslo er den klart største utflyttinga av statlege arbeidsplassar frå Oslo dei seinare åra. Fornyings- og administrasjonsdepartementet meiner det er viktig å setje i gang breie evalueringar av desse utlokaliseringane for å synleggjere både kostnader og nytteeffektar av utflyttingane, og legg opp til å starte dette evalueringsarbeidet i 2007.

Fleire andre land, mellom anna Storbritannia og Sverige, har lang erfaring i å lokalisere statlege verksemdar utanfor dei største pressområda. Dette har skjedd både ved utflytting av eksisterande verksemdar og ved lokalisering av ny verksemd. Storbritannia har planar om å flytte ut 20 000 statlege arbeidsplassar frå London innan 2010. Kommunal- og regionaldepartementet vil sjå nærmare på kva for erfaringar andre land har med utflyttingar av statlege arbeidsplassar, og om nokre av desse erfaringane kan overførast til Noreg.

### 2.7.3 Organiseringa av regional statleg forvaltning

Den regionale statsforvaltninga utgjer om lag 40 ulike verksemdar som har oppgåver innanfor ein avgrensa del av landet, over kommunenivå. Dei seinare åra har den statlege regionforvaltninga vore gjennom omfattande endringar. Utviklinga har ikkje berre vore kjenneteikna av tiltak for å samordne regional statsforvaltning gjennom å integrere statsetatane i fylkesmannsembeta, men også av auka fragmentering. Dette kjem til uttrykk ved at ei rekkje statlege etatar har endra den geografiske administrative inndelinga. Heile 29 verksemdar har endra organisering på regionalt nivå sidan 1997. Medan fylket tidlegare var den dominerande inndelingsmåten, er det i dag

berre 7 av dei 40 verksemdene som har regionar som er samanfallande med fylkesgrensene. Talet på regioneiningar varierer frå 2 til 17, men dei fleste er inndelte i 5 eller 6 regionar.

Bakgrunnen for at det har vore særskilt mange inndelingsreformer dei seinare åra, må sjåast i samanheng med dei generelle endringane i styrings- og organisasjonsformer i staten i den same perioden. Den direkte politiske styringa og dermed høve til å koordinere mellom ulike sektorar har blitt redusert. Mål- og resultatstyring og auka delegering inneber at kvar sektor har fått større fridom til å velje den organiseringa som er mest tenleg ut frå oppgåveløysinga på eige område. Samtidig har etablering av selskap, stiftingar og andre sjølvstendige organisasjonsformer endra vilkåra for demokratisk styring på desse områda ved at det ikkje lenger er ei ubroten styringslinje. Endra statlege organisasjonsformer har også gjort forvaltningsstrukturen regionalt meir kompleks. Det er ei aukande forståing for at denne liberale styringsfilosofien inneber utfordringar i høve til å koordinere og samordne ulike sektorområde. Ikkje minst gjeld dette på det regionale nivået, der utfordringane med samordning er særleg store.

Ei undersøking som Statskonsult gjennomførte i 2004, indikerer at både fylkesmennene, fylkeskommunane, kommunane, innbyggjarar og næringslivet opplevde at den differensierte inndeling av statleg verksemd dels skaper utfordringar og dels direkte problem. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har derfor fått gjennomført ei undersøking i regi av Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) som skal tydeleggjere kva samordningsproblem som den fragmenterte inndeling av statleg verksemd eventuelt gir. Undersøkinga har særleg lagt vekt på å vurdere konsekvensar av samarbeid og kontakt mellom kommunane og regional statsforvaltning, samarbeid og kontakt mellom regional stat og fylkeskommunane og kontakt mellom statlege styresmakter regionalt og publikum/næringsliv/frivillige organisasjonar.

På bakgrunn av resultatane frå undersøkinga vil Fornyings- og administrasjonsdepartementet sjå nærmare på moglege løysingar og tiltak, som samordningsmekanismer på ulike nivå, for å redusere eventuelle problem som følgje av ulik organisering regionalt. Undersøkinga vil også bli nytta i arbeidet med stortingsmeldinga om forvaltningsreforma hausten 2006.

Stortingsmeldinga om forvaltningsreforma vil sjå på oppgåvedeling mellom dei ulike forvaltningsnivåa. Dette vil danne grunnlaget for den

vidare vurderinga av inndeling av regional stat og ei omorganisering av fylkesmannsembeta. Regjeringa legg vekt på å ha ein brei, open og inkluderande prosess i samband med endringar som følgjer av forvaltningsreforma, ikkje minst overfor alle verksemdar og tenestemenn som blir omfatta av reforma.

Sjølv om arbeidet med forvaltningsreforma er viktig, kan dette likevel ikkje binde opp alt anna fornyingsarbeid i statleg forvaltning som kan få konsekvensar for den regionale organiseringa. På denne bakgrunnen legg Regjeringa derfor ikkje opp til å innføre ein generell og mellombels stans i regionaliseringsprosessane i statleg sektor. Regjeringa vil likevel vurdere nøye kvart enkelt forslag til endringar av regional organisering i høve til arbeidet med og innretninga av forvaltningsreforma.

## 2.8 Samfunnsplanlegging for samordning og differensiert politikk

### 2.8.1 Endringar i plan- og bygningslova

Lokal og regional planlegging er ein viktig føresetnad for å føre ein velfungerande distrikts- og regionalpolitikk. Det er derfor viktig å styrkje planlegging som politisk verktøy. Det er vanskeleg å få til ei ønskt og bevisst utvikling utan planlegging og målmedviten styring.

Planlegging etter plan- og bygningslova skjer i opne, demokratiske prosessar. Miljøverndepartementet ønskjer å medverke til auka og betre plankompetanse i kommunar og fylke/regionar, for at den lokale og regionale planlegginga skal fungere godt som reiskap for å setje i verk lokal, regional og nasjonal politikk.

Miljøverndepartementet arbeider med endringar i plan- og bygningslova som vil innebære nye retningslinjer for lokal og regional planlegging. Plansystemet skal spegle det nasjonale styringsystemet, og lovarbeidet skjer parallelt med arbeidet med forvaltningsreforma. Miljøverndepartementet tek sikte på at lovforslaget vil vere klart til behandling i Stortinget i 2007.

Viktige tema som det er aktuelt å vurdere i lovarbeidet, er:

- Rammer for regional planlegging, med vekt på å sikre tidleg ope samarbeid og forpliktande medverknad frå kommunane og staten i utforminga og gjennomføringa av politikken som blir lagd i planane.
- Prosedyrar for å avklare usemje i vesentlege spørsmål mellom regionale planstyresmakter

og statlege interesser, også spørsmålet om sentral godkjenning av planar.

- Korleis statlege interesser og verkemiddel kan bli utvikla i eit meir forpliktande og betre organisert samarbeid med andre aktørar gjennom lokal og regional planlegging.

### 2.8.2 Planar for regional utvikling

Regjeringa ser på regional planlegging som eit viktig verkemiddel for regional utvikling og som ein viktig føresetnad for å føre ein velfungerande distrikts- og regionalpolitikk. Miljøverndepartementet ønskjer at staten i samarbeid med ulike aktørar som fylkeskommunane, regionale statlege etatar, kommunane og næringsorganisasjonar skal medverke meir aktivt i oppstart, metodeutvikling og opplegg for fylkesdelplanar/regionale utviklingsplanar og program innanfor ramma av plan- og bygningslova. Planane og programma skal avklare den overordna strukturen eller nettverket av byar og tettstader i regionen, infrastruktur, LNF-område, vassforvaltning og verdfulle kulturlandskap og kan omfatte fleire fylke. Planane vil vere ein viktig reiskap i å profilere og utvikle regionen innanfor næringsverksemd, kultur- og stadutvikling og landskapsvern. Dei strategiane som blir trekte opp i regionale utviklingsplanar, vil vere viktige innspel til nasjonale transportplanar og vurdering av behovet for investeringar i infrastrukturen, for lokalisering av større verksemdar og for kommuneplanar.

Det vil mellom anna vere aktuelt å utarbeide regionale planar for:

- *Dei nasjonale villreinområda*. Slike planar skal avgrense leveområda til villreinen i høve til ferdsel, kulturminne, hytter, næringsutvikling og busetnad i og utanfor desse leveområda.
- *Småkraftverk*. Slike planar skal leggje til rette for utbygging av miljøvennleg småkraft gjennom å styrkje vurderingsgrunnlaget og få fram til konsesjonsbehandling dei prosjekta som i minst mogleg grad er i konflikt med miljø og andre samfunnsinteresser. Planane skal innehalde kartlegging og systematisering av miljøverdiar og inngå i grunnlaget for konsesjonsbehandling.
- *Vindkraft*. Slike planar skal leggje til rette for utbygging av miljøvennleg vindkraft gjennom å styrkje vurderingsgrunnlaget og få fram til konsesjonsbehandling dei prosjekta som i minst mogleg grad er i konflikt med miljø og andre samfunnsinteresser. Planane skal inngå i

grunnlaget for behandling av konsesjons-søknad og reguleringsplanar for tiltaka.

- *Areal og transport*. Slike planar skal leggje lang-siktige rammes for investeringar i infrastrukturen, klargjere utbyggingspotensial for bustad- og næringsutviklinga innanfor byggjesona, vurdere kollektivtrafikktilbodet og sjå nær-mare på grensa mellom landskap og busetnad.
- *Planar for forvaltning av vassressursar*. Slike planar skal følgje opp EUs rammedirektiv for vatn.

### 2.8.3 Ein differensiert arealpolitikk

Regjeringa legg vekt på at rammene for bruk og vern av areal og arealressursar blir tilpassa utfordringane i ulike delar av landet. Distriktskommissjonen rår til at det blir lagt til rette for regionale tilpassingar og prioriteringar innanfor arealvern og bruk av arealressursar. Dette er knytt til utforming og praktisering av både plan- og bygningslova og av statlege retningslinjer og føringar for gjennomføring av nasjonal politikk på ulike område.

Planlovutvalet legg opp til at lovverket bør vere det same for heile landet, men samtidig ope og rammeprega, med rom for regionale skilnader. I oppfølginga av arbeidet i planlovutvalet vil Miljøverndepartementet vurdere korleis utforminga av lov- og regelverket i plan- og bygningslova kan medverke til å sikre behovet for ein geografisk differensiert politikk.

Regjeringa legg vekt på at statlege retningslinjer for å gjennomføre nasjonal politikk blir utforma og praktisert på ein måte som er tilpassa geografiske variasjonar i utfordringar i høve til dei nasjonale måla.

Eit døme på dette er forvaltninga av strandsona. Regjeringa går inn for å stanse nedbygginga av strandsona. Det blir lagt opp til ei sterkare geografisk differensiering i retningslinjene, der vernet er strengare i område med sterk konkurranse om strandsona enn i område med lite press. Retningslinjene skal konkretiserast gjennom utarbeiding av planar.

God plass og store areal er eitt av konkurransefortrinna som distriktskommunane har når dei vil auke busetjinga, jf. også døma i kapittel 2.3.3. Ein meir differensiert arealpolitikk kan gjere det lettare for distriktskommunar å leggje ut store attraktive bustadtomter og relativt spreidd bustadbygging i område med lite utbyggingspress eller å leggje ut område for til dømes rural reiselivsnæring. Føresetnaden er at avgrensingane skjer

gjennom kommuneplanprosessar som byggjer på kunnskap om verdiar og interesser i området. Regjeringa vil aktivt arbeide for å få til ein slik geografisk differensiert arealpolitikk.

NIBR arbeider med å sjå på om rurale bustadtomter påverkar befolkningsstrukturen i distriktskommunar i pendlingsområdet til store bysenter.

Prosjektet har fokus på korleis ulike rurale bustadstrategiar påverkar flyttinga til kommunane, og korleis plansystemet fungerer når kommunane ønskjer å utvikle ein rural bustad- og arealpolitikk. Prosjektet blei starta i 2005 og blir avslutta i 2007.

### 3 Gjeninnføring av differensiert arbeidsgivaravgift

Dette kapitlet handlar om nye retningslinjer for regionalstøtte innanfor EU/EØS-området og om verknadene av at det nye regelverket no opnar for gjeninnføring av den differensierte arbeidsgivaravgifta i store delar av landet. Retningslinjene for regionalstøtte legg også rammene for utforming og innretning av nytt distriktpolitisk virkeområde for investeringsstøtte, som er omtalt i kapittel 7.1.

Regjeringa meiner differensiert arbeidsgivaravgift er det viktigaste distriktpolitiske verkemidlet. Ordninga har sidan innføringa vore svært treffsikker og effektiv for å nå målet om auka selssetjing og busetjing i alle delar av landet. Ordninga er også eit ubyråkratisk verkemiddel med enkel administrasjon, som har brei oppslutning både blant folk flest, politikarar, næringsliv og fagekspertar. Gjeninnføring av differensiert arbeidsgivaravgift er såleis den viktigaste distriktpolitiske saka for regjeringa i år.

#### 3.1 Nye retningslinjer for regionalstøtte innanfor EU/EØS-området

EU-kommisjonen og EFTAs overvakingsorgan, ESA, har vedteke nye retningslinjer for regionalstøtte for høvesvis EU- og EFTA-landa, som skal gjelde frå 1. januar 2007 til 31. desember 2013. Retningslinjene set rammer for kva landa kan gi av regionalt grunnlagt statsstøtte til næringslivet. Noreg har vore aktiv for å påverke innhaldet i dei nye retningslinjene for å sikre norske interesser best mogleg, mellom anna gjennom dialog med Kommisjonen. Dei to viktigaste sakene for Noreg har vore

- å arbeide for at differensiert arbeidsgivaravgift blei tillaten
- å sikre fleksibilitet og handlingsrom når det gjeld utforminga av det generelle distriktpolitiske virkeområdet

##### 3.1.1 Hovudpunkt i det nye regelverket

Det har vore eit viktig mål for EU-kommisjonen å få til ein generell reduksjon av statsstøtte som pro-

sentvis del av BNP, og samtidig ein meir målretta bruk av støtta. Regionalstøtte vil i hovudsak berre bli tillaten i dei fattigaste landa i EØS-området, og i samband med visse overgangsordningar og i mindre avgrensa område med spesielle utfordringar, som til dømes område med låg folketettleik. Dette gir ein vesentleg reduksjon i omfanget av det geografiske virkeområdet for regionalstøtte i mange av EUs medlemsland. Mange regionar i land som i dag blir omfatta av regelverket, fell ut i det nye regelverket. Noreg vil vere det einaste landet i EØS som får auka sitt «tak» for folketal som grunnlag for virkeområdet.

Kommisjonen gjennomgår for tida også mange av dei horisontale regelverka (som støtte til FoU, risikokapital og miljøtiltak), som opnar for nasjonale landsdekkjande støtteordningar. Også her er målet mindre og meir målretta støtte. På nokre av områda, der Kommisjonen meiner støtte kan fremme vekst, føreslår Kommisjonen større fleksibilitet. Kommisjonen har også føreslått å heve beløpsgrensa i regelverket for bagatellstøtte.

I regelverket for regionalstøtte er desse dei viktigaste hovudpunkta for Noreg:

- At ein i regionar med mindre enn 8 innbyggjarar per km<sup>2</sup> kan gi driftsstøtte for å motverke avfolkning av desse områda. Dette opnar for gjeninnføring av differensiert arbeidsgivaravgift.
- At område med færre enn 12,5 innbyggjarar per km<sup>2</sup> på NUTS III-nivå (fylke) framleis er inkluderte i regelverket for ordinær regionalstøtte, til dømes investeringsstøtte og transportstøtte.
- At næringsssvake regionar i fylke som har fleire enn 12,5 innbyggjarar per km<sup>2</sup> kan bli inkluderte i det distriktpolitiske virkeområdet i staden for sterke regionar i fylke med færre enn 12,5 innbyggjarar per km<sup>2</sup>.
- At dei maksimale støttesatsane til investeringar blir 15 prosent for store bedrifter, 25 prosent for mellomstore bedrifter (opp til 250 tilsette) og 35 prosent for små bedrifter (opp til 50 tilsette) i det distriktpolitiske virkeområdet.
- At driftsstøtte i form av transportstøtte framleis er tillaten i område med færre enn 12,5 innbyggjarar per km<sup>2</sup> på NUTS III-nivå.

- At regelverket opnar for særskild støtte til nyetableringar. Det vidare arbeidet med dette er nærmare omtalt i kapittel 4.4.4.

### 3.2 Differensiert arbeidsgivaravgift

Gjeninnføring av differensiert arbeidsgivaravgift er ein viktig del av regjeringa si satsing på ein langt meir offensiv og målretta distrikts- og regionalpolitikk. Ordninga er både svært treffsikker og effektiv i høve til målet om auka sysselsetjing og fleire arbeidsplassar i distrikta. Det har derfor vore ei topp prioritert sak for regjeringa å sikre gjeninnføring i eit så stort område som råd.

#### 3.2.1 Geografisk virkeområde, soner og satsar

Ifølgje retningslinjene kan regionar som representerer eller høyrer til ein landsdel (NUTS II-region) med under 8 innbyggjarar per km<sup>2</sup>, kvalifisere for driftsstøtte, som til dømes differensiert arbeidsgivaravgift. I tillegg kan «mindre tilstøytande område» som oppfyller det same folketettleikskriteriet, inkluderast i ordninga. Kwart enkelt land må også vise at verkemidlet er *nødvendig og formålstenleg* for å hindre eller redusere kontinuerleg nedgang i folketalet i dei aktuelle områda. Retningslinjene gir ingen eksplisitte støttegrenser, det vil seie kor stor avgiftsreduksjon som kan bli gitt.

Det er to landsdelar i Noreg som tilfredsstillar folketettleikskriteriet: Nord-Noreg, Hedmark og Oppland. Nord-Noreg og dei næringsssvake delane av Hedmark og Oppland har også vedvarande nedgang i folketalet. Regelverket opnar for at «mindre tilstøytande område» kan inkluderast i området. Tolkinga av «mindre tilstøytande område» og kva for nivå Noreg må vise at verkemidlet er nødvendig, er avgjerande for kor stort område i Sør-Noreg som kan få differensiert arbeidsgivaravgift. Regjeringa meiner at regionar med like utfordringar må bli behandla likt sjølv om dei ikkje tilhøyrer dei to landsdelane eller grensar direkte til desse.

Utgangspunktet for regjeringa har heile tida vore å utnytte fullt ut det handlingsrommet som det nye regelverket for regionalstøtte gir høve til, for å få ei gjeninnføring av den differensierte arbeidsgivaravgifta i eit så stort område som råd. Vilkår for driftsstøtte er langt strengare enn for investeringsstøtte.

#### 3.2.2 Vidare prosess i arbeidet med gjeninnføring av differensiert arbeidsgivaravgift

Det er ESA som godkjenner kva for geografiske område som kan få innført differensiert arbeidsgivaravgift, og kva for satsar som skal gjelde. Noreg sende notifikasjonen, det vil seie søknaden om førehandsgodkjenning, av ei ordning med differensiert arbeidsgivaravgift i juni 2006. Før notifikasjonen blei send, hadde Noreg tett kontakt med ESA for å bli samde om handlingsrommet for ordninga og dermed unngå seinking av ESAs avgjerd. Regjeringa legg til grunn at den notifiserte ordninga blir godkjend og kan tre i kraft frå 1. januar 2007.<sup>1</sup>

### 3.3 Alternativ til differensiert arbeidsgivaravgift

For regjeringa har utgangspunktet heile tida vore å sikre gjeninnføring av differensiert arbeidsgivaravgift i eit så stort område som råd. Trass i den tyngda regjeringa har lagt i denne saka, er det område som hadde differensiert arbeidsgivaravgift fram til 2004, som vil falle utanfor gjeninnføringa frå 2007.

#### 3.3.1 Provenynøytral gjeninnføring

Regjeringa er svært oppteken av å sikre gode alternative ordningar og verkemiddel til dei områda som får ein auke i arbeidsgivaravgifta samanlikna med 2003. For desse områda legg regjeringa opp til å vidareføre hovuddelen av dei ordningane som gjeld i dag som alternativ til differensiert arbeidsgivaravgift. Dette omfattar vidareføring av differensiert arbeidsgivaravgift innanfor *de minimis*-reglane (bagatellstøtte), ei ordning med reduserte satsar for fiskeri- og landbruksverksemder som ikkje er omfatta av EØS-avtalen, kompensasjon til kommunal og statleg sektor og næringsretta midlar til regional utvikling.

Regjeringa legg til grunn at gjeninnføringa av differensiert arbeidsgivaravgift samla sett, inklusiv dei alternative verkemidla i område som får ein høgare arbeidsgivaravgiftssats enn i 2003, skal vere provenynøytral. Dette inneber at den fordelen som låg i omfanget av den differensierte arbeidsgivarav-

<sup>1</sup> Oppdatert og meir detaljert informasjon finst på eigne temsider om differensiert arbeidsgivaravgift på heimesidene til Finansdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet.

gifta før 2004, blir ført vidare. Regjeringa legg opp til at dei alternative, kompenserte tiltaka knytte til gjeninnføring av den differensierte arbeidsgivaravgifta skal liggje fast inntil nytt regelverk for regionalstøtte skal vedtakast i 2013.

### **3.3.2 Vidareføring av redusert arbeidsgivaravgift innanfor grensa for bagatellstøtte (fribeløpsordning)**

Frå og med 2004 blei låg arbeidsgivaravgift vidareført innanfor dei grensene EØS-avtalen sitt regelverk for bagatellstøtte set. Ordninga inneber at eit føretak framleis betaler 2003-satsen inntil differansen mellom det føretaket faktisk betaler og det føretaket ville ha betalt ved ein sats på 14,1 prosent er lik eit gitt årleg fribeløp. Det årlege fribeløpet er vedteke med grunnlag i grensa for bagatellstøtte.

EØS-regelverket for bagatellstøtte tillet at eit føretak får ei samla støtte på inntil 100 000 euro over ein periode på tre år (svarande til om lag 270 000 kr per år) utan at ESA treng å godkjenne støtta. EU-kommisjonen har foreslått å heve bagatellstøtteterskelen frå 100 000 euro til 150 000 euro med verknad frå og med 1. januar 2007. Regjeringa legg opp til å vidareføre fribeløpsordninga i dei områda som ikkje får innført ein generelt nedsett sats igjen frå 2007. I område der 2003-satsen var 10,6 prosent (sone 2), vil ei fribeløpsordning i snitt kunne omfatte om lag 60 prosent av årsverka. I dei områda som får generelt nedsett arbeidsgivarsats, men der satsen ikkje blir like låg som i 2003, vil 2003-satsane ikkje lenger bli vidareførte innanfor ei fribeløpsordning. Føretak som nyt godt av fribeløpsordninga, kan ikkje få anna bagatellstøtte som fører til at grensa for bagatellstøtte blir overskriden. Utforminga av fribeløpsordninga må derfor ta omsyn til dei krava ESA til ei kvar tid stiller til kontroll.

### **3.3.3 Næringsretta midlar til regional utvikling**

Regjeringa legg opp til å vidareføre ei ordning med næringsretta midlar til regional utvikling i dei områda som ikkje får gjeninnført same, låge sats for arbeidsgivaravgift som dei hadde i 2003. Midlane skal gå til ein brei næringsretta innsats i desse områda.

#### *Auka folkevald styring*

Utgangspunktet til regjeringa er at forvaltninga av desse alternative verkemidlane skal byggje på

auka folkevald styring og ansvar gjennom fylkeskommunane. Fylkeskommunane som folkevalde organ har i liten grad spela ei aktiv rolle i arbeidet med ordninga vi har i dag med næringsretta utviklingstiltak over Kommunal- og regionaldepartementets kapittel 551 post 61. Fylkeskommunen har stort sett fungert som administrativ koordinator, fagleg sekretariat og prosessleiar for arbeidet. I tillegg har fylkeskommunen i fleire fylke teke på seg rolla som praktisk utbetalar og rekneskapsfører for midlane, i tillegg til å koordinere rapportering til departementet. Regjeringa legg stor vekt på at fylkeskommunen er uttrykk for den folkevalde viljen i kvart fylke. Fylkeskommunen har ei viktig rolle med å sjå samanhengar og få til samarbeid mellom ulike aktørar om strategiar og innsats for å fremme ei positiv samfunnsutvikling i eige område. Dette bør òg sjåast i samanheng med planane om ei forvaltningsreform og ambisjonane om at fleire oppgåver og meir ansvar skal desentraliserast og samlast i nye folkestyrte regionar. Regionnivået skal vere den sentrale aktøren for regional utvikling. Regjeringa legg derfor opp til at fylkestinget skal ta endeleg avgjerd om bruken av midlane. Avgjerda skal ta utgangspunkt i dei utfordringane og behova som næringslivet har gitt uttrykk for i sine innspel i partnerskapsarbeidet. Kommunal- og regionaldepartementet vil følgje aktivt opp at dette brukarperspektivet blir lagt til grunn, mellom anna som del av rapporteringa til departementet.

#### *Sikre god brukarmedverknad*

Regjeringa er oppteken av at framtidig forvaltning av desse midlane skal kombinere omsynet til sterkare folkevald styring og kontroll og samtidig sikre brei brukarmedverknad frå viktige samfunnsaktørar. Særleg næringslivet, men også aktørar som kommunane og FoU- og universitets- og høgskolemiljø, er aktuelle i denne samanhengen. Kommunal- og regionaldepartementet ser det i den samanhengen som viktig å byggje vidare på dei positive sidene ved måten desse midlane blir forvalta på i dag. Departementet har engasjert Møreforskning til å gjennomføre ein følgjestudie i arbeidet med dei næringsretta utviklingstiltaka. Den sterke medverknaden og det aktive engasjementet frå næringslivet blir framheva som positivt. I følgjestudien blir det mellom anna peika på at organiseringa har medverka til å skape nye nettverk og samarbeidskonstellasjonar og måtar å tenkje samarbeid på mellom bedrifter. Departementet meiner det er viktig å oppretthalde og byg-

gje vidare på det sterke engasjementet frå næringslivet og leggje til rette for at næringslivet kan vere ein sentral premissleverandør i utforminga av tiltak for bruken av midlane. Det gjeld både i samband med dei årlege handlingsprogramma til fylkesplanen og i konkret iverksetjing av tiltak.

Kommunal- og regionaldepartementet legg samtidig vekt på at det skal vere ei tettare kopling og koordinering mellom desse verkemidlane og dei andre verkemidlane for regional utvikling som er delegerte til fylkeskommunane, både med sikte på forenkling og for å trekkje vekslar på dei positive sidene ved begge desse ordningane. Departementet ønskjer såleis at det mellom anna skal vere meir samkøyrd planprosessar. Innrettinga av innsatsen i kvart fylke må vere i tråd med mål og overordna strategiar i fylkesplanen.

### 3.3.4 Opning for ei regional transportstøtteordning

Det nye regelverket for regionalstøtte tillet transportstøtte til føretak i fylke med mindre enn 12,5 innbyggjarar per km<sup>2</sup> som i tillegg kan dokumentere ekstra transportkostnader. Kommunal- og regionaldepartementet legg opp til eit samarbeid med dei aktuelle fylka om å notisere ei regional transportstøtteordning for dei fylka som ønskjer å ha ei slik ordning. Det vil bli opna opp for at dei næringsretta midlane til regional utvikling som alternativ til differensiert arbeidsgivaravgift kan nyttast til å finansiere ei slik ordning. Regjeringa legg til grunn at det skal vere opp til fylka å eventuelt ta i bruk ei regional transportstøtteordning ved at fylka sjølve vurderer om dei ønskjer å prioritere å setje av midlar til dette føremålet innanfor ramma av næringsretta midlar til regional utvikling. Innføring av ei regional transportstøtteordning er basert på at ho blir godkjend av ESA og kan først setjast i verk når denne godkjenninga er klar. Sjå også omtale i kapittel 7.1.2.

### 3.3.5 Kompensasjon til kommunal og statleg sektor

Omlagginga av ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift i 2004 var samla sett proveny-

nøytral, men innebar isolert sett auka utgifter for kommunane og fylkeskommunane. Kommunane og fylkeskommunane blei i 2004, 2005 og 2006 fullt ut kompenserte gjennom skjønnskottet for meirutgifter knytte til opptrappinga av satsane i arbeidsgivaravgifta.

Ved gjeninnføring av ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift frå 2007 vil kompensasjonen gjennom skjønnskottet falle bort for dei kommunane og fylkeskommunane som får attende differensiert arbeidsgivaravgift med same sats som i 2003. Dei kommunane og fylkeskommunane som får attende den differensierte arbeidsgivaravgifta med ein høgare sats enn i 2003, vil få kompensert differansen mellom den nye satsen og satsen i 2003. Kommunar og fylkeskommunar som ikkje får gjeninnført den differensierte arbeidsgivaravgifta, vil bli fullt ut kompenserte gjennom skjønnskottet for differansen mellom ny sats og satsen i 2003.

Også statlege verksemdar vil bli kompenserte. Dei statlege verksemdene som får tilbake den differensierte arbeidsgivaravgifta med ein høgare sats enn i 2003, vil få kompensert differansen mellom den nye satsen og satsen i 2003. Statlege verksemdar som ikkje får gjeninnført den differensierte arbeidsgivaravgifta, vil bli kompenserte for differansen mellom ny sats og satsen i 2003.

### 3.3.6 Vidareføring av differensiert arbeidsgivaravgift for sektorar som ikkje er omfatta av EØS-avtalens forbod mot statsstøtte - landbruk og fiskeri

Delar av verksemda innanfor landbruk og fiskeri fell utanfor EØS-avtalen sitt forbod mot statsstøtte. Desse verksemdene fekk derfor behalde den generelt reduserte satsen for arbeidsgivaravgift også etter 2003. Regjeringa går inn for å vidareføre denne ordninga for dei verksemdene som ligg i område som ikkje får tilbake den låge satsen dei hadde i 2003. Vidareføringa er avgrensa til dei føretaka som driv verksemd som fell inn under nærmare definerte næringsgrupper, og som er knytte til produkt som ikkje er omfatta av EØS-avtalen.

## 4 Styrking av næringsretta verkemiddel for å utnytte regionale fortrinn og potensial

### 4.1 Innleiing

---

Regjeringa vil byggje opp under ei målretta satsing på å utvikle næringsverksemd ut frå regionale fortrinn og potensial for å auke verdiskapinga og leggje til rette for å skape arbeidsplassar der folk bur. Dette kapitlet handlar om næringsretta verkemiddel som er utforma for å fremme distrikts- og regionalpolitiske mål utan å vere knytt til ein sektor. I kapittel 5 blir spesielle innsatsar presenterte som er knytte til utvikling av næringar og sektorar som er særleg viktige for å nå distrikts- og regionalpolitiske mål. Særskild offentleg innsats for å møte omstillingsutfordringar blir drøfta i kapittel 6.

Regjeringa legg opp til å utvikle nasjonale strategiar på dei områda der Noreg har ein særeigen næringsstruktur, mellom anna marin sektor, maritim sektor, energisektoren, miljøsektoren og reiselivssektoren. Regjeringa har som mål at Noreg skal bli ein av dei leiande innovative, dynamiske og kunnskapsbaserte økonomiane i verda innanfor dei områda vi har fortrinn, og arbeide for å utvikle regionale verdiskapingsmiljø.

Kvalitetar som er knytte til bestemte stader og miljø, blir stadig viktigare som grunnlag for næringsutvikling og som konkurransefaktorar. Regjeringa vil medverke til at desse kvalitetane blir utnytta til å utvikle lønnsame verksemdar, attraktive arbeidsplassar og robuste arbeidsmarknader i alle delar av landet. I ei verd der konkurransen mellom verksemdar aukar over landegrensene, blir evna til omstilling, innovasjon og entreprenørskap ein stadig viktigare del av dette arbeidet. Bedrifter i Noreg kan ikkje over tid konkurrere med tilsvarande produksjon i lågkostland, men må gjere seg nytte av det høge utdannings- og kunnskapsnivået i arbeidslivet i Noreg.

Staten har ei viktig rolle med å føre ein økonomisk politikk som medverkar til at næringslivet ikkje blir utsett for brå endringar i konkurransevilkåra, til dømes i samband med renter og kronekurs. Staten har også ei sentral rolle i å sikre ein god infrastruktur og eit solid grunnlag for kunn-

skapsutvikling gjennom høgare utdanning og forskning og utvikling.

Regjeringa legg også vekt på at staten i eit land som Noreg må ha ei aktiv rolle i næringsutviklinga, både for å styrkje utviklinga i dei ulike delane av landet og som eit bidrag til å utvikle den nasjonale konkurranseevna. Regjeringa vil derfor utnytte handlingsrommet innanfor EØS-avtalen for næringsretta distrikts- og regionalpolitisk innsats og styrkje dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane.

Fleire nasjonale, regionale og lokale aktørar er sentrale i arbeidet med å få til næringsutvikling og nyskaping. Dei nasjonale verkemiddelaktørane Innovasjon Noreg, SIVA, Forskningsrådet og fylkeskommunane som regionale utviklingsaktørar, har særleg viktige roller i å setje i verk ein meir aktiv næringsretta distrikts- og regionalpolitikk. Det er sentralt at desse aktørane samarbeider seg imellom og med regional stat og kommunar, slik at fleire verkemiddel kan bli vurderte i samanheng og bli best mogleg tilpassa verdiskapingsutfordringane i regionen. Fylkeskommunane har eit ansvar for å ta initiativ til dette samspelet regionalt gjennom partnerskapsarbeid. Regjeringa legg i denne samanhengen stor vekt på at samspelet mellom offentlege og private aktørar blir vidareutvikla. Regjeringa ønskjer også å støtte opp om den viktige rolla kommunane spelar i å leggje til rette for næringsutvikling og entreprenørskap lokalt, som ein del av ei heilskapleg verkemiddelkjede.

Regjeringa legg vekt på at næringsretta distrikts- og regionalpolitisk innsats blir innretta slik at dei medverkar til auke i nyetableringar blant unge og kvinner.

### 4.2 Utvikling av miljø for innovasjon, entreprenørskap og bedriftsutvikling

---

Regjeringa ser det som viktig at det offentlege medverkar til å byggje opp under og styrkje konkurransedyktige lokale og regionale nærings- og

innovasjonsmiljø. Motoren i regional omstilling ligg i stor grad i samarbeid og/eller konkurranse innanfor og mellom sektorar i geografisk avgrensa regionar. Regjeringa legg vekt på at det offentlege verkemiddelapparatet medverkar til å få til eit godt samspel mellom bedrifter og mellom bedrifter og kompetansmiljø om utviklingsarbeid. Dei nasjonale verkemiddelaktørane Innovasjon Noreg, Selskapet for industrivekst (SIVA) og Forskingsrådet spelar viktige roller i å styrkje bedriftene på dette området gjennom ulike programsatsingar, i samarbeid med utdannings- og forskingsmiljø, fylkeskommunar, regional stat og kommunar.

Regjeringa legg opp til at denne typen satsingar skal bli styrkte og ytterlegare målretta, og at innsatsen skal ta utgangspunkt i regionale fortrinn og potensial. Eventuelle endringar i innsatsen vil bli presenterte i dei årlege budsjetta og i dialog med verkemiddelaktørane. Regjeringa legg særleg vekt på at samspelet mellom lokalt næringsliv og kunnskapsmiljø i mindre byregionar og senter blir styrkt, der også kompetansen i dei tunge kunnskapsmiljøa i større byregionar blir utnytta.

Forskingsrådet har starta arbeid med å utvikle eit program, «Verkemidlar for regional innovasjon og FoU» (VRI-programmet). Målet er å samordne forskings- og innovasjonsinnsatsen til Forskingsrådet mot regionane basert på eksisterande program. Programmet skal medverke til auka mobilisering av nye og fleire bedrifter til auka satsing på FoU, i tett samarbeid med FoU-institusjonar i regionen og relevante nasjonale institusjonar. Målet er å utvikle ein meir heilskapleg og styrkt forskings- og innovasjonspolitikkk overfor regionane. Planen er at programmet skal utløyse midlar i 2007. Regjeringa støttar intensjonane for arbeidet og vil vurdere programforslaget nærmare når det ligg føre.

#### **4.2.1 Vidareutvikling av regional innovasjonsinfrastruktur gjennom SIVA**

Den regionale innovasjonsinfrastrukturen med forskingsparkar, kunnskapsparkar, inkubatorar, inkludert industriinkubatorar og distribuerte inkubatorar og næringshagar, utgjer viktige bindeledd i regionale næringsmiljø. Dette er ein sentral del av innovasjonsinfrastrukturen i regionane og bind denne saman med den nasjonale regionalpolitikken. SIVA har vore ein svært viktig aktør i oppbygginga av denne infrastrukturen og medverka til at også aktørar i områda utanfor større

byregionar har fått tilgang til sterke kompetansenettverk på eigne føresetnader. Engasjementet til SIVA inkluderer bygningar, eigedomar og innovasjonselskap som på ulike måtar tilbyr leigetakarbedriftene nettverk av investorar og nærings- og kompetansmiljø. SIVA samarbeider både med Innovasjon Noreg, Forskingsrådet, fylkeskommunar, kommunar og private aktørar i arbeidet ut frå ulike roller og verkemiddel.

Regjeringa vil vidareutvikle og styrkje arbeidet i SIVA for å fremme betre samspelseffektar mellom dei ulike miljøa, der også miljø for rådgiving og risikovillig kapital er kopla inn. Dette inneber mellom anna eit tettare samarbeid mellom SIVA og fylkeskommunane og resten av verkemiddelapparatet.

SIVA har som hovudmål å medverke til å oppfylle dei distrikts- og regionalpolitiske måla til regjeringa og innanfor denne ramma fremme innovasjon i alle delar av landet. SIVAs særlege ansvar for å medverke til å fremme vekstkrafta i distrikta skal følgjast opp og vidareutviklast.

#### **4.2.2 Styrking av næringshageprogrammet**

Regjeringa ser på næringshagane som ei vellykka satsing for å fremme næringsverksemd og nyskaping i område med små arbeidsmarknader og små senter. Næringshageprogrammet skal særleg stimulere til utvikling av nye arbeidsplassar innanfor kunnskapsintensive næringar i desse områda gjennom samlokalisering i utviklingsmiljø av både gründerar og eksisterande verksemdar.

Regjeringa ønskjer å vidareføre og styrkje denne satsinga. Frå og med 2006 starta Kommunal- og regionaldepartementet opp ein ny programperiode for næringshagane med vekt på både å etablere nye næringshagar og å styrkje nyskappingsarbeidet i dei eksisterande næringshagane. I 2006 er det løyvd 32 mill. kroner over Kommunal- og regionaldepartementets budsjett til næringshagesatsinga i SIVA. Denne ramma skal nyttast til å auke nyskapinga i eksisterande næringshagar, ei eiga gründeratsing på kvinner i næringshagane og oppstart av nye hagar. Med dei nye hagane vil det bli eit samla nettverk over heile landet av rundt 50 næringshagar der SIVA medverkar, i samarbeid med kommunar, fylkeskommunar og andre private og offentlege aktørar. Dei fleste næringshagane er lokaliserte i det distriktspolitiske virkeområdet.

Gründeratsing på kvinner i regi av SIVA i næringshagane er ein viktig del av arbeidet for å auke talet på bedriftsetableringar gjennomført av

kvinner i distrikta. Målet for satsinga er å auke talet på kvinner som etablerer bedrifter med vekstambisjonar, særleg innanfor servicesektoren. Kvinner utgjer 38 prosent av dei sysselsette i næringshagane på landsbasis, og mange næringshagar har kvinnelege leiarar. Dette tyder klart på at næringshagane er eit tilbod der kvinner trivst og kan utvikle sine forretningsidear. Satsinga skal skje i nært samarbeid med Innovasjon Noregs program «Kvinner i fokus».

#### 4.2.3 Utvikling av fleire Norwegian Centres of Expertise

Regjeringa ønskjer at den nye satsinga på Norwegian Centres of Expertise (NCE) skal bli sterk og gi varige resultat. Norwegian Centres of Expertise er retta mot spesialiserte klyngjer med konkurransedyktige bedrifter. Programmet skal medverke til å byggje næringsmiljø i verdensklasse gjennom å fremme godt samarbeid mellom FoU-miljø og næringslivet. Programmet er ikkje avgrensa geografisk, men er tilpassa andre verkemiddel som vil styrkje næringsmiljø utanfor større senter, slik at dei også kan konkurrere om deltaking i programmet i seinare utpeikingar.

Programmet skal drivast i eit samarbeid mellom Innovasjon Noreg, SIVA og Forskningsrådet, og med finansiering frå både Kommunal- og regionaldepartementet og Nærings- og handelsdepartementet. I budsjettet for 2006 blei det løyvd 20 mill. kroner frå Kommunal- og regionaldepartementet og 16 mill. kroner frå Nærings- og handelsdepartementet til programmet (1 mill. kroner av desse gjekk til SIVA). Programmet skal ha eit tiårsperspektiv. Det blir lagt opp til at 10-12 næringsmiljø frå heile landet kan bli tekne opp i programmet og få NCE-status i programperioden. Programmet har vekt stor interesse, og fleire miljø har søkt om å få midlar til å etablere eit NCE. Seks næringsmiljø fekk status som NCE i 2006. Desse er NCE Maritime Møre, NCE Microsystems i Vestfold, NCE Systems Engineering i Kongsberg, NCE Ekspertsenter Undervannsteknologi i Hordaland, NCE Raufoss og Instrumenteringsklyngen i Trøndelag. Felles for dei klyngjene som har fått status som NCE, er at dei består av bedrifter som er internasjonalt orienterte og har stort potensial for vidare vekst basert på innovasjon, auka samarbeid, internasjonalisering, forskning og utvikling.

Etableringa av NCE byggjer mellom anna på erfaringar frå Arenaprogrammet i Innovasjon Noreg. Arenaprogrammet har som siktemål å

styrkje samspelet og verdiskapinga i regionale næringsmiljø og i ulike bransjar. Dette programmet vil bli vidareført som eit viktig verkemiddel for å styrkje samarbeidet mellom verksemder i regionale næringsmiljø.

#### Boks 4.1 NCE-programmet i Horten

Mikrosystemklyngja i Horten har vore eitt av forprosjekta for det nye programmet Norwegian Centres of Expertise (NCE). Bedriftene i klyngja vender seg til ulike marknader og område, med leveransar til mellom anna bilindustri, helsesektoren og satellittkommunikasjon. Bedriftene har likevel klare fellesnemnarar og felles interesser: Dei utviklar og produserer produkt og løysingar som er baserte på mikrosystemteknologi, dei nyttar ei teknologisk plattform, og dei er avhengige av det same avanserte kompetansegrunnlaget.

For mikrosystemklyngja har deltakinga i forprosjektet medverka til å styrkje det regionale nettverket, forsterke og fokusere samarbeidet mellom bedriftene i klyngja og mot Høgskolen i Vestfold, og medverka til ytterlegare internasjonal profilering av miljøet. Merksemda rundt og det samla arbeidet med klyngja har hatt mykje å seie for å synleggjere miljøet overfor omverda, og i særleg grad å trekkje til seg utanlandsk eigarskap.

Ei av utfordringane som føretaka i klyngja står overfor, er variasjon i oppdragsmengda. Dette kombinert med kvalifisert personell er ein kritisk faktor. Sidan verksemdene leverer til ulike marknader, kan dei ulike bedriftene ha varierende oppdragstoppar. Denne situasjonen har gitt grunnlag for ei ordning med utleige av arbeidskraft mellom bedriftene. Ordninga medverkar til effektiv utnytting av personell og gjer det mogleg å halde på kjernekompetansen over tid.

Ein annan effekt er ei forsterka satsing på fagområdet mikroelektronikk ved den regionale høgskolen. Høgskolen i Vestfold tilbyr i dag utdanning på doktorgradsnivå innanfor fagområdet og har undervisningspersonell som også arbeider i eller har bakgrunn frå industrien. Dette gir eit fortrinn for bedriftene ved at dei får betre tilgang på kjernekompetanse.

### 4.3 Kapitaltilgang, investeringsstøtte og såkornfond

Levedyktige bedrifter og sterke næringsmiljø er ein viktig suksessfaktor for busetjing og verdiskaping. Regjeringa meiner det er ønskjeleg og tenleg å ha offentlege verkemiddel som er særleg retta mot å fremme vekst i område der omstilling og nyskaping er viktige føresetnader for å nå distrikts- og regionalpolitiske mål om busetjing og verdiskaping. Målet med innsatsen er å skape betre grobotn for arbeidsplassar og næringsmiljø med vekstkraft på lengre sikt. Det er behov for å ha fokus på omstilling og nyskaping i denne innsatsen, særleg i det distriktspolitiske virkeområdet der mange bedrifter er i konkurranseutsett sektor.

Den viktigaste grobotnen for arbeidsplassar og næringsmiljø er dei mange bedrifts- og næringsmiljøa som alt finst. Regjeringa ønskjer å motverke at lokale bedrifts- og næringsmiljø forvirrar, og å leggje til rette for fleire levedyktige verksemder.

Offentlege verkemiddel skal ikkje kompensere for svak lønnsemd i enkeltbedrifter eller næringer, men senke terskelen for å få utløytt gode bedriftsutviklingsprosjekt, både i «vekstbedrifter» og «levevegsbedrifter». Når det offentlege stiller ekstra midlar til risikolån og investeringstilskot til disposisjon innanfor det distriktspolitiske virkeområdet, er det for å utløyse prosjekt som er lønnsame etter støtte. Verkemidla skal supplere og utløyse den private kapitalmarknaden.

Regjeringa ønskjer å stimulere til næringsutvikling både gjennom generelle og selektive verkemiddel, og meiner at Innovasjon Noreg har ei særskild viktig rolle i finansieringa av investeringar i næringslivet i områda utanfor dei største byområda.

Regjeringa er òg oppteken av at dei nye, distriktsretta såkornfonda blir eit reelt tilskot til å betre tilgangen til risikokapital for gode bedriftsprosjekt i områda utanfor dei største byregionane.

#### 4.3.1 Klargjering av behov og utfordringar på kapitalmarknaden

Bedriftsutvikling, innovasjon og nyetableringar er ofte knytte til lokale og regionale prosessar mellom bedrifter, kundar, leverandørar, finansielle aktørar, FoU-miljø, offentlege aktørar og så vidare. Slike prosessar kan vere kostnadskrevjande.

Det er ei utfordring å få fram fleire gode pro-

sjekt i næringslivet og fleire nye vekstbedrifter i heile landet. Ein av fleire viktige føresetnader for dette er ein kapitalmarknad som fungerer effektivt i alle delar av landet, slik at mangel på risikokapital ikkje blir eit hinder for nye forretningsidear og utvikling av eksisterande verksemder og næringsmiljø. Ein godt fungerande kapitalmarknad sikrar finansiering av gode prosjekt, stoppar dei dårlege og er ein viktig del av eit innovasjonssystem.

Det er ikkje grunnlag for å hevde at tilgangen på risikokapital til norsk næringsliv generelt er for knapp. Tilgang på kapital for bedriftsetableringar i ein tidleg fase er likevel ei særleg utfordring. Denne utfordringa kan vere ekstra stor for bedrifter og etablerarar med nye prosjekt i dei minst sentrale delane av landet, der det finst færre investorar, såkornfond og ventureselskap. Det kan derfor vere eit behov for auka kunnskap om korleis kapitalmarknaden fungerer i etableringsfasen og i ulike delar av landet. Til dømes kan det tenkast at geografisk og kulturell avstand mellom investor og entreprenør kan ha innverknad på korleis spesielt risikokapital til tidlege fasar blir distribuert geografisk. At ein investor investerer mest i nærområdet sitt, kan henge saman med at nærleik mellom prosjekteigar og kapitalkjelder gjer informasjonstilgangen lettare for begge parter. I tillegg kjem reint praktiske årsaker, som reisavstand og oppfølgingskostnader for prosjekt langt unna.

Profesjonelle private investorar, såkornfond og ventureselskap er i stor grad konsentrerte til dei store byane. Den fysiske avstanden representerer ei informasjonsutfordring når det gjeld å kople etterspørjarsida og tilbodssida av kapital. Det kan vere eit problem at kapitalmiljøa i større byregionar har for liten kunnskap om kva potensial som finst på andre, mindre stader. Samspelet med det offentlege verkemiddelapparatet og med bankane blir desto viktigare. Reduksjon i talet på bankar og bankfilialar som følgje av oppkjøp og samanslåingar kan gi auka avstand til enkelte lokalmiljø for bankane og såleis mindre lokalkunnskap om desse miljøa. Det kan igjen gjere at samspelet med det offentlege verkemiddelapparatet blir enda viktigare i nokre område.

Kommunal- og regionaldepartementet har i samarbeid med Nærings- og handelsdepartementet og Innovasjon Noreg sett i gang ei utgreiing om korleis tilgangen på og tilbodet om kapital til SMB varierer i ulike delar av landet. Utgreiinga blir gjennomført i 2006 og vil gi auka kunnskap om korleis kapitalmarknaden fungerer. Slik kunn-

skap gir grunnlag for å vurdere behovet for og innrettinga av den offentlege innsatsen for å stille risikokapital til disposisjon i ulike delar av landet.

Dei nye, distriktsretta såkornfonda og ulike ordningar under Innovasjon Noreg er blant dei tiltaka som skal medverke til å redusere avstandsulemper. I område utanfor dei større byane er andrehandsverdien (salsverdien ved opphøyr) av fysiske investeringar som bygg, anlegg og andre mindre mobile kapitalgjenstandar også lågare enn i meir sentrale område av landet. Risikoen ved lån til slike investeringar vil dermed bli høgare og låna dyrare som følgje av verddivurderinga og manglande sikkerheitsstilling. Bedriftsretta investeringsstøtte gjennom tilskot og lån kan kompensere for at den private lånekapitalen er dyrare i område med låg andrehandsverdi av fysiske investeringar, ved at staten overtar noko av risikoen frå dei private aktørane. Slike tilskot kan også nyttast til å kompensere for eventuell marknadssvikt.

#### 4.3.2 Utnytting av handlingsrommet for investeringsstøtte

Handlingsromutvalet (NOU 2004:15) og Distriktskommisjonen (NOU 2004:19) har peika på at det innanfor EØS-regelverket er handlingsrom for auka bruk av investeringsstøtte totalt sett og rom for auka støtte per prosjekt innanfor fastsette maksimalstøttesatsar. Effektutvalet (NOU 2004:2) understreka at investeringstilskot er eit verkemiddel med positive effektar for å oppfylle distrikts- og regionalpolitiske målsetjingar. Utvalet peika også på at den sterke reduksjonen i dei distrikts- og regionalpolitiske løyvingane dei siste ti åra har ført til at det er blitt langt mindre midlar å kanalisere til dette formålet gjennom Innovasjon Noreg.

Ein viktig del av politikken til regjeringa er å få fram fleire gode bedrifter og gjere det lettare for bedrifter og lokale bedrifts- og næringsmiljø å utvikle seg og skape nye arbeidsplassar i det distriktpolitiske virkeområdet.

Regjeringa vil leggje til rette for at verkemiddelapparatet i større grad kan utnytte handlingsrommet for investeringsstøtte gjennom investeringstilskot og risikolån. Regjeringa har som mål å auke løyvingane av dei distrikts- og regionalpolitiske utviklingsmidlane som er desentraliserte til fylkeskommunane, slik at dei i samarbeid med partnerskapen, kan prioritere å auke overføringa av midlar til distriktskontora til Innovasjon Noreg.

I samsvar med EØS-regelverket er det fastsett ulike maksimale støttesatsar i ulike delar av det

distriktpolitiske virkeområdet. Kommunal- og regionaldepartementet legg til grunn at Innovasjon Noreg vurderer kor mykje tilskot som trengs for at dei einskilde prosjekta skal bli gjennomførte, dvs. bli bedriftsøkonomisk lønnsame. Der som prosjekt kan bli realiserte utan å bruke maksimalsatsane for tilskot, bør desse som hovudregel heller ikkje bli nytta. Slik kan dei samla tilskotsløyvingane hjelpe til å realisere fleire gode prosjekt. I ein del tilfelle kan ein kombinasjon av tilskot og lån ivareta finansieringsbehovet.

Krevjande nyetableringar og nyskapande prosjekt i eksisterande bedrifter har ofte finansielle utfordringar, høg risiko og ikkje god nok bedriftsøkonomisk lønnsamd til å finne tilstrekkeleg finansiering i den private marknaden. Fordi det er ønskjeleg at ein del slike prosjekt skal bli gjennomførte også i mindre sentrale delar av landet, er det behov for støtte som avlastar for delar av risikoen. Slike prosjekt vil kunne bli støtta med tilskot.

Normal fornying, mindre kapasitetsutvidingar og effektivitetsfremmande investeringar bør normalt ha ei tilfredsstillande bedriftsøkonomisk avkastning. Denne typen investeringar bør derfor i hovudsak bli finansierte med lån. Svak pantesikring, knytt til lokalisering av bedrifta, kan gjere det nødvendig at verkemiddelapparatet aktivt gir tilbod om risikolån i slike høve.

Kommunal- og regionaldepartementet legg samtidig vekt på at dei distriktsretta tilskota blir brukte fleksibelt til investeringar og prosjekt i område med «tynne» næringsmiljø og med svak tilgang på risikovillig kapital. Dette inneber mellom anna eit redusert krav til innhald av nyskaping i prosjekta.

#### 4.3.3 Etablering av såkornfond

Staten har dei siste åra vedteke å opprette to såkornkapitalordningar, ei landsdekkjande og ei distriktsretta. Ordningane er eit samarbeidsprosjekt mellom statleg og privat kapital. Dei skal styrkje tilgangen på kapital og kompetanse til innovative prosjekt i ein tidleg fase. Den landsdekkjande ordninga er lagd til universitetsbyane Oslo, Bergen, Stavanger og Trondheim. Fonda i den distriktsretta ordninga skal opprettast i Bodø, Tromsø, Namsos og på Sørlandet og Vestlandet. I tillegg går Regjeringa i revidert statsbudsjett 2006 inn for at det blir etablert eit fond som skal investere i B-, C- og D-kommunar<sup>1</sup> i Trøndelagsfylka og

<sup>1</sup> I samsvar med kartet over virkeområdet for dei distriktpolitiske verkemidla.

Møre og Romsdal, og eit fond som skal investere i heile Hedmark og Oppland, og B-, C- og D-kommunar i Østfold, Buskerud og Telemark. Målet er å sikre at risikokapital er tilgjengeleg i heile Sør-Noreg. Desse fonda får elles vilkår som den landsomfattande ordninga.

For dei distriktsretta fonda gjeld i høve til dei landsdekkjande fonda mellom anna dette:

- Det er lågare rente på det ansvarlege lånet.
- Staten skyt inn 70 prosent av kapitalen gjennom ansvarlege lån i dei distriktsretta fonda mot 50 prosent i dei landsdekkjande fonda.
- Staten dekkjer delar av administrasjonskostnadene til dei distriktsretta fonda, men ikkje til dei landsdekkjande fonda. Stønaden utgjer 850 000 kroner per fond i 2006 og skal å sikre eit tilstrekkeleg kompetent og robust forvaltar-miljø.
- Dei distriktsretta fonda kan berre investere i A-, B- og C-kommunar i det distriktpolitiske virkeområdet.

Ordningane vil totalt ha ein kapitalbase på 2 402,4 mill. kroner. Regjeringa reknar med at dei fleste fonda vil vere oppretta i 2006.

#### 4.4 Stimulere gründarar og entreprenørskap

Regjeringa ser på stimulering til entreprenørskap som ein sentral del av distrikts- og regionalpolitikken. Etablering av nye verksemdar gjennom entreprenørskap og gründerverksemd skjer ofte i det området der gründaren er busett, og er også ofte knytt til eksisterande næringsmiljø. Dermed kan gründerverksemda medverke til å styrkje både den lokale arbeidsmarknaden og det lokale næringsmiljøet.

Regjeringa ønskjer å fremme forståing for entreprenørskap. Regjeringa vil auke talet på gründarar og nyetablerarar gjennom

- auka satsing på entreprenørskap i skolen
- bistand til etablerarar med både lokale og globale ambisjonar
- å fremme kommersialisering av forskingsbaserte idear
- å fremme knoppskytingar frå eksisterande næringsliv

Både kommunane, fylkeskommunane, regional stat og dei nasjonale verkemiddelaktørane har viktige roller i dette arbeidet, i samarbeid med utdanningsinstitusjonar, FoU-miljø og enkeltbedrifter. Regjeringa ser også på styrkinga av kommunale næringsfond som ein del av satsinga på

entreprenørskap og nyetableringar, jf. kapittel 4.5 nedanfor.

##### 4.4.1 Entreprenørskap i skolen

Regjeringa ser på opplæring i entreprenørskap i skolen som ein viktig del av satsinga på entreprenørskap. Elev-, ungdoms- og studentbedrifter er sentrale i dette arbeidet. Utdanningssystemet skal medverke til verdiskaping, nyetableringar og innovasjon i Noreg ved å stimulere haldningar, kunnskap og dugleik hos elevar, studentar og lærarar på alle nivå og utvikle ein kultur for entreprenørskap. Entreprenørskap i utdanninga har vist seg å ha ein svært gunstig effekt på etablering av nye arbeidsplassar. Det er dokumentert at dei som har vore med på ordninga med ungdomsbedrifter medan dei går på skolen, langt oftare etablerer eiga verksemd når utdanninga er over. Entreprenørskap i utdanninga verkar òg sosialt utjamnande. Mange som ikkje er teoretisk skoleflinke, finn ein arena som styrkjer sjølvkjensla, og tiltaket fører til høgare gjennomføringsgrad i grunnutdanninga.

Regjeringa vil vidareføre og styrkje støtta til foreininga «Ungt entreprenørskap», som tilbyr entreprenørskap som opplæring i skoleverket. Kommunal- og regionaldepartementet, Kunnskapsdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet har støtta Ungt entreprenørskap økonomisk sidan 2002, og Landbruks- og matdepartementet sidan 2003, jf. prosjektet «Ungt entreprenørskap på matområdet». Den samla støtta til Ungt entreprenørskap har auka kraftig frå 2005 til 2006. Til dømes auka støtta over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet frå 4 mill. kroner til 10 mill. kroner, og over budsjettet

#### Boks 4.2 Om Ungt entreprenørskap

Det har vore ein stor auke i aktivitetane til Ungt entreprenørskap sidan foreininga blei etablert i 1997. Ungt entreprenørskap tilbyr i dag program for alle utdanningstrinn. Spesielt utbreidd er konseptet «Ungdomsbedrift» som blir tilbydd for vidaregåande skole. I 2005 deltok om lag 19 000 elevar i 300 bedrifter i alle fylka i landet. Ei undersøking utført av Nord-Trøndelagsforskning i 2005 viser at blant dei som har gjennomført konseptet Ungdomsbedrift, har 26,6 prosent etablert si eiga bedrift. Den normale etableringsraten er 7,5 prosent.

til Kommunal- og regionaldepartementet frå 2,5 mill. kroner til 6 mill. kroner.

#### 4.4.2 Kommersialisering av FoU

Universitets- og høgskolesektoren har eit generelt ansvar for å samarbeide med næringslivet. Kommersialisering av FoU-resultat er viktig i innovasjonspolitikken og fører til nye idear, produkt og nye bedrifter og nødvendig omstilling og utvikling av eksisterande næringsliv. Endringar i lova om universitet og høgskolar og arbeidstakaroppfinningslova har gitt institusjonane større ansvar for samarbeid med samfunns- og næringsliv. Institusjonane engasjerer seg no langt meir i arbeidet med å kommersialisere forskingsresultat enn tidlegare.

Regjeringa meiner programmet for kommersialisering av forskingsbaserte idear (FORNY) er viktig i denne samanhengen. Programmet bør sjåast i samheng med og styrkje arbeidet i andre satsingar og program som Norwegian Centres of Expertise (NCE) og Sentre for forskningsdrevet innovasjon (SFI).

Innanfor FORNY er det sett i gang ei særskild satsing for dei statlege høgskolane (FORNY Høgskole), som er særleg viktig i ein distrikts- og regionalpolitisk samheng på grunn av den landsomfattande lokaliseringa av høgskolane. FORNY Høgskole skal medverke til auka kommersialisering av forretningsidear blant studentar og tilsette og er nær kopla til andre næringsretta satsingar mot høgskolesektoren.

Nærings- og handelsdepartementet har sett i gang ein gjennomgang av verkemidla for kommersialisering av FoU-resultat. Resultata av evalueringa vil vere klare vinteren 2006/2007. På bakgrunn av evalueringa vil regjeringa vurdere endringar i eksisterande verkemiddel for å sikre auka kommersialisering og nyskaping frå heile universitets- og høgskolesystemet.

#### 4.4.3 Redusere barrierar for entreprenørskap blant unge, kvinner og innvandrarar

I arbeidet med entreprenørskap legg regjeringa stor vekt på at tilhøva blir lagde godt til rette for unge og for kvinner og innvandrarar som ønskjer å starte opp si eiga verksemd. Desse gruppene utgjer ein stor ressurs som i dag synest å vere for lite utnytta. Talet på kvinner, unge og innvandrarar som har lyst til å etablere eiga verksemd, er i dag større enn det talet på nyetablerarar faktisk viser. Regjeringa meiner det er særleg viktig å leggje til rette for etablering av eiga verksemd nær

heimstaden til folk for å gjere fridomen i busetjingsval reell.

Felles for desse gruppene er at dei ofte ikkje har det nettverket og den tilgangen til kapital som er nødvendig i ein etableringsprosess. I mindre samfunn har entreprenørane ei særskild utfordring ved at dei ofte er svært synlege. I ei undersøking gjennomført av Innovasjon Noreg har kvinnelege entreprenørar peika på at den negative fokuseringa på dei problema ein kan møte som entreprenør, utgjer ein barriere for etablering. Tett oppfølging er derfor viktig for å halde på motivasjonen hos potensielle etablerarar. Både Innovasjon Noreg, fylkeskommunane og Ungt entreprenørskap har gode ordningar for å støtte potensielle etablerarar og skape ein kultur for entreprenørskap. Det er viktig at både dei nasjonale verkemiddelaktørane, fylkeskommunar, regional stat og kommunar medverkar til å byggje ned eventuelle barrierar for desse gruppene i forvaltninga av næringsretta verkemidler, eller utviklar eigne spesialtilpassa tilbod.

Regjeringa legg i tråd med Soria Moria-erklæringa opp til at det skal bli utvikla ein nasjonal handlingsplan for kvinnelege entreprenørar. Nærings- og handelsdepartementet vil utarbeide handlingsplanen i samarbeid med andre departement. I planen vil ulike tiltak bli vurderte. Det gjeld mellom anna finansieringsordningar som stimulerer til innovasjon og entreprenørskap blant kvinner, inkludert vilkår for sjølvstendige næringsdrivande til å kombinere yrkeskarriere med omsorg for barn. Over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet er det i 2006 øyremerkte 10 mill. kroner til ei eiga innovasjons-satsing for kvinner i regi av Innovasjon Noreg. Nærings- og handelsdepartementet har også pålagt Innovasjon Noreg å gå gjennom sine eksisterande verkemiddel for å sjå om desse inneheld barrierar som hindrar kvinner i å bruke dei.

I undersøkinga *Ready for take-off* (Kunnskaps-parken i Bodø, 2005) går det fram at unge etablerarar gjennomgåande har betydelege utfordringar i samband med både kunnskap, erfaring, nettverk og kapital. Unge ser på tilgang til marknaden som ei stor utfordring. Mange unge meiner dei har behov for ekstern kompetane for å lykkast, men kan oppleve det som ein barriere å finne rett ekstern kompetanse som ikkje kostar for mykje. Kompetansebehovet kan gjelde både marknadsføring, forretningsdrift, økonomi, teknologi eller meir generell rettleiing og coaching. Unge har også særlege utfordringar når det gjeld tilgang på kapital da dei manglar nettverk og tidlegare resultat å vise til.

For å møte desse utfordringane har Innovasjon Noreg ei gjennomgåande satsing på unge etablerarar, med kontaktpersonar for unge på alle distriktskontora. Regjeringa legg vekt på at arbeidet retta mot unge etablerarar i Innovasjon Noreg blir vidareført og forsterka i ein dialog med målgruppa slik at arbeidet mot unge etablerarar blir betra. Det er også viktig at dei regionale partnerskapane utviklar strategiar for å møte behova og bygge ned barrierar for unge etablerarar.

#### 4.4.4 Vurdering av ein ny type støtte for nyetablerte bedrifter

Det nye regelverket for regionalstøtte i EØS-området som skal gjelde frå 2007, opnar for å gi støtte til ulike typar driftsutgifter i nyetablerte verksemdar. Regjeringa vil vurdere korleis dette handlingsrommet bør utnyttast og korleis ein slik type støtte eventuelt bør innrettast.

Det er i dag store regionale skilnader i omfanget av etableringar i Noreg. Målt i talet på nyregistrerte verksemdar per innbyggjar ligg Oslo og fylka med storbyområde eller nærleik til Osloregionen gjennomgåande høgare enn fylke med større avstand til storbyområda og Osloregionen. For å etablere vekstkraftige verksemdar er det ofte avgjerande at etablerarane er sikra inntekt i etableringsfasen. Dei nye støttereglane opnar for å løyse likviditetsproblemet til nyetablertane i den første tida og opnar for å følgje verksemda lenger ut i den vanskelege oppstartsfasen, der ein har erfaring med at dei fleste nye verksemdar fell frå.

Kommunal- og regionaldepartementet har sett i gang eit arbeid med å vurdere grunnlaget og behovet for å ta i bruk ein slik type støtte i distrikts- og regionalpolitikken. Arbeidet vil skje i nært samarbeid med verkemiddelapparatet. Tidspunktet for eventuell notifikasjon og iverksetjing av ordninga må vurderast i lys av dette arbeidet.

Regjeringa vil i denne stortingsperioden også vurdere etablering av ein gründerbank. Spørsmålet om gründerbank vil bli behandla i samband med at ein ser på spørsmålet om å skipe eit kapitalfond.

### 4.5 Styrking av rolla kommunane spelar i lokal næringsutvikling

Regjeringa er oppteken av å styrkje den rolla kommunane spelar som førstelinje innanfor arbeidet med næringsutvikling. Mange kommunar, særleg

innanfor det distriktspolitiske virkeområdet, har i ei årrekke arbeidd aktivt med næringsutvikling der kommunale næringsfond har betydd mykje. I fleire kommunar har også arbeidet med generell næringsutvikling og landbruksoppgåver blitt samordna gjennom ein felles kommunal næringsetat. Erfaringane så langt tyder på at ein del kommunar har oppnådd gode og interessante resultat i arbeidet med næringsutvikling. Samtidig er det eit potensial for betring og effektivisering.

#### 4.5.1 Styrkt ordning med kommunale næringsfond

Hovuddelen av midlane over dei ordinære kommunebudsjetta går til dei tunge lovpålagde tenesteoppgåvene. Fleire kommunar nyttar likevel litt av inntektene til å fremme næringsutvikling, og ein del kommunar kan nytte inntekter frå kraftfond eller kommunalt eigde verksemdar som elverk.

Regjeringa meiner at alle kommunane i det distriktspolitiske virkeområdet bør ha økonomiske midlar til å stimulere til lokal næringsutvikling, og vil medverke til dette gjennom satsing på kommunale næringsfond via fylkeskommunane. Kommunal- og regionaldepartementet ser positivt på at kommunar som ønskjer det, nyttar midlane i samarbeid med fleire kommunar i regionale næringsfond. I ei nyleg gjennomført kartlegging blir det peika på at kommunane opplever at slike fond hjelper til med å etablere næringsverksemd i kommunen/regionen og til dialog med personar som ønskjer å etablere seg og utvikle bedriftsdear (Østlandsforskning 2006). Tidlegare evalueringar har vist at ordninga med kommunale næringsfond har medverka til etablering av mange arbeidsplassar, og at dei har vore kostnadseffektive (Teigen 2003).

Kommunal- og regionaldepartementet løyvde 100 mill. kroner til kommunale næringsfond i statsbudsjettet for 2006, som ein del av skjønnsdeling i fordelinga av dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane til fylkeskommunane. Kommunal- og regionaldepartementet legg opp til å auke tildeling av midlar til fylkeskommunane slik at fylkeskommunane i større grad kan prioritere midlar til dette formålet. Det er viktig at fylkeskommunane ser bruken av midlar til kommunale næringsfond i samanheng med dei strategiske planane og målsetjingane for regional utvikling i kvart fylke. God rapportering utgjer ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget i slike vurderingar.

Kommunal- og regionaldepartementet meiner bruksområdet til dei kommunale næringsfonda framleis må inkludere meir enn å gi direkte bedriftsretta støtte. Midlane kan også bli nytta til mellom anna tiltak for kompetanseutvikling for både ny og eksisterande verksemd og til tilrettelegging av areal og infrastruktur for næringsutvikling. Undersøkinga frå Østlandsforskning viser at om lag ein tredel av midlane som blei nytta i 2004, gjekk til direkte bedriftsutviklingstiltak. Av dei resterande midlane gjekk om lag halvparten til infrastrukturtiltak for tilrettelegging for næringsutvikling.

#### Spørsmålet om notifikasjon av kommunale næringsfond

Undersøkinga til Østlandsforskning om omfang og innretting av dei kommunale næringsfonda viser at midlane blir fordelte på mange prosjekt med relativt små summar, jf. boks 4.3. Det er derfor lite som tyder på at støtte frå kommunale næringsfond kjem i konflikt med EØS-regelverket. Svært få kommunar som deltok i undersøkinga, har erfart at kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift har ført til at bedrifter ikkje har kunna ta imot støtte frå kommunale næringsfond. Kommunal- og regionaldepartementet meiner dette tilseier at det er svært sjeldan at midlar frå

kommunale næringsfond ikkje kan bli gitt til bedrifter på grunn av ordninga med redusert arbeidsgivaravgift innanfor *de minimis*-regelverket. Slike situasjonar kan eventuelt bli løyste gjennom notifikasjon av det aktuelle tiltaket. Kommunal- og regionaldepartementet legg derfor ikkje opp til å notifisere kommunale næringsfond.

Når det gjeld midlar nytta til næringsutvikling gjennom ulike kraftfond legg Kommunal- og regionaldepartementet til grunn at kommunane har ansvar for å sørge for notifikasjon av desse dersom praktiseringa av fonda gjer det nødvendig i høve til EØS-regelverket.

#### 4.5.2 Kommunale næringsfond og rolla som førstelinje i næringsretta innsats

Regjeringa er oppteken av å få til ryddige og tenlege oppgave- og ansvarslinjer mellom kommunane og andre aktørar som driv næringsutviklingsarbeid. Kommunal- og regionaldepartementet føreset at kommunane har gode rutinar for avgjerder og oppfølging i næringsfondssaker. Innanfor kvart fylke må fylkeskommunen og den regionale partnerskapen avklare ei tenleg arbeidsdeling og samordning mellom bruk av kommunale næringsfond og ordningar som særleg Innovasjon Noreg forvaltar. Det er viktig at kommunane sjølve byggjer opp relevant kompetanse og

### Boks 4.3 Kartlegging av kommunale næringsfond

Prosjektet *Kartlegging av kommunale næringsfond* blei utført av Østlandsforskning på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet.<sup>1</sup> Sluttrapporten presenterer resulata frå ein registerdataanalyse og ei nettbasert spørjeundersøking retta mot alle kommunar og interkommunale aktørar som hadde eller forvalta kommunale næringsfond i 2004/2005. Prosjektet har *ikkje* hatt som formål å evaluere eller vurdere effektar av dei kommunale næringsfonda.

Hovudresultat frå kartlegginga:

- Kommunale næringsfond blir i hovudsak administrerte innanfor den kommunale organisasjonen, og det er dei folkevalde som styrer og avgjer korleis fondet skal nyttast.
- Storleiken på dei kommunale næringsfonda varierer mykje. Eit gjennomsnittleg nærings-

fond (saldo) ved inngangen til 2004 var på knapt 500 000 kroner.

- Totalt sett blei nesten to tredelar av midlane frå kommunale næringsfond i 2004 nytta til tilretteleggjande tiltak og ein tredel til direkte bedriftsstøtte.
- Den næringa som har størst del av tilsegnene til bedriftsretta tiltak, er privat tenesteyting (23 prosent av bedriftsretta tilsegner).
- Kommunale næringsfond er først og fremst eit verkemiddel for dei minste bedriftene, med frå éin til fem tilsette.
- Støtta går i like stor grad til etablerte bedrifter som til bedrifter som er under etablering.
- Berre tre kommunar har svara at dei i praksis har opplevd at kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift gjennom vidareføring av differensiert sats innanfor «taket» for bagattellstøtte, har ført til at bedrifter ikkje har kunna ta imot støtte frå kommunale næringsfond.

<sup>1</sup> Rapport 04/2006, Østlandsforskning, ved Køhn, Grimsrud og Hagen.

medverkar til utnytting av best mogleg kompetanse i andre delar av verkemiddelapparatet.

Regjeringa si styrking av innsatsen gjennom kommunale næringsfond er sett i verk frå 2006. Kommunal- og regionaldepartementet vil hente inn og vidareformidle erfaringar om korleis arbeidet med desse midlane blir organisert og forvalta rundt om i kommunane. Dette kunnskapsgrunnlaget vil liggje til grunn for seinare vurderingar av organisering og innretting av ordninga. Departementet vil også vurdere behovet for eigne retningslinjer for bruken av midlar frå kommunale næringsfond.

Kommunal- og regionaldepartementet, Landbruks- og matdepartementet, KS og Innovasjon Noreg samarbeider om eit prosjekt som skal sjå på spørsmål som er knytte til kommunane som førstelinje for småskala næringsutvikling. Prosjektet har omfatta 47 kommunar frå 13 fylke. Det skal gjere kommunane betre i stand til å fylla rolla som førstelinje ved å medverke til at kommunane i samarbeid blir aktive, kompetente og resultatorienterte aktørar i lokal og regional næringsutvikling. Ein viktig del av dette er å styrkje samhandlinga mellom det regionale og det lokale nivået i arbeidet med næringsutvikling. Prosjektet blei starta i 2004 og skal vere ferdig hausten 2006. Resultata frå dette prosjektet vil vere viktige bidrag til det vidare arbeidet med å avklare roller og ansvarstilhøve, særleg i høve til Innovasjon Noreg.

Regjeringa meiner også at mindre kommunar med felles arbeidsmarknader kan ha stor nytte av å etablere samarbeid om felles kontaktpunkt og rettleiingstenester for nyetablerar og etablert næringsliv. Dette kan vere ei form for lokale servicekontor for næringslivet som har kompetanse både om kommunale tenester og om tilbod frå verkemiddelapparatet elles. Slikt samarbeid mellom kommunar kan også gi grunnlag for tiltak av felles nytte i området på tvers av kommunegrenser. Frå og med 2004 er det sett i gang forsøk med oppgåvedifferensiering av BU-midlane i to område i Oppland. Forsøket er førebels evaluert etter to år og vil bli fullført.

#### **Boks 4.4 Samarbeid om næringsutvikling i Telemark**

Mange kommunar ser nytten i å etablere formelt samarbeid med omkringliggjande kommunar og det lokale næringslivet i arbeidet med å skape næringsutvikling og ny aktivitet. Midt-Telemark næringsutvikling AS (MTNU) er eit døme på dette og er eit regionalt næringsutviklingsselskap for kommunane Nome, Bø og Sauherad. Selskapet blei etablert hausten 2003 og var i drift frå juni 2004. Styret i selskapet er samansett av ordførarane i dei tre kommunane, tre næringslivsrepresentantar og éin frå høgskole- og forskingsmiljøet i regionen. Kommunane eig 51 prosent av selskapet, medan resten av eigarskapen er lagd til næringslivet i dei tre kommunane. Selskapet blir drifta med kommunale midlar i tillegg til eigne prosjektinntekter. Regionen har eit felles næringsfond på 15 mill. kroner; Midt-Telemark interkommunale næringsfond. Avkastinga av fondet kan kvart år nyttast til utviklingsprosjekt og bedriftsretta tilskot. Styret i MTNU er ansvarleg for å fordele desse midlane. Selskapet skal først og fremst vere eit fagleg støtteapparat for eksisterande og nytt næringsliv i regionen og fungere som den operative eininga til kommunane for næringsutvikling og profilering av regionen som marknad for arbeid og etablering. Primær oppgåvene er etablerarretteleing og bedriftsrådgiving til eksisterande næringsliv og ulike fellesprosjekt for næringslivet, mellom anna innan industri, handel, reiseliv og landbruk. Grunnlaget for den vidare utviklinga er nedfelt i ein strategisk næringsplan, som er utvikla i tett samhandling mellom næringsliv, kulturliv og kommune og er vedteken i alle tre kommunestyra.

## 5 Sektorretta innsatsar og rammevilkår for næringsutvikling

Fleire målretta innsatsar innanfor sektorar som utnyttar stadbundne potensial for næringsverksemd, eller som er dominerande i lokale arbeidsmarknader, er viktige for å fremme dei distrikts- og regionalpolitiske måla regjeringa har sett seg. Regjeringa legg vekt på ein målretta innsats for auka verdiskaping og innovasjon i dei delane av ulike næringar og sektorar som har vekstpotensial. Effektiviseringa og reduksjonen i sysselsetjing i arbeidsintensive næringar må bli møtt med framvekst av nye konkurransedyktige bedrifter.

På fleire område legg staten også viktige rammer for næringsaktørar gjennom reguleringar av ressursar eller kanalisering av statsstøtte, som også har stor distrikts- og regionalpolitisk verknad. Dette gjeld til dømes rammer for utvinning av olje og gass, regulering av fiske og profilen på landbruksstøtta. Regjeringa legg vekt på at utviklinga av politikken på desse områda skal bli vurdert i høve til distrikts- og regionalpolitiske mål.

Regjeringa vil vidareutvikle fleire verdiskapingsprogram som skal medverke til å utnytte verdiskapingspotensiala og auke innovasjonsevna innanfor ulike sektorar og næringsområde. Regjeringa har starta opp arbeidet med å utvikle ein nasjonal reiselivsstrategi. Regjeringa vil også medverke til ei auka utnytting av potensiala som ligg i kulturbasert næringsutvikling, og samspelet mellom dette og reiseliv.

### 5.1 Landbruksnæringar er viktige for sysselsetjing og busetjing

Landbruket spelar ei viktig rolle for sysselsetjing og busetjing i store delar av landet og er berebjelken i mange bygder. I Soria Moria-erklæringa er det sett som mål å oppretthalde eit levande landbruk over heile landet. For å møte denne utfordringa har Landbruks- og matdepartementet mange verkemiddel som verkar saman for å auke verdiskapinga og realisere spreidd produksjon gjennom ein variert bruksstruktur.

Distrikts- og regionalpolitiske omsyn er derfor viktige i utforminga av dei landbrukspolitiske verkemidla. Kanaliseringspolitikken er sentral i den

samanheng. Denne politikken legg mellom anna til rette for at grasbaserte husdyrproduksjonar i stor grad kan skje i område der alternative landbruksproduksjonar er få. Mjølkeproduksjonen, med tilhøyrande kjøttproduksjon, er eit døme på dette. Over jordbruksavtalen er 55 prosent av løyvingane på tilskotsordningar distriktsdifferensierte, medan 70 prosent er på ordningar som er strukturdifferensierte og 40 prosent er både distrikts- og strukturdifferensierte. Strukturdifferensieringa gir ein meir variert bruksstruktur og eit meir omfattande jordbruk ved å kompensere for skalaulemper. Ved eit middels driftsomsfang, tek gardar i Nord-Noreg imot over dobbelt så høg støtte som gardar på Jæren.

Regjeringa vil vurdere distriktsprofilen i samband med jordbruksforhandlingane. Dette vil òg bli sett i samband med resultatane av internasjonale avtaler om handel. Landbruket møter ein stadig sterkare globalisert, kunnskapsbasert og konkurransesett økonomi. Ambisjonane til regjeringa i WTO-forhandlingane som går føre seg, er fastsette gjennom Soria Moria-erklæringa. Regjeringa vil forhandle med utgangspunkt i å få til best mogleg handlingsrom for å føre ein politikk som gjer det mogleg å nå måla. Inngåinga av ein ny WTO-avtale vil i alle høve ikkje endre dei distriktpolitiske ambisjonane til regjeringa når det gjeld landbruket og næringsmiddelindustrien. Landbruks- og matdepartementet legg opp til ein større gjennomgang av landbrukspolitikken når ein ny WTO-avtale har kome på plass.

I Soria Moria-erklæringa står det at regjeringa vil sikre utøvarar i landbruket ei inntektsutvikling og sosiale vilkår på linje med andre grupper. I lys av dette vil inntektsnivået bli vurdert i samband med dei årlege jordbruksforhandlingane. Dette er følgt opp gjennom jordbruksavtalen for 2006-2007. I tillegg legg avtalen til rette for ei nivåheving i inntektene.

Landbruket og landbruksbasert verksemd er ein viktig pilar for knoppskyting for næringsutvikling i område utanfor byregionane. Bygdeutviklingsmidlane saman med fleire verdiskapingsprogram skal medverke til næringsutvikling og utnytting av konkurransefortrinna i landbruket.

### Boks 5.1 Landbruket er viktig for sysselsetjing og busetjing

Landbrukssektoren har ei av dei mest komplette verdikjedene i norsk næringsliv, frå forskning på råvarer og heilt fram til forbrukar. Heile verdikjeda for mat sysselset over 100 000 årsverk rundt om i heile landet. Nærings- og nyttingsmiddelindustrien er Noregs nest største industribransje og er svært viktig for sysselsetjinga utanfor byområda. I 2005 var nærmare 50 000 sysselsette i denne industrien. Primærproduksjonen og næringsmiddelindustrien er gjensidig avhengige av kvarandre. Utan norske råvarer vil truleg store delar av denne industrien forsvinne. Skogsektoren har også stor regional verdi for sysselsetjinga og representerer om lag 30 000 årsverk.

Målet er auka verdiskaping for primærprodusentane og verksemdar som vidareforedlar råvarer frå norsk landbruk.

#### 5.1.1 Vidareføre Bygdeutviklingsmidlane for å fremme nyskaping i landbruket

Bygdeutviklingsmidlane (BU-midlane) er viktige i arbeidet med å leggje til rette for å utvikle nye og alternative næringar og arbeidsplassar med grunnlag i ressursane i landbrukseigedomane. Dette legg grunnlag for langsiktig, lønnsam verdiskaping og desentralisert busetjing. Innanfor landbruket er potensiala store for næringsutvikling og innovasjon som er basert på regionale fortrinn, der ein ser ressursgrunnlag og marknadspotensial i samanheng. Landbruket kan utnytte den generelle velstandsauken ved å auke tenesteelementet i jord- og skogbruket og dermed utvikle produkt og tenester med eit høgare innteningspotensial.

BU-midlane kan nyttast både til tilretteleggjande og bedriftsretta tiltak. BU-midlane skal bli nytta til å støtte eit breitt spekter av næringsverksemd med utgangspunkt i ressursane i landbruket generelt og landbrukseigedomane spesielt. Landbruks- og matdepartementet legg særleg vekt på områda bioenergi, reiseliv og sal av tenester. Det er såleis mogleg å støtte lokalsamfunnstiltak av ulike slag og gi direkte støtte til bedrifter i ulike fasar. Dei fylkesvise BU-midlane blir forvalta

regionalt, men er basert på overordna retningslinjer frå nasjonalt hald. Det er såleis opp til den regionale partnerskapen på fylkesnivå å vurdere kvar effekten av pengane er størst. Dersom det er særskilde utfordringar i nokre område, kan regionalt nivå prioritere å bruke BU-midlar der.

God lønnsemd i det tradisjonelle landbruket er viktig for nyskaping i landbruket generelt. Næringsutviklingsarbeidet skal medverke til å oppretthalde ein variert bruksstruktur, der deltidlandbruket og kombinasjonsbruka får sjansar til utvikling ut frå mål om levande bygder og eit allsidig næringsliv.

#### 5.1.2 Verdiskapingsprogrammet for matproduksjon

Hovudformålet for programmet er høgare verdiskaping gjennom å stimulere til produksjon av mat med særpreg og høg kvalitet med utgangspunkt i ønske og behov i marknaden. Programmet skal vere basert på utnytting av mellom anna norske mattradisjonar og lokale og regionale matspesialitetar. Programmet skal også medverke til fornying av produksjons-, leverings- og distribusjonsmetodane og fornying og utviding av marknaden for dei aktuelle matvarene. Målgruppa er først og fremst små og mellomstore matbedrifter, men også andre kan bli støtta så lenge tiltaket er innanfor rammene av målet for programmet. Det er ein føresetnad at tiltak som blir støtta, medverkar til ei verdiskaping også i primærleddet. Det er etablert ein eigen arena for programmet med representantar frå heile verdikjeda. Arenaen skal gi råd til Innovasjon Noreg og Landbruks- og matdepartementet i arbeidet med å utvikle programmet.

Den offentlege merkeordninga *Beskytta nemningar* inngår som ein del av programmet. Ein viktig faktor for opprettinga av den norske merkeordninga har vore dei svært positive erfaringane som fleire av EU-landa har med same merkeordning. Erfaringane frå EU syner at opphavsmarkering som kombinerer kriterium for geografisk opphav, tradisjon og særpreg, har ført til auka omsetning og auka lønnsemd både hos primærprodusentane og produsentane av næringsmiddel.

Den årlege løyvinga til programmet har dei siste åra vore på rundt 100 mill. kroner. Landbruks- og matdepartementet legg til grunn at verdiskapingsprogrammet for matproduksjon blir vidareutvikla i åra framover. Viktige satsingsområde vil vere differensiering og utvikling av matproduksjonen, merkeordninga *Beskytta nemnin-*

gar spesielt og konkurransefortrinn generelt, auke av kompetansen til norske matprodusentar og FoU.

### 5.1.3 Verdiskapingsprogrammet for reindrift

Verdiskapingsprogrammet for reindrift blei oppretta i 2001. Formålet med programmet er å auke verdiskapinga i næringa slik at ho kjem reineigarane til gode. Verdiskapingsprogrammet for reindrifta blir gjennomført i tråd med handlingsstrategiane for verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon, men er ikkje avgrensa til berre å omfatte matprodukt. Satsingsområda er gjennomgang av regelverk som kan vere til hinder for auka verdiskaping, mobilisering av nettverk, rettleiing, motivering og kompetanseheving.

Den årlege løyvinga er på om lag 7,7 mill. kroner over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet, og forvaltninga av programmet er lagd til Innovasjon Noreg. Landbruks- og matdepartementet legg til grunn at verdiskapingsprogrammet for reindrift blir vidareutvikla i tråd med mellom anna utviklinga i verdiskapingsprogrammet for matproduksjon for å møte dei utfordringane næringa står overfor.

### 5.1.4 Strategiar for utvikling av skognæringa og verdiskapingsprogram for bruk og foredling av trevirke

Noreg har store uutnytta skogressursar. Desse ressursane er eit viktig grunnlag for verdiskaping og vil kunne medverke til å sikre folk arbeidsplassar og velferd der det elles er få alternativ til selssetjing. Skognæringa er sett saman av både store industribedrifter, mellomstore trelast- og trevarebedrifter og mange småforetak blant skogeigarar og entreprenørar. Mange av desse verksemdene er lokaliserte i småsenter og spreiddbygde område.

Den norske skogindustrien er bygd opp omkring foredling av norsk råstoff. Dei siste åra har hogstaktiviteten i Noreg vore låg. Som ei følge av dette har delar av skogindustrien hatt vanskeleg for å skaffe nok råstoff til produksjonen. Samtidig gir ressursgrunnlaget rom for betydeleg auka hogst innanfor ramma av eit berekraftig skogbruk. Det er også ei næring med stor eksportverdi og med potensial for auke i verdiskapinga knytt til både treprodukt og bioenergi.

Landbruks- og matdepartementet legg derfor vekt å leggje til rette for auka aktivitet i dei

områda der ressursane og marknadstilhøva gir grunnlag for det. Landbruks- og matdepartementet vil utvikle nasjonale strategiar for auka avvirkning av skog, jf. oppmodingsvedtak nr. 574 og Innst. S. nr. 240 (2004–2005).

Verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke, *Treprogrammet*, skapte engasjement, stimulerte til nyskaping i skog- og trebransjen, auka interessa for bruk av tre og medverka til auka fokus på betre lønnsemd og auka verdiskaping i verdikjeda. I den framtidige tresatsinga vil Landbruks- og matdepartementet arbeide vidare etter desse linjene. Nyskaping, verdikjedeutvikling, kommersialisering av produktidear og profesjonalisering av sal og marknadsføring av tre og treprodukt blir sentrale element i den nye satsinga. Parallelt med dette vil Landbruks- og matdepartementet medverke til å styrkje forskinga knytt til trebruk og treprodukt. Det er eit nært samarbeid mellom Forskningsrådet og Innovasjon Noreg i dette arbeidet.

Skogressursane er òg viktige i energi- og miljøsamheng. Bioenergi blir eit viktig vekstområde i åra framover, og i denne samanhengen er trevirke blant dei viktigaste råstoffa. Bioenergisinga vil derfor bli ein sentral del av skogpolitikken framover. Produksjon av miljøvennleg energi og verdiskaping basert på bioenergi er omtalt i kapittel 5.8.

## 5.2 Verdiskapingsprogram på kulturminneområdet

Regjeringa legg vekt på at kulturminne og kulturmiljø blir nytta som grunnlag for utvikling av levande lokalsamfunn og verdiskaping, i tillegg til eigenverdien kulturminne har som kjelde for kunnskap og opplevingar.

På denne bakgrunnen har Miljøverndepartementet etablert eit verdiskapingsprogram på kulturminneområdet som skal gjelde frå og med 2006. Verdiskapingsprogrammet har desse måla:

- Medverke til at kulturminne og kulturmiljø blir tekne i bruk i utvikling av lokalsamfunn og næringsliv.
- Utvikle modellar for samarbeid mellom eigarar, personar med rettar, næringsliv, offentlege aktørar, museum og frivillige organisasjonar.
- Spreie kunnskap om korleis ein berekraftig bruk av kulturminne og kulturmiljø fremmar næringsutvikling og styrkjer lokalsamfunn og regionar.

- Klargjere føresetnader som kan fremme, og flaskehalsar som kan hemme, verdiskaping knytt til kulturminne.

Det blir lagt opp til at fase 1 av programmet vil gå frå 2006 til og med 2009. På bakgrunn av erfaringar og resultat frå denne perioden vil Miljøverndepartementet ta stilling til vidare omfang av og innhald i programmet (fase 2). I 2006 vil inntil ti pilotprosjekt bli valde ut. Desse prosjekta vil få økonomisk og fagleg støtte til å gjennomføre prosjekta over ein fireårsperiode. Prosjekta vil inngå i ein lokal eller regional strategi for verdiskaping og innovasjon. Det vil også bli utvikla eit nettverk for kunnskapsformidling, erfaringsutveksling og koordinering.

Fylkeskommunen som regional utviklingsaktør vil stå sentralt i programarbeidet, men både eigarar, næringslivet, andre private og offentlege aktørar og frivillige organisasjonar kan søkje om å delta i programmet. Miljøverndepartementet legg vekt på etablering av aktørfelleskap over tradisjonelle fag- og sektorgrensar og at midlane i verdiskapingsprogrammet skal fungere i samspel med andre offentlege og private ressursar gjennom spleiselag. Miljøverndepartementet legg opp til at kystkultur skal bli vektlagt i verdiskapingsprogrammet, som eit strategisk verkemiddel innfor kystkultursatsinga.

### 5.3 Fiskeri og kystnæringane skal gi verdiskaping langs kysten

I Soria Moria-erklæringa er marin sektor identifisert som eitt av fem satsingsområde der Noreg har særskilde fortrinn. Aktiviteten i sektoren er lokalt forankra med ulike regionale særtrekk og potensial, samtidig som næringa er svært internasjonalt konkurransedyktig.

Fiskeri- og havbruksforvaltninga til regjeringa skal vere basert på langsiktige strategiar der berekraftig ressursutnytting og ei rettferdig ressursfordeling er sjølv fundamentet. Dei levande marine ressursane er eige dommen til fellesskapen. Dei skal bli forvalta på ein måte som gir størst mogleg verdiskaping i lokalsamfunn langs kysten og i fjordane, og særleg i samfunn som er avhengige av fiskeri- og havbruk. Fiskeri- og kystdepartementet vil på bakgrunn av dette forsterke handhevinga av leveringsplikta, revurdere strukturen i fiskeflåten og sikre ei livskraftig og miljøvennleg utvikling i havbruket. Regjeringa har i 2006 sett i verk fleire tiltak for å kome det omfattande ulovlege fisket til livs, gjennom auka kontroll både i

Noreg og i samarbeid mellom Noreg og Russland og fleire EU-land.

For ei eksportretta og konkurranseutsett næring er marknad og tilgang til marknaden viktig. Regjeringa vil arbeide vidare for å sikre næringa best moglege internasjonale rammevilkår. Fiskeri- og kystdepartementet vil også medverke til tiltak for bygging av nettverk mellom bedrifter og med fokus på heile verdikjeda frå fjord til bord for å styrkje konkurranseevna.

#### 5.3.1 Fiskeforedlingsindustrien skal sikrast stabil tilgang på råstoff

Fiskeri- og kystdepartementet ønskjer å handheve strengt leveringsvilkåra som er knytte til ferskfisktråleflåten, for å sikre fiskefordelingsindustrien langs kysten stabil tilgang på råstoff. I Soria Moria-erklæringa blir det tilrådd at konsekjonar skal bli inndregne dersom det kan bli konstatert grove brot på ordninga.

Oppbygginga av ferskfisktrålarflåten skjedde samtidig med etablering av frosenfiletindustrien på 1960-talet. Desse fartøya skulle sørge for ein jamn og sikker tilførsel av torsk til foredlingsindustrien. Derfor blei spesielle leveringsvilkår nedfelte i konsesjonsdokumenta for torsketrålarar tilhøyrande reiarlag som var knytte til industrianlegg. Mykje har blitt endra etter det. Ei evaluering frå januar 2006 som er utført av Fiskeriforskning, syner at det er behov for ein gjennomgang av ordninga. Fiskeri- og kystdepartementet vil også etablere ei distriktskvoteordning retta mot spesielt utsette område for å sikre sysselsetjinga i industrien. Dette er nærmare omtalt i kapittel 6.

Noreg har unike fortrinn gjennom nærleik til attraktive marine ressursar. Dette gjer oss i stand til å forsyne kjøpekraftige konsumentar i Europa med ferske fiskeprodukt. Fiskeri- og kystdepartementet arbeider med å avklare korleis det offentlege kan medverke til å utnytte fortrinnet, mellom anna gjennom å utvikle ein ferskfiskstrategi.

#### 5.3.2 Struktur i fiskeflåten

Regjeringa ser det som ein styrke at næringa har ein struktur der aktørane varierer i storleik. Det skal bli lagt til rette for ein fiskeflåte som medverkar til aktivitet og sysselsetjing langs heile kysten. 6. januar 2006 blei det nedsett eit utval som skal evaluere strukturtiltaka for fiskeflåten og fremme forslag til korleis den framtidige strukturpolitikken bør bli utforma. Mandatet for utvalet er knytt opp mot konkrete mål i Soria Moria-erklæringa

om at strukturpolitikken må medverke til å sikre fiskeressursane som felles eigedom og å utvikle ein fiskeflåte som medverkar til aktivitet langs heile kysten, og som også er moderne, variert og lønnsam.

Utvalet er bede om å kome med si innstilling innan 15. august 2006. Det vil deretter bli gjennomført ei ordinær høyring. Målet er at reviderte ordningar skal tre i kraft frå og med januar 2007. Fiskeri- og kystdepartementet vurderer også å etablere investeringstilskot for kystflåten. Dette vil eventuelt bli realisert tidlegast i 2007.

### 5.3.3 Havbruksnæringa er viktig for kysten

Regjeringa ønskjer i tråd med Soria Moria-erklæringa å etablere konkurransevilkår for havbruksnæringa som sikrar ei livskraftig og miljøvennleg utvikling av næringa, og som kan medverke til verdiskaping langs kysten.

I Soria Moria-erklæringa blir det peika på behov for auka risikoavlastning ved oppstart av oppdrett av nye artar, og at det skal vurderast å etablere eit statleg investeringsfond for marin sektor som mellom anna skal kunne gå inn med eigarinteresser i oppdrett. Det blir også peika på

tiltak som involvering av regionalt folkevalt nivå i komande konsesjonstildelingar av laks og aure, endring av avgrensingar i eigarskap, gjeninnføring av styringsverktøy som førkvotar og innføring av ei arealavgift som skal tilfalle vertskommunane.

Regjeringa har alt endra reglane for avgrensinga for eigarskap ved at det øvre taket på eigardel for eit selskap er redusert frå 35 prosent til 25 prosent av samla konsesjonsbiomasse i oppdrett av laks og aure. Samtidig blei grensa for eigarskap der det blir innhenta samtykke frå Fiskeri- og kystdepartementet, sett ned frå 20 prosent til 15 prosent.

Resten av tiltaka vil bli vurderte i ein samla gjennomgang av konkurransevilkåra til havbruksnæringa, med utgangspunkt i eit mål om at næringa skal vere konkurransedyktig og subsidieløse. Regjeringa har sett ned ei interdepartemental arbeidsgruppe under leiding av Fiskeri- og kystdepartementet for å vurdere ulike tiltak i samanheng. Nye endringar i regelverket vil truleg ikkje bli gjort gjeldande før tidlegast frå 1. januar 2007.

Mykje av forventninga til framtidig verdiskaping i marin sektor ligg i nye artar i oppdrett, havbeite og fangstbasert akvakultur. Oppdrett av

## Boks 5.2 Regionale fortrinn og potensial – samarbeid mellom regionalt og sentralt nivå

Å basere næringsutvikling på regionale fortrinn og potensial for verdiskaping reiser fleire utfordringar og spørsmål, som kva eit regionalt fortrinn eller potensial er, korleis verkemiddel kan bli nytta systematisk for å utnytte slike fortrinn, korleis satsing på regionale fortrinn kan fremme størst mogleg nasjonal verdiskaping, korleis sikre samsvar mellom innsats ved bruk av regionale utviklingsmidlar i fylka og nasjonale marine strategiar og korleis fremme samarbeid og arbeidsdeling regionane imellom når det gjeld marin næringsutvikling.

Desse spørsmåla har kystfylka, Fiskeri- og kystdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Fiskeridirektoratet og dei nasjonale verkemiddelaktørane Innovasjon Noreg, Forskingsrådet og SIVA sett fokus på gjennom arbeidseminar.

På det første arbeidseminaret, i mars 2005, var det brei semje om behovet for ei felles oversikt over planar og innsats i kystfylka for marin utvikling. På eit arbeidseminar i mars 2006 la SINTEF Fiskeri og havbruk fram ein samla

dokumentasjon av dette for kystfylka frå Rogaland til og med Finnmark. Oversikta viser eit stort mangfald i engasjement mot marin sektor. Ho indikerer at auka koordinering mellom regionane og mellom regionalt og nasjonalt nivå vil kunne gi auka uttelling av den samla offentlege verkemiddelbruken.

I nært samråd med kystfylka og nasjonale fagorgan og verkemiddelaktørar vil Fiskeri- og kystdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet ta initiativ til eit oppfølgingsprosjekt med sikte på å utvikle ein metode for identifikasjon av regionale fortrinn for marin verdiskaping. Målet er at fylka sjølve skal ta ein slik metode i bruk i kartlegginga av eigne marine fortrinn og potensial, og nytte dette til å styrkje sitt samarbeid med andre regionar og nasjonale styresmakter. I ein regionalpolitisk samanheng vil det vere nyttig å vurdere både kvar ein har klart å utnytte sine regionale fortrinn og potensial, og kvar det kan vere behov for auka innsats for å utvikle eit betre tilpassa og meir konkurransedyktig næringsliv.

torsk er ei vekstnæring innanfor havbruk, men også andre artar har potensial som både volum- og nisjeartar. Dei mest aktuelle andre artane er kveite, steinbit og blåskjel. Særskilde naturgitte regionale fortrinn gir gode vekstvilkår for ulike artar i ulike delar av landet. Til dømes eignar flekksteinbit og røye seg godt for oppdrett i Nord-Noreg med kaldt vatn, medan tilhøva er gode for østersdyrking på Sørvestlandet. For å få fram lønnsam produksjon av nye artar i oppdrett trengst det eit betydeleg og langsiktig engasjement av både privat og offentleg karakter.

### 5.3.4 Marint verdiskapingsprogram

Regjeringa legg vekt på at utviklinga i fiskeri- og havbruksnæringane skal medverke til at vi får lønnsame arbeidsplassar og auka aktivitet langs kysten. Samtidig er det ei utfordring å styrkje den globale konkurransekrafta til desse næringane, som er svært konkurranseutsette. Tidlegare har konkurransen i hovudsak prega detaljistledet. I dei seinare åra har globaliseringa også nådd råvaremarknaden. Norsk fiskeforedlingsindustri møter no ein auka internasjonal konkurranse, også om lokalt fanga råstoff.

I ein slik situasjon meiner Fiskeri- og kystdepartementet at det er heilt sentralt at fiskeri- og havbruksnæringane blir vidareutvikla, særleg på produkt- og marknadssida. Fiskeri- og kystdepartementet ønskjer å støtte opp om dette arbeidet i næringa gjennom å etablere eit nytt marint program for innovasjon og auka verdiskaping. Gjennom programmet skal det offentlege medverke til å styrkje kompetansen i bedriftene om marknadskrav og internasjonalisering og til å omsetje slik kompetanse til strategisk marknadsretta verksemd.

I 2006 er det sett av 40 mill. kroner til det nye marine verdiskapingsprogrammet. Programmet vil bli administrert av Innovasjon Noreg. Fiskeri- og kystdepartementet har saman med Kommunal- og regionaldepartementet og Innovasjon Noreg etablert nær kontakt og dialog med fylkeskommunane og andre regionale organ om utforming og iverksetjing av programmet. Det skal medverke til ei meir effektiv planlegging og gjennomføring av innsats for marin næringsutvikling, der ein kan sjå nasjonale og regionale satsingar i samanheng.

### 5.3.5 Rekruttering

For å sikre ei berekraftig utvikling av fiskeriavhengige kystsamfunn og at ungdommen skal

ønskje og finne ein plass i fiskerinæringa, vil Fiskeri- og kystdepartementet leggje til rette for rekrutteringsordningar som kan medverke til at ungdom finn ein veg inn i næringa. Departementet vil setje ned eit eige utval i inneverande år for ein gjennomgang og ei nærmare vurdering av temaet.

## 5.4 Regjeringa vil utvikle ein nasjonal reiselivsstrategi

Regjeringa vil i tråd med Soria Moria-erklæringa utvikle ein nasjonal reiselivsstrategi som byggjer på nærleik til natur og norsk kultur, og som sikrar satsinga på grønt reiseliv, reiselivsnæringa som distriktsnæring og attraktiviteten i kulturlandskapet.

Reiselivsstrategien vil bli utforma av Nærings- og handelsdepartementet i nært samarbeid med andre departement. Det er lagt opp til ein brei prosess og tett dialog med næringane og ulike offentlege aktørar. Som ein del av oppstarten av prosessen er mange ulike aktørar inviterte til samråd for å drøfte aktuelle problemstillingar og hente inn synspunkt. Formålet er å få klarlagt kva som er viktig for ei vidare positiv utvikling av reiselivsnæringane, og samtidig få ei grundig gjennomdrøfting av og eit breitt engasjement i arbeidet med moglege tiltak.

Reiselivsstrategien skal leggje grunnlaget for å styrkje konkurransevna til reiselivsnæringane. Aktuelle tema i strategiarbeidet er internasjonal profilering, opplæring og styrking av kompetansen i næringane, fysisk infrastruktur, fellesgodefinansiering, kvalitetssikring av reiselivsprodukta og betre samarbeid mellom næringsaktørane og mellom næringane og styresmaktene. Regjeringa tek sikte på å leggje fram strategien våren 2007.

Arbeidet med reiselivsstrategien vil mellom anna byggje på erfaringane med ulike tiltak nasjonalt og regionalt for å fremme utvikling av reiseliv. Landbruks- og matdepartementet har til dømes medverka til å utvikle reiseliv knytt til landbruket over fleire år, mellom anna gjennom satsinga på grønt reiseliv, jf. også kapittel 6.3.2. I dette arbeidet har det blitt lagt vekt på å styrkje lokal identitet, lokal matkultur, kultur- og kunnskapsformidling og ei bevisst miljøtenking. Landbruks- og matdepartementet vil også framover medverke til å utvikle landbruksrelatert reiseliv og opplevingsproduksjon med vekt på dei fortrinna landbruket har i reiselivsmarknaden. Innsatsen gjeld både produktutvikling, kvalitetsforbetring, kompetan-

seutvikling, marknadsføring, sal, alliansebygging og samarbeidsnettverk.

Turisme knytt til kystfiske og kystkulturen er ein av fleire vegar mot auka verdiskaping og selssetjing i kystkommunar. I november 2005 arrangerte Fiskeri- og kystdepartementet eit møte om fisketurisme i Noreg, med brei deltaking frå både reiselivsnæringa og fiskerinæringa. Havforskningsinstituttet vil setje i gang eit omfattande kartleggingsarbeid som vil gi grunnlag for framtidig forvaltning av kystnært fiske. Der vil mellom anna «fisketurisme» vere eit viktig tema. Kystverket arbeider med å styrkje verdien fyrstasjonar, vardar og andre installasjonar har i mange lokal-samfunn langs Kyst-Noreg, mellom anna for auka reiseliv og turisme. Dette kan bli vidareutvikla ved auka lokalt og regionalt engasjement knytt til vern og utnytting av anlegg og område der staten i dag er eigar og forvaltar.

Ein vesentleg del av dei regionale utviklingsmidlane som blir desentraliserte frå Kommunal- og regionaldepartementet til fylkeskommunane, går til reiselivsrelaterte formål. Som regional utviklingsaktør skal fylkeskommunen etablere regionale partnerskapar med klart mandat for å avklare og koordinere innrettinga av innsatsen ut frå nasjonale og regionale mål og strategiar. Dette gjeld også for reiselivsnæringa. Eit døme på dette er kulturturismeprosjektet Nordsjøløypa, der fleire fylkeskommunar deltek, og der målet er å utvikle småskala opplevingssturisme i kyststrøk.

Nasjonale turistvegar er eit landsdekkjande prosjekt i regi av Statens vegvesen. Gjennom prosjektet blir det lagt til rette og marknadsført for bil-turisme på 18 utvalde vegstrekningar (om lag 1 800 km). Det overordna målet for prosjektet er at turistvegane skal bli særskilde turistattraksjonar som skal gjere Noreg attraktivt som reisemål for vegfarande turistar frå inn- og utland. Lokalt engasjement og eigarskap er avgjerande for å få til eit levedyktig turistvegprodukt. Samtidig er gjennomføringa av dei tiltaka som Statens vegvesen har ansvar for, viktig for å stimulere private og lokale offentlege aktorar til å satse på og følgje opp med utviklingstiltak innanfor deira ansvarsområde.

Jernbanen er viktig for turistnæringa i Noreg. Eit godt togtilbod medverkar til god framkomst i og mellom regionar og gjer turistattraksjonar rundt om i landet meir tilgjengelege. Mange store turistattraksjonar ligg langs jernbanen. Bergensbanen, Flåmsbana og Raumabanen blir rekna for å vere blant dei flottaste banestrekningane i Europa med eit mangfald av naturopplevingar langs strekningane. Samferdselsdepartementet

meiner at eit godt togtilbod er svært viktig for å nå måla om auka turisme i Noreg, og vil mellom anna derfor halde fram med ordninga med statleg kjøp av persontransporttenester med tog.

Utviklinga av kulturlandskapet er viktig for å utvikle reiselivet i Noreg. Kulturlandskapet omfattar store delar av landarealet i Noreg og har unike kvalitetar knytt til gammal og tradisjonsrik byggeskikk, gamle kulturminne, kulturmarker, vegar og liknande. Ivaretaking av kulturlandskapet er mellom anna kopla til fleire verkemiddel under Landbruks- og matdepartementet, jf. også kapittel 2.3.5.

Regjeringa legg også vekt på at dei store potensiala for reiseliv i område rundt nasjonalparkar og verneparkar og andre verneområde blir utnytta. Arbeidet i Miljøverndepartementet med handlingsplanen for berekraftig bruk og skjøtsel av nasjonalparkar, saman med ei rekkje andre departement, vil vere eit viktig innspel for å fremme dette, jf. kapittel 5.7.

## 5.5 Auka satsing på kulturbasert næringsutvikling

Regjeringa ønskjer å leggje til rette for kulturbasert næringsutvikling og auka verdiskaping i kulturnæringane med særleg fokus på å etablere bedrifter og arbeidsplassar. Regjeringa meiner ei medviten satsing på kultur og utvikling av kulturnæringar kan spele ei viktig rolle i regional og lokal utvikling og vere ein sentral del i arbeidet med å skape attraktive stader. Det er også viktig med koplingar mellom kulturbasert næringsutvikling og reiseliv, opplevingar knytt til lokal mat, kulturarv og natur. Ut frå eit distrikts- og regionalpolitisk perspektiv er det to naturlege og overordna perspektiv på ei slik satsing.

### *Bedriftsretta perspektiv*

Det eine er kulturbasert næringsutvikling og verdiskaping gjennom å stimulere til bedriftsetableringar og å skape nye arbeidsplassar. Fokuset kan vere retta både mot eksport og mot nasjonale marknader og dreier seg om eit breitt spekter av næringar, som film, musikk og media, og lokale mattradisjonar og oppleving som innsatsfaktorar i reiselivet.

Regjeringa er oppteken av at det nærings- og innovasjonspolitiske verkemiddelapparatet blir brukt meir aktivt for å sikre ei betre utnytting av det potensialet som ligg i skjæringsfeltet mellom kultur og næring. I St.meld. nr. 22 (2004–2005)

*Kultur og næring* blei det mellom anna peika på det utnytta verdiskapingspotensialet som finst innanfor kulturindustriane i dag. Østlandsforskning viser i rapporten *Kartlegging av kulturindustriane i Norge* at kulturindustriane sin del av selskapsprodukt og BNP er nesten like stor som verkstadindustrien og over tre gonger så stor som fisket målt i BNP (ØF-rapport nr. 10:2004). Internasjonale kartleggingar viser òg at kulturindustriane er økonomiske vekstnæringar.

Dei kulturbaserte næringane kan møte særlege utfordringar og barrierar når det gjeld tilgang på risikovillig kapital, fordi kulturbaserte prosjekt kan ha høg risiko, men lågt avkastningspotensial. Mange kulturbaserte prosjekt har mellom anna vanskar med å synleggjere lønnssemi, særleg i eit kortsiktig perspektiv. Det kan derfor vere behov for meir kunnskap og kompetanse for å sjå på kva som skal til for å vinne over slike barrierar. Regjeringa meiner også det er behov for å vurdere kor eigna eksisterande verkemiddel er for å utløyse verdiskapingspotensialet i kulturindustriane, og sjå på behovet for samordning mellom ulike tiltak og om det er behov for særskilde tiltak retta mot desse næringane.

Kommunal- og regionaldepartementet har i budsjettet for 2006 sett av midlar til ein målretta innsats for kulturbasert næringsutvikling. Satsinga skal ha eit særleg fokus på å fremme kulturbasert næringsutvikling i område med småsenter og småbyregionar. Innovasjon Noreg, SIVA og Forskningsrådet har fått i oppdrag å utarbeide eit forslag til ei nasjonal satsing innanfor kulturbasert næringsutvikling, med utgangspunkt i eigen kompetanse og ein analyse av dei eksisterande verkemidla. Ein del av satsinga vil vere oppstart av to-tre pilotprosjekt. Verkemiddelaktørane skal også medverke til å auke den forretningsmessige kompetansen, fremme nettverksbygging mellom aktørar som er knytte til kulturbasert næringsutvikling og betre kunnskapsgrunnlaget gjennom ulike forskings- og utgreiingsprosjekt på feltet. Departementet legg vekt på at satsinga skal sikrast lokal og regional forankring, gjennom mellom anna samarbeid med lokal og regional forvaltning, og at tiltaka skal ha overføringsverdi til liknande utviklingsarbeid.

#### *Lokalsamfunnsretta perspektiv*

Kultur spelar ofte ei viktig rolle i arbeidet med å skape attraktive stader. Lokale, kulturbaserte prosjekt oppstår gjerne som eit resultat av dugnadsand og brei mobilisering i lokalsamfunnet, og

er drivne fram av engasjerte eldsjeler som vil skape noko positivt i nærmiljøet sitt. Slike initiativ spring som regel ikkje ut frå ein ambisjon om økonomisk vinning, men handlar meir om eit genuint ønske om å vere med på å skape aktivitet og liv i lokalsamfunnet og på den måten styrkje lokal identitetskjennele. Dette kan over tid gi viktige ringverknader både økonomisk og for identitet og attraktivitet.

Det finst mange døme på slike tiltak rundt om i Distrikts-Noreg. Kjernen er ofte eit kulturarrangement, men dei mest vellykka av desse gir til dels store ringverknader både økonomisk og arrangementsmessig. Særleg regionalpolitisk interessant er det å observere korleis enkeltstående kulturarrangement i nokre tilfelle blir utvida til heilårs arbeidsplassar og gir knoppskytingar i form av eigne selskap. Slike arrangement klarer ofte også å oppretthalde den lokale forankringa, dugnadsanda og mobiliseringseffekten, samtidig som verksemda blir profesjonalisert. Peer Gyntstemnet i Gudbrandsdalen, revyfestivalen på Høylandet og Malakoff Rockfestival på Nordfjordeid er alle døme på dette, jf. også omtale i boks 5.3. Bevaring og utnytting av kystkultur og kulturminne og satsinga innanfor matkultur og opplevingar innafor landbruksnæringa er døme på det same. På denne måten kan kulturbaserte initiativ bli ei drivkraft i lokale utviklingsprosessar. Dette er også i tråd med tradisjonane for lokalt tiltaksarbeid, som har vore ein viktig strategi i distriktspolitikken sidan 1970-talet, og som har klare fellesnemnarar med Småsamfunnssatsinga.

Kommunal- og regionaldepartementet meiner at både fylkeskommunane og kommunane kan spele ei viktig støtte- og pådrivarrolle i slike samanhengar, mellom anna ved å leggje til rette for lokale initiativ gjennom rettleiing og oppstartsstøtte. Det er ei sentral oppgåve for Kommunal- og regionaldepartementet å vere oppdatert på feltet mellom anna for å medverke til å spreie erfaringar og samordne tiltak og program på andre politikkområde. I ei vidareføring av ein målretta innsats for kulturbasert næringsutvikling vil departementet også leggje sterkare vekt på lokalsamfunnsretta tiltak og initiativ. Dette inneber også at ei vidareført og forsterka satsing innanfor kulturbasert næringsutvikling blir sett meir i samanheng med småsamfunnssatsinga. Kommunal- og regionaldepartementet vil kome tilbake til dette i samband med statsbudsjettet 2007.

Regjeringa har sett i gang eit arbeid med ein handlingsplan for kultur og næring, som skal skje i nært samarbeid mellom fleire departement. Dei tiltaka Kommunal- og regionaldepartementet set i

### Boks 5.3 Malakoff Rockfestival på Nordfjordeid

Malakoff Rockfestival er eit godt døme på korleis aktiv innsats og dugnadsånd frå lokale eldsjeler kan resultere i eit profesjonelt kulturarrangement som engasjerer heile lokalsamfunnet. Frå å vere tre personar med ein idé om å skape noko for ungdom i bygda, medverkar i dag store delar av Eid i å arrangere festivalen. Medan festivalen trekte til seg i overkant av 650 besøkjande i oppstartsåret 2003, fann over 2 000 deltakarar frå heile landet vegen til Malakoff i 2005. Budsjettet for festivalen i 2006 er på 1,3 mill. kroner. Frå første år har festivalen vekt stor interesse i lokalsamfunnet på Nordfjordeid, og det har blitt lagt stor vekt på å engasjere innbyggjarane og næringslivet i bygda. Kvart år deltek om lag 300 frivillige i ein massiv dugnadsinnsats. Særleg ungdommen er aktive. Etter oppstarten i 2003 har Malakoff Rockfestival no fått på plass ein fastare organisasjon, som gir ei meir organisert og profesjonell gjennomføring av arrangementet. Det er mellom anna etablert ei ungdomsbedrift der om lag 30 elevar deltek og har ansvar for festivalarrangementet. Festivalen har i dag nokre av dei største og mest aktuelle norske rockebanda på programmet, som til dømes Turboneger, Bigbang og Serena Maneesh. Festivalen blei òg kåra til «Årets festival» av Norske Rockfestivaler (NRFE) både i 2004 og i 2005. Meir informasjon finst på nettsidene [www.malakoff.no](http://www.malakoff.no).

gang allereie i inneverande år vil bli samordna med denne handlingsplanen, som etter planen skal bli lagd fram i samband med statsbudsjettet til hausten. Handlingsplanen vil vere både bedriftsretta og lokalutviklingsretta og ha innretting mot både kompetanse, ulike former for nettverksbygging, verkemiddelbruk og finansieringsordningar.

## 5.6 Auka aktivitet i Nord-Noreg som følgje av auka petroleumsverksemd i nordområda

Regjeringa ser på nordområda som det viktigaste strategiske satsingsområdet i åra som kjem. Regje-

ringa legg vekt på at nordområdesatsinga også i stor grad handlar om å få auka aktivitet på landsida i Nord-Noreg. Dette gjeld særleg potensiala for ringverknader av auka petroleumsaktivitet i nordområda. Samtidig er det viktig å fremme ei positiv utvikling innanfor andre viktige næringar, som fiske og havbruk, reiseliv, landbruket og reindrifta. Det gjeld også næringar som er viktige for dei samiske busetjingane og den samiske kulturen i tillegg til reindrifta. Auka aktivitet innanfor olje- og gassverksemda kan ha verknader for tilgang på arbeidskraft til dømes til fiskeforedlingsindustrien og turistnæringa. Dette vil stille krav til vidare omstilling og utvikling av attraktive arbeidsplassar i dei områda der desse næringane er viktige, slik at dei ikkje tapar i kampen om arbeidskrafta.

Nordområda framstår i aukande grad som eit energipolitisk kraftsentrum. Området står samtidig overfor store miljøpolitiske utfordringar. Regjeringa legg stor vekt på å sikre norske interesser i nordområda knytte til økonomi, miljø og tryggleik, særleg i dei store havområda i nord, og vil før sommaren 2006 leggje fram ein samla nordområdestrategi om mål og innsats for å fremme ei ønskt utvikling i nordområda.

Regjeringa ser på Barentssamarbeidet som eit sentralt verkemiddel for å kople større utanrikspolitiske mål og distrikts- og regionalpolitiske mål. Heilt sidan etableringa i 1993 har grunngevinga for Barentssamarbeidet vore å medverke til auka aktivitet og styrkt busetjing i dei tre nordlege fylka gjennom auka handel og kontakt med Russland, Sverige og Finland. Kontakten mellom styresmaktene, samarbeidet mellom næringslivet og «folk-til-folk»-samarbeid er ei nyttig plattform for å utvikle kunnskap og kompetanse med direkte verknad for næringsutvikling.

Nord-Noreg er alt den høgast prioriterte landsdelen med omsyn til tildeling av distrikts- og regionalpolitiske utviklingsmidlar, både for bedriftsstøtte og for tilrettelegging for næringsutvikling og attraktive stader. Regjeringa legg vekt på at styresmaktene på både lokalt, regionalt og nasjonalt nivå arbeider etter same mål og strategiar med omsyn til utnytting av potensiala i Nord-Noreg i åra framover.

Regjeringa legg vekt på at det skal bli ein auke i forskingsaktiviteten knytt til nordområda. I ein distrikts- og regionalpolitisk samanheng er det viktig at dette også medverkar til auka FoU-verksemd både i og om Nord-Noreg. Utanriksministeren har sett ned eit ekspertutval for nordområda med særleg mandat å medverke til konkretisering av kunnskapssatsinga *Barents 2020*. Mykje av

dette vil vere retta mot langsiktige utfordringar i samband med utnytting av naturressursane i nord der ein både tek vare på dei viktige naturverdiane og sikrar grunnlaget for næringsverksemd.

### 5.6.1 Forvaltningsplan for verdiskaping gjennom berekraftig bruk av ressursar

Regjeringa la våren 2006 fram ein forvaltningsplan for havområda i nord.<sup>1</sup> Forvaltningsplanen legg til rette for verdiskaping gjennom berekraftig bruk av ressursar og gode i Barentshavet og havområda utanfor Lofoten, samtidig som økosystema i områda blir haldne ved like. Planen klarer dei overordna rammene for aktivitet i havområda og legg til rette for sameksistens mellom ulike næringar som fiskeri, sjøtransport og petroleumsaktivitet innanfor rammene som omsynet til økosystemet set. Forvaltningsplanen skal mellom anna leggje til rette for næringsverksemd som er samfunnsøkonomisk lønnsam, og som i størst mogleg grad medverkar til verdiskaping og sysselsetjing i regionen. I forvaltningsplanen legg regjeringa også stor vekt på at sjøtryggleik og oljevernberedskap er eit avgjerande element i utviklinga av ein effektiv sjøtransport i Nord-Noreg, knytt til den auka transporten med olje langs den vêrutsette kysten av landsdelen.

Ved framlegginga av forvaltningsplanen har regjeringa skapt klare og framtidsetta rammevilkår for petroleumsverksemda i nord, samtidig som det er teke omsyn til miljø og anna næringsverksemd. Forvaltningsplanen legg til rette for meir effektiv leiteverksemd og for utbygging og drift av nye felt som kan gi verdifull aktivitet i regionen.

Dei uoppdaga ressursane i Barentshavet og Lofoten er vurderte til å utgjere vel 35 prosent av dei samla uoppdaga ressursane på norsk kontinentalsokkel. Overslaga er usikre, da desse områda er dei vi kjenner minst til på norsk sokkel. Dei er samtidig blant områda på norsk sokkel der det er mest sannsynleg å gjere nye, store funn.

Gjennom tildelingane i den 19. konsesjonsrunnen våren 2006 har regjeringa lagt til rette for ny leiteverksemd i Barentshavet. Som i andre «umodne» delar av norsk sokkel blir det lagt opp til ei skrittvis utforskning. Dette er ein utforskningsstrategi som styresmaktene har gode erfaringar med. Interesse for Barentshavet har tradisjonelt vore varierende, men den store interessa som

oljeselskapa har vist for den nye konsesjonsrunnen, viser at Barentshavet no har fått ein ny giv. Denne interessa, kombinert med dei store ressursane som er påviste i russisk del av Barentshavet, gjer at dette havområdet kan bli ein svært viktig petroleumsprovins internasjonalt i åra som kjem. Påvising av nye kommersielle funn kan på sikt gi ny aktivitet og ringverknader knytte til petroleumsverksemda i Nord-Noreg.

Det ligg føre ei rekkje utgreiingar om ringverknader av petroleumsaktivitet i nord. Det gjeld studiar av konkrete verknader og tiltak, som følgjestudie for utviklinga av Snøhvitutbygginga og leverandørutviklingsprosjekt under Hydro og Statoil. Det gjeld også scenarium og utgreiingar om perspektiv, som scenarium utført av ECON, Ringverknadsprosjektet i regi av Barentssekretariatet og studie om utbyggingsperspektiv og ringverknader av Barlindhaug AS.

Kommunal- og regionaldepartementet vil starte eit prosjekt for å kartleggje ringverknadene på land av aktivitetane i Barentshavet. Prosjektet vil ta for seg viktige næringar som fiskerinæring og turisme i tillegg til oljerelevante næringar. Tidlegare arbeid vil bli gjennomgått som ein del av dette prosjektet.

### 5.6.2 Strategiar for å fremme ringverknader i Nord-Noreg av auka petroleumsaktivitet i nord

Regjeringa legg stor vekt på at det blir skapt ringverknader i Nord-Noreg av aktiviteten i petroleumssektoren i nordområda som gir landsdelen eit varig løft. Regjeringa vil i denne samanhengen peike på at utviklinga i petroleumsaktiviteten på russisk side også kan gi grunnlag for ringverknader i Nord-Noreg, og særleg Finnmark.

Ringverknadene frå petroleumsverksemda i Nord-Noreg vil følgje aktiviteten i dei nordlege havområda. Det er særleg utbyggingar av og produksjon frå felt som kan gi ringverknader til landsdelen. Feltutbyggingar med ilandføring av olje og gass gir mest omfattande verknader. Regjeringa meiner det er viktig å leggje til rette for ei slik utvikling.

Snøhvitutbygginga er eit godt døme på ringverknader i Nord-Noreg, jf. boks 5.4. Regjeringa har lagt til rette for leiting etter tilleggsressursar i Snøhvitområdet. Eventuelle nye funn knytte til Snøhvit gir potensial for eit nytt LNG-anlegg med tilsvarende kapasitet som det som blir bygd i dag. Ei utbygging av Goliatfunnet, under dei føresetnadene som mellom anna er definerte i forvaltnings-

<sup>1</sup> St.meld. nr. 8 (2005-2006) *Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten (forvaltningsplan)*.

### Boks 5.4 Ringverknader av Snøhvitutbygginga

I konsekvensutgreiinga for Snøhvitprosjektet blei den lokale delen av kontraktane i utbyggingsfasen estimert til om lag 600 mill. kroner. Snøhvitutbygginga har hatt langt større verknader for lokalt og regionalt næringsliv enn venta. Regionale leverandørar har blitt tildelte kontraktar til ein verdi av 2,8 milliardar kroner. Rundt 2,1 milliardar kroner har blitt tildelt leverandørar i Hammerfestregionen. I utbyggingsfasen har så langt meir enn 3 700 sysselsette frå Nord-Noreg vore i arbeid på Melkøya, over 2 200 frå Vest-Finnmark.

Snøhvitprosjektet vil også gi positive effektar i driftsfasen. Samla sett er det venta at fase I av prosjektet vil auke den lokale sysselsetjinga i driftsfasen med 400–500 stillingar.

Utbygginga gir kompetanseoppbygging i regionen og skaper eit miljø for høgkompetansejobbar. Dette vil også kunne ha verknad for andre næringar. Det tek tid å byggje opp høgteknologisk spisskompetanse. Regionen har inngått eit samarbeid med NTNU for å styrkje den tekniske og realfaglege kompetansen i regionen.

planen, vil på tilsvarende måte kunne gi positive effektar for sysselsetjing og kompetanse i området. Dette vil supplere og byggje opp under dagens næringsstruktur.

Dei siste tiåra har industri- og tenesteverksemda knytt til olje- og gassproduksjonen strekt seg nordover i takt med den auka aktiviteten i Norskehavet. Ved utbygging av nye felt føreset regjeringa at dette skal gi eit verdiskapingsløft i landsdelen. Regjeringa ønskjer også at det blir nye ilandføringer av petroleum i området.

Regjeringa ser det som ønskjeleg at verksemda i Barentshavet skal føre til auka industriell utvikling og verdiskaping i Nord-Noreg, ved at det blir lagt til rette for at næringslivet i Nord-Noreg blir trekt inn i utvikling av petroleumsværksemda. Regjeringa legg også vekt på at det vedtekne mønsteret for drifts- og basestruktur i oljesektoren skal ligge fast og bli brukt aktivt i samband med utbyggingar på sokkelen, jf. Soria Moria-erklæringa. Olje- og energidepartementet vil følgje opp desse forventningane ved behandling av planar for utbygging og drift.

I arbeidet med å sikre direkte ringverknader av olje- og gassværksemda i nord vil regjeringa særleg leggje vekt på dette:

#### 1 Posisjonering av nordnorsk industri

Industrifylket Nordland er i mindre grad involvert i det som har skjedd i petroleumsværksemda i nord til no. Det er ønskjeleg å auke den nordnorske delen på fleire og meir krevjande næringsområde, noko som også vil gi god effekt i utviklinga av næringslivet i Nord-Noreg over tid.

Dette er først og fremst spørsmål om kompetanse og marknadsnettverk for å kunne konkurrere med sørnorsk næringsliv som alt er innanfor. Oljeselskapa må leggje til rette for at bedrifter i Nord-Noreg deltek i konkurransen om underleveransar, mellom anna gjennom samarbeid med lokale og regionale næringsforeiningar. Offentlege verkemiddelaktørar som Innovasjon Noreg og fylkeskommunane kan også spele ei rolle i å etablere slikt samarbeid. Innovasjon Noreg kan også ha ei rolle i å gi råd om behov og forventningar i oljeindustrien.

#### 2 Etablering av sørnorske selskap i Nord-Noreg

I tillegg til auka underleveransar frå næringslivet i Nord-Noreg vil etablering av selskap frå Sør-Noreg i Nord-Noreg også gi auka aktivitet i Nord-Noreg. Eit døme er bedrifta som har fått kontrakten på vedlikehald og modifikasjonar på Snøhvit, som har etablert seg i Hammerfest. Både næringsforeiningar, Innovasjon Noreg, fylkeskommunar og kommunar kan spele ei rolle i å formidle kontakt mellom aktørar i dei ulike landeslane og informere om fordelar ved og potensial for lokalisering av værksesmdar i Nord-Noreg.

#### 3 Vidareutvikling av næringsssamarbeidet til russisk side

Det vil skje ei omfattande utbygging av olje- og gassværksemda på russisk side i åra framover. Norske bedrifter har alt gitt store underleveransar til å utvikle petroleumsværksemd på russisk side, og norske oljeselskap er aktuelle partar i utvinning av olje og gass i desse områda. Regjeringa ønskjer at dette også skal medverke til auka aktivitet i Nord-Noreg.

Regjeringa legg vekt på auka «bedrift-til-bedrift»-samarbeid mellom bedrifter i Noreg og Russland som ein del av Barentssamarbeidet, saman med ei vidareføring av «folk-til-folk»-samar-

### Boks 5.5 Nye transportkorridorar som grunnlag for næringsutvikling

Noreg samarbeider med EU, mellom annan gjennom Interreg-prosjekt, om å utvikle Motorways of the Seas (MoS). Den forventa auken i transport av olje og gass frå Barentshavet og Nordvest-Russland, kan gjere det aktuelt å inkludere Nordlig maritim korridor i EUs system for Motorways of the Seas. Dette vil kunne opne for utvikling av strategisk viktige hamner i ein slik korridor. Nordlig maritim korridor vil binde saman Northern Sea Route (Nordaustpassasjen) med Motorways of West Europe og Motorways of Baltic Sea.

Ei faggruppe under EU-kommisjonen har tilrådd at Narvik hamn, saman med Oslo hamn, blir MoS-hamner. I tillegg meiner faggruppa at sambandet St. Petersburg–Vartius–Tornio–Haparanda–Narvik bør bli inkludert i det utvida transeuropeiske nettverket for transport (TEN-T). Det er også under planlegging ein ny transportkorridor frå Kina til USA via Narvik hamn, basert på jernbanetransport gjennom Russland til Narvik og sjøtransport frå Narvik til austkysten av USA. Dette er kalla den nordlege aust-vest-korridoren (NEW). Barents-Link utgjer den delen av NEW som går gjennom Barentsregionen. Dersom NEW-korridoren blir etablert med Narvik som utskipingshamn, kan dette opne for utvikling av industri og næringsliv, både i Narvik-regionen, i andre delar av Nord-Noreg og i resten av landet. Utvikling og drift av NEW-korridoren er i utgangspunktet eit kommersielt prosjekt. Norske styresmakter har likevel ei rolle når det gjeld å leggje til rette for utvikling av denne nye transportkorridoren. Fiskeri- og kystdepartementet koordinerer innsatsen på dette området, både nasjonalt og internasjonalt, også i høve til komande budsjettprosessar og Nasjonal transportplan 2010–2019.

beid. Det er etablert eit samarbeid mellom i første rekkje små og mellomstore norske og russiske bedrifter for å utvikle kompetanse og posisjonering i marknaden i høve til forventa petroleumsverksemd på norsk og russisk side. Også på fleire

andre felt er det etablert næringskontaktar, til dømes innanfor jordbruk og skogbruk, kystfiske og kommersialisering av FoU-verksemd, for å medverke til auka verdiskaping også på norsk side.

Med auka norsk aktivitet mot Nordvest-Russland vil Innovasjon Noreg styrkje Investeringsfond Nordvest-Russland med éi stilling med investerings- og Russlandskompetanse i Finnmark. Det vil også bli oppretta ei ny stilling ved generalkonsulatet i Murmansk, som vil ha som ei av sine oppgaver å gi finansiell rådgiving til norske bedrifter som ønskjer å etablere seg i Nordvest-Russland.

## 5.7 Vern, forvaltning og bruk av verneområde

### 5.7.1 Berekraftig bruk av verneområde

Vedtak om vern av område kan få store konsekvensar for dei områda som blir omfatta. Vern og bruk blir ofte sedde på som konkurrerande interesser. Miljøverndepartementet meiner vern er ei god investering i miljøkvalitetar som kan fremme andre utviklingstiltak. Regjeringa er oppteken av å finne måtar der dei ulike interessene kan sjåast i samanheng. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal gi råd til Miljøverndepartementet om nødvendige tiltak for å styrkje forvaltning og skjøtsel av verneområda, og avklare rammevilkåra for verksemd i og knytte til verneområde. Arbeidet skjer i samarbeid med fleire departement og andre aktørar.

Med utgangspunkt i positive og mindre positive døme på næringsutvikling i og rundt dei store verneområda skal det utgreiast korleis verneområda i større grad kan nyttast betre til lokal og regional næringsutvikling og verdiskaping innanfor ramma av norsk vernepolitikk. Gjennomgangen skal i hovudsak byggje på eksisterande kunnskap, til dømes om bereevna til områda og om brukarkonfliktar. Ulike økonomiske verkemiddel vil bli vurderte. Det er oppretta ei breitt samansett arbeidsgruppe som skal gi departementet faglege råd i det vidare arbeidet.

Regjeringa vil også sjå nærmare på korleis erstatningsordningane etter verving av område kan bli betra. Arbeidet med erstatningsordninga for vern etter naturvernlova skal skje som ledd i arbeidet med ei ny naturmangfaldlovgiving. Regjeringa tek sikte på å leggje fram lova for Stortinget i 2007.

### 5.7.2 Prøveordningar med lokal forvaltning av verneområde

Arbeidet med å sikre lokal deltaking i etablering og forvaltning av verneområde har vore i gang i fleire år gjennom to ulike forsøksopplegg:

- *Forsøk med avtalebasert overføring av forvaltningsmynde for verneområde.* I overkant av 40 kommunar har i dag sagt ja til statens tilbod om å få overført forvaltningsmynde for naturreservat og mindre landskapsvernområde. Vedtaka er baserte på avtalar mellom stat og kommune der det er trekt opp særskilde retningslinjer for arbeid med og utøvinga av forvaltningsmyndet.
- *Forvaltningsforsøk for nokre utvalde større verneområde.* Om lag 20 kommunar deltek i desse forsøka. Forsøka omfattar Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane (SVR), Forollhogna nasjonalpark med tilhøyrande landskapsvernområde, Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark med tilhøyrande landskapsvernområde, Blåfjella/Skjækerfjella nasjonalpark med tilhøyrande landskapsvernområde saman med Lierne nasjonalpark. Det er lagt opp til at forsøka skal vare til 2008.

Forsøka skal evaluerast. Saka vil bli lagd fram for Stortinget i 2008/09.

## 5.8 Alternative energiformer

Regjeringa fører ein ambisiøs politikk for å auke produksjonen av fornybar energi. Satsinga til Enova gjennom Energifondet er regjeringa sitt viktigaste verkemiddel i satsinga. Verksemda til Enova er retta mot auka varmeproduksjon frå miljøvennlege energikjelder, auka produksjon av vindkraft, energieffektivisering og utvikling av ny teknologi på desse områda. Energifondet, som finansierer aktiviteten, blir tilført om lag 700 mill. kroner årleg. I 2005 blei det gitt støtte til 220 prosjekt. Dette gav eit energiresultat på om lag 2 TWh, fordelt på 585 GWh vindkraft, 409 GWh varme og 1 TWh energieffektivisering.

Støtte frå Enova til fornybar varme går i stor grad til investeringar i prosjekt som nyttar bioenergi. Enova har eit langsiktig mål om 4 TWh vassboren varme basert på nye fornybare energikjelder, spillvarme og varmepumper i perioden 2001–2010.

### Boks 5.6 Bioenergising i Hedmark og Oppland

Som eit resultat av Innlandet 2010 er det etablert ei særleg satsing på bioenergi i Hedmark og Oppland. Arbeidet blir ført vidare gjennom ARENA-programma til Innovasjon Noreg, med desse måla:

- Heve stasjonær bruk av bioenergi i regionen opp til 30 prosent (landsgjennomsnitt 6 prosent), tilsvarande 3,0 TWh
- Leverer biodiesel for mobil bruk med 30 mill. liter/år tilsvarande 2 prosent av avgiftspliktig dieselforbruk i Noreg
- Eksportere biobrensel og bioenergi kompetanse til resten av landet og Norden
- Synleggjere eit kompetansemiljø (FoU, utdanning og rådgiving)
- Skape 300–500 nye arbeidsplassar som er knytte til auka bruk av bioenergi
- Medverke til reduksjon av CO<sub>2</sub>-utslepp tilsvarande 130 000 tonn (gitt bioenergi til erstatning for olje)

Olje- og energidepartementet vil i 2006 mellom anna gjennomføre ei evaluering av Enovas forvaltning av Energifondet, og Enovas organisering av verksemda.

Skogressursane er også viktige i energi- og miljøsamanheng. Bioenergi representerer ein viktig ressurs for auka energiproduksjon som fornybar energikjelde, og det største råstoffpotensialet ligg i skogressursane. Auka produksjon av bioenergi gir grunnlag for verdiskaping og lønnsame arbeidsplassar i alle delar av landet. Bioenergi programmet under Landbruks- og matdepartementet blei etablert i 2003 og blir forvalta av Innovasjon Noreg. Løyvinga for 2006 er på 25 mill. kroner. Hovudformålet med programmet er å fremme produksjon og varmeleveransar frå aktørar i landbruket, med vekt på å styrkje forretningskonseptet der landbruket ikkje berre er ein leverandør av råvare, men òg ein aktør langt ute i verdikjeda. Dette skal gi ein større del av verdiskapinga tilbake til landbruket og skape størst mogleg lokale ringverknader.

## 6 Særskild innsats i dei mest utsette områda

### 6.1 Meistre endring

Regjeringa ønskjer å medverke til ei positiv utvikling for dei områda i landet som er mest utsette i høve til busetjing og arbeidsmarknad. Dette gjeld ulike typar område og samfunn som kvar på sine måtar står overfor spesielle utviklingstrekk og utfordringar som krev ekstra handling og innsats. Dette kan vere samfunn med ulike typar kjenne-teikn:

- Småsamfunn med lange avstandar til senter, små arbeidsmarknader med ein utsett næringsstruktur og nedgang i folketal. Innsats i slike samfunn bør fokusere både på næringsutvikling, gode tenestetilbod og utvikling av attraktive stader.
- Omstillingssamfunn av ulik storleik som blir råka av sterk reduksjon i sysselsetjinga i hjørnesteinsbedrifter eller i fleire mindre bedrifter samtidig. Utfordringane i slike samfunn er særleg knytte til relativt rask utvikling av alternative arbeidsplassar og er større di meir einsidig og mindre arbeidsmarknaden er.

Dette kapitlet handlar om ulike tiltak og innsatsar under ansvarsområdet til fleire departement som skal medverke til å møte utfordringar i slike samfunn. Felles for dei utsette områda er at dei må meistre endring gjennom omstilling, nyskaping og eigenbasert utvikling. Mindre lokalsamfunn, kommunar, regionale styresmakter, ulike sektorstyresmakter og nasjonale styresmakter må samarbeide og koordinere innsatsen om utviklingsoppgåver og politikutfordringar. Det er særleg viktig at planar og program på nasjonalt og regionalt nivå for innsats som skal støtte opp lokalt utviklingsarbeid, er godt koordinerte, som til dømes for småsamfunn generelt, for fjellområde, kystsamfunn og ungdom og for omstillingsområde.

#### *Endringar i næringsgrunnlaget ei viktig årsak*

Endringar i næringsgrunnlaget er ein hovudgrunn til utfordringane i utsette samfunn. Endringane kan kome som resultat av internasjonale avtalar og politisk bestemte rammevilkår, som til dømes følgjer av WTO-avtalen for landbruket. Det kan også

kome av strukturelle endringar innanfor konkurranseutsette næringar, som til dømes i fiskerinæringa og ulike typar industriverksemd. Dette kan gi store «punktproblem» og skape kriser i fleire samfunn samtidig. Denne typen kriser kan vere akutte, som resultat av omstilling og endring innanfor både privat og offentleg sektor. Vertskommunar for store smelteverk eller for Forsvaret er døme på det. Slike samfunn er gjerne prega av ein kultur som er basert på at hjørnesteinsbedrifta har vore ein garantist for både arbeid og sosial tryggleik. Endringar kan også skje meir gradvis, til dømes ved at bedriftene genererer mindre overskot og over tid går konkurs, eller ved gradvis reduksjon i offentlege verksemdar.

Endringar i næringslivet og næringsstrukturen er naturlege og bør bli møtte med aktiv innsats for nyetableringar. Heile lokalsamfunnet kan bli sterkt påverka gjennom usikre oppfatningar om framtida på staden, og dermed kor trygt det er å satse på å slå seg ned eller bli buande der.

#### *Eigenbasert utvikling er heilt sentralt*

Hovudutfordringa er å drive eit utviklingsarbeid som medverkar til å meistre endring på ein konstruktiv måte. Regjeringa meiner at utgangspunktet for alt utviklingsarbeid må vere at initiativet og hovudansvaret for prosessen ligg lokalt eller regionalt. Å ta tak i utfordringane krev mobilisering og involvering av både private og offentlege aktørar på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

Tidlegare erfaringar frå utviklings- og omstillingsarbeid tilseier at eigenbasert utvikling gir best resultat på lang sikt. Erfaringane har vist at eit vellykka resultat krev at mange krefter i fellesskap aktivt tek tak. Lokal forankring og medverknad sikrar nødvendig ansvarleggjering av lokale aktørar. Å meistre endring er ein samhandlingsprosess der ulike grupper og aktørar har ulike roller og funksjonar. Utviklings- og omstillingsarbeid handlar om å skape ein kultur for og ein klar vilje til endring. Lokalt engasjement og lokal pådrivar-kraft, kombinert med evne og vilje til å tenkje nytt, er avgjerande for graden av måloppnåing. Erfaringar tilseier også at innsatsen bør vere kom-

binasjonar av langsiktige og kortsiktige tiltak innfor både bedriftsretta og meir regionale tiltak.

### *Staten kan leggje til rette for lokalt utviklings- og omstillingsarbeid*

Sjølv om initiativ og hovudinnsats bør liggje lokalt og regionalt, har staten ei viktig rolle som tilretteleggjar og bidragsytar. I kapitla 2, 3, 4 og 5 er det peika på ulike innsats som skal gi grunnlag for grunnleggjande tenestetilbod, for gode bustader, for sysselsetjing og næringsutvikling og for utvikling av attraktive stader i alle delar av landet. Hovudvekta ligg på område innanfor det distriktspolitiske virkeområdet. Regjeringa meiner det i tillegg er behov for ein spissa innsats overfor særleg utsette samfunn.

Kapitla 6.2 og 6.3 handlar om spesielle innsatsar retta mot småsamfunn generelt, og fjellbygder og fiskeriavhengige småstader spesielt. Kapittel 6.4 handlar om statens rolle og ansvar i særleg store omstillingsprosessar.

### *Kompetansesenter for distriktsutvikling*

Kommunal- og regionaldepartementet planlegg i samarbeid med andre departement å etablere eit kompetansesenter som kan samle opp og spreie erfaringar og kunnskap om verknaden av utviklingsprosjekt, pilotar og tiltak for å møte utfordringar og fremme lokal utvikling i utsette område.

Det er behov for eit meir systematisk arbeid for å løfte fram og spreie gode døme på livskraftige lokalsamfunn, og for eit ressurscenter og ein ressursbank for kommunar og fylke når det gjeld kunnskap om organisering av og innhald i utviklingsarbeid. Eit kompetansesenter kan også samle inn og vidareformidle bakgrunnsinformasjon om utviklingstrekk i småsamfunn og område med ekstra utfordringar ved å setje i gang evalueringar og analysar i FoU-miljø. Eit slikt senter vil vere nyttig også for sentrale styresmakter, både for tilgang til informasjon på tvers av sektorgrensar og for å få råd om organisering og innretting av tiltak. Kommunal- og regionaldepartementet vil i første omgang etablere eit forprosjekt for å få eit betre grunnlag for å vurdere korleis eit slikt kompetansesenter bør bli bygt opp.

## **6.2 Småsamfunnssatsing**

Utfordringane i ulike småsamfunn er svært samansette. Det gjeld både å gjere stadene attrak-

tive for innbyggjarar, tilflyttarar og bedrifter, fremme næringsutvikling basert på lokale ressursar og sikre tilbod av offentlege og private tenester. Dette inneber at utviklingsarbeidet må byggje på utstrekt grad av samarbeid og samordning.

### **6.2.1 Ei ny småsamfunnssatsing for å styrkje lokale initiativ**

Kommunal- og regionaldepartementet vil setje i gang ei eiga satsing for å stimulere til vekst og utvikling i småsamfunn. Ei ny småsamfunnssatsing har særleg fokus på gode teneste- og velferdstilbod, attraktive lokalsamfunn og næringsutvikling. Kommunal- og regionaldepartementet legg vekt på at eksisterande, relevant utviklingsarbeid skal vere utgangspunkt for ei ny satsing. Den nasjonale ekstrainsatsen for småsamfunn skal supplere og støtte opp under den breie innsatsen som alt skjer lokalt og regionalt.

Kommunal- og regionaldepartementet har for 2006 sett av 8 mill. kroner som skal brukast til ulike utviklings- og pilotprosjekt retta mot småsamfunn. Midlane skal nyttast til å hjelpe fram prosjekt og pilotar som er nyskapande, synlege og spissa. Departementet legg stor vekt på at prosjekta som blir sette i gang, skal ha nasjonal overførings- og læringsverdi. Det er eit sentralt siktemål å oppnå læring og overføring av kunnskap mellom ulike småsamfunn, over kommune- og fylkesgrensar og mellom lokalt og nasjonalt nivå. Departementet vil derfor medverke til læring og varig kunnskapsoppbygging innanfor feltet. For å gi satsinga tilstrekkeleg tyngd, kraft og merksemd skal småsamfunnssatsinga ha eit fleirårig perspektiv. Kommunal- og regionaldepartementet legg derfor opp til å vidareføre og forsterke satsinga dei neste åra.

Fylkeskommunane, med ansvar for størstedelen av dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane, skal vere sentrale samarbeidspartnarar for departementet i konkretiseringa av småsamfunnssatsinga. Arbeidet med å forme og konkretisere satsinga skal også skje i nært samarbeid med kommunar og nasjonale styresmakter. Dette skal gi eit breitt kunnskapsgrunnlag om sentrale utfordringar i ulike småsamfunn.

Lokalt engasjement og vilje til å satse er avgjerande føresetnader dersom ei småsamfunnssatsing skal lykkast. All erfaring tilseier at arbeid av denne typen krev genuin, lokal tru på at det er mogleg. Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer å medverke til å forsterke slike haldningar i lokalsamfunna, mellom anna ved å etablere ein pris.

### 6.2.2 Vidareutvikling av utkantbutikkar

I område med spreidd busetnad kan det vere vanskeleg å halde oppe grunnleggjande butikktjenester på grunn av eit tynt marknadsgrunnlag. Lokalbutikken er ofte ein viktig aktør i nærmiljøet og representerer gjerne det siste servicetilbodet i ei bygd, når funksjonar som post, bensinstasjon og skole forsvinn. I denne situasjonen blir butikken ein sentral leverandør av også andre tenester enn sal av daglegvarer. Dersom lokalbutikken sviktar, forsvinn også ein viktig del av grunnlaget for busetnaden.

Kommunal- og regionaldepartementet medverkar til å styrkje grunnlaget for slike butikkar gjennom Merkantil kompetanseprogram for utkantbutikkar (MERKUR). Programmet fokuserer på kompetansebygging for å gjere utkantbutikkane meir attraktive og konkurransedyktige. Programmet har som mål å styrkje den butikkfaglege kompetansen og butikken si stilling i lokalsamfunnet. Ein viktig del av MERKURs arbeid er å få lagt ulike tilleggsoppgåver til butikkane, slik som Post i butikk, tipping, reiselivsrelaterte tenester og ulike offentlege tenester.

MERKUR-programmet er nyleg blitt evaluert av Møreforsking (2006). Resultata frå evalueringa er svært gode og viser at butikkane som er med i programmet, opplever ei betring av servicetilbodet. Eit stort fleirtal av butikkdrivarane er positive til den jobben MERKUR gjer.

Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer derfor å halde fram med å finansiere MERKUR-programmet. I tillegg vil departementet vidareføre ei eiga utviklingsstøtte til dei mest marginale utkantbutikkane. Dette er ei ordning som har eksistert i tre år. Kommunal- og regionaldepartementet vil vurdere om det skal gjerast endringar i innrettinga på utviklingsstøtta, for å gjere henne mest mogleg målretta i arbeidet med å oppretthalde eit svært viktig tenestetilbod i små og perifere lokalsamfunn.

### 6.2.3 Særskilde ungdomsretta tiltak

Unge er ei viktig gruppe i distrikts- og regionalpolitikken, både når det gjeld å utnytte ressursane til unge i lokalt utviklingsarbeid og å leggje til rette for at dei som ønskjer det, kan busetje seg utanfor dei større byområda. At ungdom vel å etablere seg i distrikta, er avgjerande for å sikre busetjing, verdiskaping og levedyktige lokalsamfunn over heile landet. I den samanhengen er særleg unge kvinner ei viktig målgruppe for å motverke ei skeiv kjønnsfordeling. Omsynet til behova unge har både før og etter etablering i arbeids- og familiev, er derfor viktige faktorar i fleire av dei tiltaka som er omtalte i denne distrikts- og regionalmeldinga. Det er derfor viktig at ungdom blir involvert i utviklinga av lokalsamfunna. Om lag tre av fire kommunar har eit ungdomsråd eller eit

#### Boks 6.1 Hovudfunn frå evalueringa av MERKUR-programmet

Evalueringa av MERKUR-programmet som er gjennomført av Møreforsking (2006), byggjer i første rekkje på dei erfaringane 75 butikkdrivarar har gjort gjennom deltaking i MERKUR-programmet. I tillegg er sentrale aktørar rundt butikkdrivarane, som representantar for kjedene, tilleggsstenestene og kommunane, viktige informantar. Møreforsking meiner eit hovudfunn er at både butikkdrivarane og andre aktørar, som kjedene, er svært positive til den måten MERKUR er organisert på. Møreforsking peikar vidare på desse funna i evalueringa:

- Nesten alle butikkane har fått eit breiare servicetilbod gjennom vekst i talet på tilleggstjenester. Det betyr at utviklinga på dette området er snudd samanlikna med både trendar og analysar frå 1990-talet.
- Butikkdrivarane opplever at MERKUR har ei viktig rolle i å påverke sentrale aktørar rundt

butikken, og for kontakt mellom kjede og butikk.

- MERKUR har ei viktig rolle i arbeidet med å involvere befolkning og lokalsamfunn i butikken.
- Svært mange butikkdrivarar opplever at Merkur er med på å styrkje grunnlaget for at deira eigen butikk skal overleve.
- Kundane i MERKUR-butikkane vurderer butikken meir positivt etter at han har vore med i MERKUR-systemet over tid.
- Noreg blir vurdert som eit føregangsland når det gjeld arbeidet med å leggje til rette for utkantbutikkar.
- MERKUR-programmet er svært viktig for motivasjonen til å drive butikk i utkantane, både som arena for ny kunnskap og for kontakt med andre som opplever dei same utfordringane som dei sjølve møter i kvardagen.

anna organ der barn og ungdom får påverke kommunale avgjerder. Erfaringar viser at ungdom som har vore med på slikt arbeid, i større grad ønskjer å busette seg i kommunen. Regjeringa vil ha eit sterkare fokus på medverknaden frå barn og unge i kommunane.

I avsnitta nedanfor blir det peika på nokre ungdomsretta tiltak som er utforma spesielt for å treffe ungdom i område med store avstandar til større senter eller med særlege utfordringar i utviklinga i folketalet.

### *Ungdomssatsing i distrikta*

Barne- og likestillingsdepartementets tilskotsordning «Ungdomssatsing i distrikta» har som utgangspunkt at ungdom skal få vere med på å utvikle og gjennomføre tilbod og tiltak som skal føre til auka trivsel og styrkt identitet til heimkommunen. Formålet er å stimulere til auka aktivitet og gi ungdom tru på ei framtid lokalt. Midlane går til lokale satsingar på kultur- og fritidsområdet og blir lyst ut i små kommunar med sterk nedgang i folketalet. Interesse for ordninga, som har eksistert sidan 1999, har vore stor, og ho har blitt teken godt imot i kommunane. Midlane har mellom anna gått til å utvikle møteplassar og ulike ungdomsaktivitetar.

Målet med ordninga er ikkje berre å stimulere til auka ungdomsaktivitet, men i like stor grad å stimulere til dialogar mellom ungdom og kommune. Dei relativt små tilskota kommunane har teke imot har gitt store resultat. Dei har stimulert til engasjement og stor innsats frå ungdom og til ein meir aktiv dialog mellom ungdom og kommunen.

### *Førarkortopplæring i vidaregåande utdanning*

Som ein del av ei aktiv satsing på ungdom vil Samferdselsdepartementet i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet starte opp eit prøveprosjekt om føraropplæring knytt til dei vidaregåande skolane for unge som bur i distrikta. Vidaregåande skolar vil bli inviterte til å delta i ei frivillig forsøksordning i 2006–2007.

Førarkortopplæring i distrikta representerer ei spesiell utfordring med store avstandar til køyreskolane, samtidig som bil ofte er einaste transportalternativ. Prosjektet vil derfor setje særleg fokus på desse forholda. Prosjektet har òg som formål å betre trafikktryggleiken for unge trafikantar. Prosjektet har som målsetting å gjere opplæringa meir tilgjengeleg og å redusere fråvæ-

ret til elevane i den ordinære undervisninga utan at kostnadene for førarkortkandidatane aukar. Prøveprosjektet vil bli evaluert.

### *Opprette eit råd med unge i utdannings- og etableringsfasen*

Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer å få synspunkta til unge betre fram i utviklinga av distrikts- og regionalpolitikken. Dette gjeld sær-

### **Boks 6.2 Bygdebyggjarar**

Gjennom ungdomssatsinga «Bygdebygger» ønskjer Innovasjon Noreg å styrkje bygdene gjennom motivasjon av unge, iderike næringsutviklarar. Målet er å få ei enklare gjennomføring frå idé til næring og setje bygdebyggjarar på den nasjonale dagsordenen. 200 kommunar har blitt spesielt inviterte til å delta i satsinga. Felles for dei 200 utvalde kommunane er at dei har under 10 000 innbyggjarar og har hatt negativ folketalsutvikling det siste året. Kommunane får tilbod om eit opplegg som skal medverke til å setje søkjelys på unge etablerarar som har lykkast og fått til noko positivt i lokalsamfunnet.

Kriteria for å bli utnemnd til bygdebyggjar er at ein

- er i alderen 18–35 år
- er sjølvstendig næringsdrivande/bedriftsleiar
- utviklar ei berekraftig og lønnsam næring i bygda
- ser potensialet i lokale ressursar
- er ein inspirator som skaper positive, lokale ringverknader

Synleggjering og merksemd rundt lokale gründerar som har fått til noko positivt, har vist seg å verke motiverande og stimulere til pågangsmot for andre ungdommar som ønskjer å skape sin eigen arbeidsplass. Bygdebyggjaren som blir utnemnd, vil derfor få diplom og eit merke frå Innovasjon Noreg. Alle bygdebyggjarane skal samlast i ein database som er tilgjengeleg via nettstaden [www.bygdebygger.no](http://www.bygdebygger.no). Basen skal vere til inspirasjon og presentere gode døme for andre ungdommar med planar om etablering. Tanken er å halde ei nasjonal bygdebyggjarkåring i 2007.

leg unge som er i ferd med å etablere seg med arbeid og familie. Departementet ønskjer derfor å opprette eit råd med unge i utdannings- og etableringsfasen som kan medverke til å setje aktuelle tema på dagsorden og gi innspel i arbeidet med distrikts- og regionalpolitikken.

### **6.3 Spesiell innsats for små fiskeriavhengige samfunn og utviklingsstrategiar for fjellområda**

#### **6.3.1 Distriktskvoteordningar for fisk**

Det er nedfelt i Soria Moria-erklæringa at den eksisterande distriktskvoteordninga skal forsterkast og takast meir aktivt i bruk. Nasjonale styresmakter skal årleg kunne setje av inntil ti prosent av den nasjonale kvoten til landing og foredling i spesielt utsette område for å sikre sysselsetjinga i industrien.

Regjeringa har lagt til rette for innføring av distriktskvotar i torskefisket for enkelte fartøygrupper i 2006. Det er sett av eit kvantum for distriktskvote tilsvarande tre prosent av gruppekvoteane av torsk for fartøy mellom 15 og 28 meter og for torsketralarane.

Fordeling og kriterium for tildeling av distriktskvote skal bli utgreidde, inkludert fordeling på distrikt, krav til bedrifter som skal ta imot råstoffet, kriterium for tildeling til fartøy og når det skal drivast fiske. Det er sannsynleg at regionalt folkevalt nivå vil ha ei operativ rolle i forvaltninga av ordninga.

#### **6.3.2 Utviklingsstrategiar for fjellområda**

Regjeringa har som mål å utvikle ein politikk for fjellområda parallelt med vidareutviklinga av landbrukssektoren, i tråd med Soria Moria-erklæringa. Dette heng saman med at fjellområda i Sør-Noreg er prega av å ha den relativt høgaste delen sysselsette innanfor primærnæringane. Fjellområda er derfor spesielt utsette ved større handelspolitiske endringar i landbrukssektoren, jf. kapittel 5.1.

Ut frå regjeringa sine mål om å utvikle næringsverksemd på område der dei ulike regionane har spesielle fortrinn, og med særleg fokus på dei mest utsette områda, er det viktig å medverke til å utnytte potensiala som ligg i næringskombinasjonar i fjellregionane i ein samanheng. Dette må også bli sett i samanheng med arbeidet med handlingsplan for berekraftig forvaltning,

skjøtsel og bruk av nasjonalparkar og andre verneområde, jf. kapittel 5.7.1.

Regjeringa ønskjer å medverke til ei satsing for å vidareutvikle samarbeid mellom lokalt og regionalt næringsliv, forvaltning og kunnskapsinstitusjonar med sikte på auka innovasjon basert på lokale fortrinn i fjellområda, mellom anna grønt reiseliv. Arbeidet bør bli lagt opp etter mal av arbeidet med Innlandet 2010, med lokalt næringsliv som premissleverandørar for val av innsatsområde.

Satsinga skal ha som mål å

- utnytte samspelet mellom ulike sektorar og næringar om er lokaliserte i fjellområda
- stimulere til auka tilflytting til fjellområda

Satsinga må bli sett i samanheng med eksisterande strategiar og lokal og regional innsats for næringsutvikling i dei same områda. Det vil derfor bli lagt vekt på godt samarbeid mellom ulike aktørar som arbeider med regional utvikling i samband med satsinga.

### **6.4 Omstilling i område med einzijdig næringsstruktur som blir råka av nedlegging av arbeidsplassar**

Område med einzijdig næringsstruktur er særleg sårbare for raske endringar i nærings- og arbeidsliv og er meir utsette di mindre arbeidsmarknadene er. Eit langsiktig utviklings- og nyskappingsarbeid kan medverke til å unngå kriser som kan følgje av raske endringar i arbeidsmarknaden. Staten medverkar på mange ulike måtar til å finansiere slikt nyskappingsarbeid, jf. mellom anna innsatsen og tiltaka som er nemnde i kapittel 4 og kapittel 5. Industriinkubator er til dømes eit spesielt verkemiddel som er utvikla med sikte på å fremme nyskappingsarbeid på industristader før ei krise oppstår, i samarbeid med eksisterande næringsliv. I samfunn med tynt næringsgrunnlag er også næringshagar eit verkemiddel for å møte utfordringane i framkant.

Det vil likevel oppstå spesielle situasjonar i kommunar og regionar som krev ekstra innsats for omstilling i nærings- og arbeidslivet. Dette kapitlet tek for seg dei strategiane regjeringa vil leggje til grunn for å møte slike utfordringar.

#### **6.4.1 Lokalt og regionalt omstillingsarbeid**

Regjeringa sitt utgangspunkt er at det er eit lokalt og regionalt ansvar å arbeide med omstilling for å motverke og møte akutte krisesituasjonar.

Sjansane for å få til ei velykka omstilling er størst dersom det kan byggje på eit langsiktig utviklings- og nyskappingsarbeid på lokalt og regionalt nivå og *før* ei akutt krise oppstår. Ein viktig del av omstillingsarbeidet er å skape brei lokal og regional forståing og mobilisering som grunnlag for positive utviklingsprosessar i dei aktuelle områda. Tidlegare erfaringar viser at omstillings- og nyskappingsarbeid må sikrast brei lokal og regional forankring gjennom ein forpliktande eigarskap til prosessen. Utfordringane kan best løysast gjennom involvering og ansvarleggjering av fleire ulike aktørar i fellesskap. Både private og offentlege aktørar på tvers av forvaltningsnivå bør delta i eit felles løft og saman skape sams oppfatning og ein sams analyse av situasjonen. Det er særleg viktig at næringslivet blir involvert og får eigarskap til arbeidet.

Staten bidreg i dag til lokalt omstillingsarbeid mellom anna med økonomiske midlar gjennom dei ordinære distrikts- og regionalpolitiske utviklingsmidlane frå Kommunal- og regionaldepartementet til fylka. Til grunn for fordelinga av desse midlane ligg det mellom anna ei skjønsvurdering som skal ta omsyn til omstillingsutfordringar i dei ulike fylka. I fordelinga av skjønsmidlane byggjer departementet mellom anna på innspel frå fylkeskommunane om omstillingsbehov. Fylkeskommunane har ansvaret for å fordele desse midlane vidare til kommunar med omstillingsutfordringar og å samarbeide med kommunane og Innovasjon Noreg om innrettinga av omstillingsarbeidet. Innovasjon Noreg er gitt rolla som nasjonalt kompetansesenter for lokalt omstillingsarbeid. Departementet legg til grunn at denne rolla skal vidareførast.

Kommunal- og regionaldepartementet er oppteke av at fylkeskommunen skal vere proaktiv og ha oversikt over regionale utfordringar og identifisere omstillingsbehov. Departementet vil arbeide vidare med å betre kunnskapsgrunnlaget og dialogen med fylka om konkrete utfordringar i samband med omstilling.

#### **6.4.2 Særlege omstillingstiltak og staten si rolle**

Det skal framleis vere fylkeskommunane som har hovudansvaret for omstillingsarbeidet i eige fylke. Men frå tid til anna oppstår det kriser i lokalsamfunn som har eit slikt omfang at ansvaret for å takle den ekstraordinære situasjonen ikkje kan overlatast til kommunen og fylkeskommunen aleine. Dette kan dreie seg om særskilde situasjonar i næringslivet eller nedlegging av offentleg

verksemd som fører til store tap av arbeidsplassar i enkelte kommunar eller regionar på relativt kort tid. Dette skaper særleg store utfordringar på ein-sidige industristader eller der statlege verksemdar er ein hjørnestein i den lokale arbeidsmarknaden. Fiskeri- og landbruksavhengige samfunn som står overfor store strukturelle endringar, kan også møte spesielle omstillingsutfordringar dersom endringar skjer fort. I slike situasjonar kan det vere nødvendig med ein ekstrainsats frå staten utover dei ordinære utviklingsmidlane. Det er viktig at også dette omstillings- og nyskappingsarbeidet blir sikra brei lokal og regional forankring gjennom ein forpliktande eigarskap til prosessen. Lokalt og regionalt engasjement og pådrivarkraft i kombinasjon med evne og vilje til å tenkje nytt er avgjerande for graden av måloppnåing i slike situasjonar.

Regjeringa legg desse kriteria til grunn for når det kan vere aktuelt for staten å gå inn med ein ekstraordinær innsats:

- Reduksjonen i den direkte sysselsetjinga i hjørnesteinsbedrifta/næringa over ein treårsperiode skal som hovudregel utgjere minst 15 prosent av den totale sysselsetjinga i kommunen. I absolutte tal bør nedlegginga som eit minimum liggje på 150 personar. I heilt særskilde tilfelle bør det vurderast om krava kan vere noko lågare på små og isolerte stader.
- I ei totalvurdering av situasjonen i området skal det også leggjast vekt på reduksjonen i den indirekte sysselsettinga, den generelle arbeidsløysa og høve til pendling innanfor den aktuelle bu- og arbeidsmarknadsregionen. I tillegg kan det også vere aktuelt å vurdere storleiken på trygdebudsjettet, kor mange som er yrkesaktive i kommunen, og kommuneøkonomien for å få eit mest mogleg komplett bilete av tilstanden i lokalsamfunnet.
- Det kan oppstå situasjonar i små og isolerte samfunn som kvar for seg er for små til at staten i utgangspunktet bør gå inn med ekstramidlar. Dersom slike situasjonar oppstår og råkar fleire små og sårbare samfunn i same området samtidig og det samla støttebehovet som dette skaper går ut over det som er rimeleg å vente at fylkeskommunen kan stille opp med av midlar til, bør det likevel vurderast om staten kan gå inn med ekstra ressursar.

#### **6.4.3 Omstilling av Forsvaret**

Regjeringa vil følgje opp dei lokaliseringsvedtaka som følgde av Stortingets handsaming av gjel-

dande langtidsplan for Forsvaret. Dette inkluderer dei spesielle tiltaka som er sette i verk for å handtere distriktpolitiske konsekvensar av den pågåande omstillinga. Ved behandlinga av St.prp. nr. 42 (2003–2004) blei det føreslått å setje av ei ramme på 60 mill. kroner for perioden 2005–2008 for å tilføre ekstraordinære midlar til kommunar som er særleg hardt råka av omstillinga. I forsvarsbudsjettet for 2006 er det sett av 19,5 mill. kroner til avbøtande tiltak. Det vil som tidlegare vere eit nært samarbeid mellom Forsvarsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Innovasjon Noreg i forvaltninga av midlane.

Som eit ledd i den vidare moderniseringsprosessen i Forsvaret vil det også vere nødvendig å vurdere framtidig innretting av basestrukturen i Forsvaret. Det er no for tidleg å seie konkret kva for basar og leirar det eventuelt kan bli aktuelt å føreslå lagde ned eller flytta i framtida. Det er ikkje gjort ei politisk vurdering eller behandling av Forsvarets framtidige basestruktur og geografiske lokalisering utover inneverande langtidsperiode. Rammene for utviklinga av Forsvaret etter 2009 skal etter planen leggjast fram i ein stortingsproposisjon våren 2008.

Vurderingar som er knytte til den framtidige lokaliseringa og strukturen i Forsvaret vil bli gjennomførte i eit heilskapleg perspektiv der ulike omsyn må vegast mot kvarandre. Distrikts- og regionalpolitiske konsekvensar vil inngå som ein naturleg del av dette vurderingsgrunnlaget.

Regjeringa vil innanfor ramma av ei slik overordna vurdering sjå etter løysingar som i størst mogleg grad dekkjer dei nødvendige behova i Forsvaret. Dette inkluderer også omsynet til å sikre robuste og berekraftige fagmiljø og evna til raskt å kunne vere til stades med rett kapasitet der det er behov for det. Regjeringa legg opp til å vidareføre eit nært samarbeid mellom Forsvarsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Fornyings- og administrasjonsdepartementet med sikte på å handtere dei distrikts- og regionalpolitiske og dei personalpolitiske konsekvensane av den vidare omstillinga av Forsvaret.

#### **6.4.4 Aetats rolle ved omstillingar**

Aetat har ei sentral rolle med å yte service ved nedbemanning eller nedlegging som fører til at mange arbeidstakarar blir ledige på same tid. Regjeringa meiner at Aetat, frå og med 1. juli 2006 Arbeids- og velferdsetaten, skal spele ei aktiv og viktig rolle i situasjonar som krev omstilling og nyskaping. Det er viktig at Arbeids- og velferdsetaten får tidleg kunnskap om at ei verksemd har vanskar og ønskjer å nedbemanne eller leggje ned produksjonen, for å avklare kva for tiltak som kan setjast i verk. Erfaringar frå mange omstillingssituasjonar har vist at tidleg kontakt mellom Aetat og dei som er råka, er med på å gjere overgangen til ny jobb enklare og hurtigare.

## 7 Rammer for bruken av distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar under Kommunal- og regionaldepartementet

Dette kapitlet handlar om rammer for bruken av dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane. Det gjeld først og fremst nytt distriktpolitisk virkeområde frå 2007 som følgje av nytt regelverk i EU/EØS.

Det gjeld også geografisk fordeling og avgrensingar i retningslinjene for bruken av dei distrikts- og regionalpolitiske midlane over Kommunal- og regionaldepartementets budsjett.

### 7.1 Nytt distriktpolitisk virkeområde for dei distrikts- og regionalpolitiske midlane frå 2007

Med bakgrunn i det nye regelverket skal Noreg revidere det distriktpolitiske virkeområdet. Virkeområdet for dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane avgrensar mellom anna bruken av distriktpolitiske lån og tilskot til bedrifter gjennom Innovasjon Noreg. Det gjeldande virkeområdet går ut 31. desember 2006. Før det må ESA ha godkjent eit nytt virkeområde for Noreg. EU-kommisjonen og EFTAs overvaksingsorgan, ESA, har vedteke nye retningslinjer for regionalstøtte for EU/EØS som skal gjelde frå 1. januar 2007 til 31. desember 2013, jf. omtale i kapittel 3.1.

#### 7.1.1 Geografisk virkeområde og satsar

Ifølge dei nye retningslinjene kan Noreg framleis gi investeringsstøtte til område med låg folketettleik, det vil seie regionar med mindre enn 12,5 innbyggjarar per kvadratkilometer på fylkesnivå (NUTS III). I tillegg opnar regelverket for at næringssvake regionar i fylke som har fleire enn 12,5 innbyggjarar per km<sup>2</sup> kan bli inkluderte i det distriktpolitiske virkeområdet i staden for sterke regionar i fylke med færre enn 12,5 innbyggjarar per km<sup>2</sup>. Også øyar med færre enn 5 000 innbyggjarar eller andre kommunar med tilsvarande geografiske utfordringar kan få regionalstøtte.

Maksimalt støttesatsar (offentleg støtte som del av totale investeringskostnader i enkeltpro-

sjekt) for investeringsstøtte i det nye regelverket er

- 15 prosent for store bedrifter
- 25 prosent for mellomstore bedrifter (inntil 250 tilsette)
- 35 prosent for små bedrifter (inntil 50 tilsette)

For store og mellomstore bedrifter blir den maksimale støttesatsen i hovudsak noko lågare enn i dag. For små bedrifter er taket sett fem prosentpoeng høgare enn i dag.

#### 7.1.2 Auka fleksibilitet og handlingsrom

Dei nye retningslinjene for regionalstøtte opnar for eit noko større distriktpolitisk virkeområde enn det vi har i dag. Dersom ESA aksepterer eit større virkeområde frå 2007, er dette eit særleg godt resultat for Noreg. Med eit høgare befolkningstak kan fleire kommunar inkluderast samanlikna med i dag. Dette inneber auka handlingsrom for ein offensiv distrikts- og regionalpolitikk og gir betre rom til å møte dei utfordringane næringslivet i virkeområdet står overfor og vil møte i åra framover. Regjeringa har derfor notifisert eit virkeområde som inkluderer 24 fleire kommunar enn i dag i virkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte.

Regjeringa er nøgd med fleksibiliteten i regelverket som gjer at sterke område i fylke som tilfredsstillar folketettleikskriteriet, kan bli bytte ut mot svake område i fylke som ikkje tilfredsstillar kriteriet. Ein slik fleksibilitet er heilt avgjerande for at Noreg skal kunne behandle likt område som har dei same utfordringane.

Virkeområdet for dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane avgjer mellom anna i kva område av landet dei distriktpolitiske direkte bedriftsretta støtteordningane kan nyttast, og kva maksimale støtteintensitetar som gjeld. Virkeområdet må vere i tråd med EØS-retningslinjene for regionalstøtte og vere godkjent av EFTAs overvaksingsorgan, ESA. Ifølge dei nye, vedtekte retningslinjene for perioden 2007–2013 frå ESA er Noreg ikkje pålagt å differensiere satsane geografisk innanfor det godkjende virkeområdet. ESA

har fastsett ulike maksimale støtteintensitetar for små, mellomstore og store bedrifter. Noreg har derfor sendt ESA eit forslag til eit generelt virkeområde for dei distriktspolitiske verkemidlane som ikkje er delt inn i A-, B- og C-soner. Forslaget er no til behandling i ESA.

For å sikre at verkemidlane blir mest mogleg treffsikre, meiner regjeringa at det er rett å videreføre ei viss geografisk differensiering av dei maksimale støtteintensitetane for *investeringsstøtte*, ved at satsane i dei sterkaste områda i virkeområdet blir sette noko lågare enn i dei svakaste og sterkast prioriterte områda innanfor distriktspolitikken. Differensieringa av maksimale støtteintensitetar vil såleis bli knytt til dei enkelte støtteordningane og ikkje som i dag vere førehandsdefinert av det generelle virkeområdet. For distriktsretta investeringsstøtte legg regjeringa opp til å ha to soner (A og B) i staden for tre soner frå og med 2007.

I nokre tilfelle, til dømes i samband med særskild omstillingsinnsats, legg regjeringa opp til å kunne utnytte maksimalsatsane fullt ut, uavhengig av kvar ein er i virkeområdet. Regjeringa meiner denne løysinga gir ein treffsikker verkemiddelbruk, samtidig som ei slik løysing sikrar omsynet til nødvendig fleksibilitet.

Det vil som i dag vere opp til fylkeskommunane og Innovasjon Noreg å avgjere i kva grad ein vil utnytte maksimalgrensa for tillaten støtte.

### *Opning for ei regional transportstøtteordning*

Det nye regelverket for regionalstøtte tillet transportstøtte til føretak i fylke med mindre enn 12,5 innbyggjarar per km<sup>2</sup> og som i tillegg kan dokumentere ekstra transportkostnader. Kommunal- og regionaldepartementet legg opp til eit samarbeid med dei aktuelle fylka om å notisere ei regional transportstøtteordning, jf. omtale i kapittel 3.3.4.

### **7.1.3 Vidare prosess**

Det nye virkeområdet vil etter planen gjelde fram til 31. desember 2013. Den norske notifikasjonen med forslag til nytt distriktspolitisk virkeområde frå 2007 blei sendt ESA i juni 2006.<sup>1</sup>

Det er ESA som endeleg avgjer kva for regionar og kommunar som fell innanfor virkeområdet for dei distriktspolitiske verkemidlane. Regjeringa

legg til grunn at notifikasjonen blir godkjend i løpet av hausten slik at virkeområdet kan ta til å gjelde frå 1. januar 2007.

Kommisjonen arbeider for tida med eit nytt gruppeunntak for regionalstøtte. Dersom gruppeunntaket kjem på plass før året er omme, kan det bety at ESA ikkje på førehand treng å godkjenne alle dei støtteordningane som Noreg i dag har notisert overfor ESA i samsvar med regionalstøtteordningane. I staden vil støtteordningane kunne meldast til Fornyings- og administrasjonsdepartementet og ESA gjennom forenkla notifikasjon. Unntaket vil berre gjelde støtteordningar som er «transparente», med andre ord ordningar der støtteelementet er mogleg å rekne ut på støttetidspunktet.

## **7.2 Geografisk fordeling og avgrensingar for bruk av distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar under Kommunal- og regionaldepartementet**

### **7.2.1 Geografisk fordeling av dei ordinære distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane**

*Midlane blir i all hovudsak nytta innanfor det distriktspolitiske virkeområdet*

Dei ordinære distrikts- og regionalpolitiske midlane under kapittel 551 post 60 over budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet blir i all hovudsak nytta innanfor det distriktspolitiske virkeområdet, som ein distriktspolitisk ekstra-innsats. Ein mindre del blir nytta utanfor virkeområdet for å medverke til å utnytte verdiskapingspotensialet i alle delar av landet.

Midlane over kapittel 551 post 60 blir desentraliserte til fylkeskommunane, som igjen fordele dei til Innovasjon Noreg, kommunale og interkommunale næringsfond og lokale og regionale utviklingstiltak. I kriteria for fordelinga mellom fylka blir virkeområdet nytta som det sentrale grunnlaget. Det gjer at hovuddelen av midlane går til dei tre nordnorske fylka, og dei fylka i Sør-Noreg som har større område innanfor virkeområdet. Fylke med få kommunar innanfor virkeområdet, som Aust-Agder, Vest-Agder, Buskerud, Østfold og Rogaland, får ei mindre tildeling, medan fylke som ikkje har kommunar innanfor virkeområdet i det heile, får eit minstebeløp<sup>2</sup>.

Departementet fordeler også midlar over

<sup>1</sup> Oppdatert og meir detaljert informasjon finst på heimesidene til Kommunal- og regionaldepartementet.

kapittel 552.72 til mellom anna programverksemd under Innovasjon Noreg, SIVA og Forskringsrådet. Også desse midlane skal primært nyttast innanfor det distriktspolitiske virkeområdet. Dei blir også i nokon grad nytta utanfor virkeområdet. Døme på dette er Norwegian Centres of Expertise, inkubatorar og programsatsingar for å kople kunnskapsmiljø og verksemd. Desse tiltaka er ofte finansierte av fleire departement og utforma for å fremme innovasjons- og nyskapingsevna i bedrifter. Dette arbeidet tek ofte utgangspunkt i kompetansmiljøa som er knytte til høgskolar og FoU-miljø, som ofte er lokaliserte til mellomstore og mindre byregionar.

#### *Også behov for regionalpolitiske verkemidlar utanfor det distriktspolitiske virkeområdet*

Dei særskilde distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane skal etter regjeringa sitt syn framleis i all hovudsak nyttast til å fremme ei positiv utvikling i områda innanfor det distriktspolitiske virkeområdet.

Samtidig ser regjeringa behov for ein noko sterkare regionalpolitisk innsats for å fremme nyskaping, innovasjon og utnytting av potensiala i næringsmiljø i regionar også utanfor det distriktspolitiske virkeområdet. Måten dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane under Kommunal- og regionaldepartementet blir forvalta på, gjer at dei bidreg på ein god måte til å utløyse verdiskapingspotensialet også utanfor virkeområdet. Løyvingane utgjer også ofte ein viktig del av dei midlane fylkeskommunar disponerer til distrikts- og regionalpolitiske formål og er med på å styrkje deira rolle som regionalpolitisk aktør. For å oppnå ein god effekt er det viktig at fylkeskommunane i desse områda sikrar ei god kopling mellom dei regionalpolitiske og dei landsdekkjande ordningane.

Ein slik innsats utanfor virkeområdet kan også medverke til å styrkje utviklinga innanfor virkeområdet, både med omsyn til kompetanseretta næringsutvikling for bedrifter også innanfor virkeområdet og utvikling av attraktive senter som gir grunnlag for tenester i eit større omland. Mange av fylka frå Nord-Trøndelag og sørover har kommunar både utanfor og innanfor virkeområdet.

<sup>2</sup> Vestfold, Oslo og Akershus, som ikkje har kommunar innanfor virkeområdet, fekk i 2006 tildelt eit mistebeløp på om lag 5,6 mill. kroner kvar, som utgjer om lag 1,5 prosent–2 prosent av det som blir overført til fylkeskommunane. Bakgrunnen er tidlegare tildelte etablerarstipend frå ei landsomfattande ordning. Løyvingane kan no også nyttast til å drive regionalt utviklingsarbeid.

Nokre av sentralfylka har også «utkantstrøk» som har utsette lokalsamfunn, men som likevel ikkje er med i virkeområdet.

Regjeringa har varsla at ho ønskjer å styrkje dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane under Kommunal- og regionaldepartementet. Løyvingane blei auka for budsjettåret 2006. Denne auken gjekk i hovudsak til fylke i det distriktspolitiske virkeområdet. Ved ein ny auke kan det vere aktuelt å fordele tildelinga på den måten at også fylka med alle eller fleire kommunar utanfor virkeområdet får betre grunnlag for å drive regionalt utviklingsarbeid i heile fylket. Departementet vil vurdere dette nærmare i budsjettsamanheng.

#### **7.2.2 Vurdering av avgrensingar for bruken av dei ordinære verkemidlane**

Dei gjeldande retningslinjene for bruken av dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane under Kommunal- og regionaldepartementet gir stort regionalt og lokalt handlingsrom for innrettinga på innsatsen. Regelverket har likevel nokre avgrensingar som Kommunal- og regionaldepartementet vil vurdere nærmare, mellom anna for å få til forenkling og betre samsvar med retningslinjene for dei alternative verkemidlane til differensiert arbeidsgivaravgift, jf. kapittel 3.3.3.

Avgrensingane som gjeld i dag for dei ordinære verkemidlane, er dels ein konsekvens av EØS-avtalen, dels sjølvpålagde:

1. Handlingsrommet for å gi direkte distriktsretta bedriftsstøtte er primært avgrensa til det distriktspolitiske virkeområdet. Avgrensinga omfattar investeringsstøtte og lån under Innovasjon Noreg. Denne avgrensinga bør halde fram for å sikre prioritering av denne typen innsats i det distriktspolitiske virkeområdet. Krav til maksimale støtteintensitetar følgjer av EØS-avtalen og kan *ikkje* bli endra einsidig av Noreg.
2. Støtte til fysiske investeringar kan ikkje bli gitt utanfor virkeområdet (sjølvpålagd). Avgrensinga blei opphavleg sett inn fordi det først og fremst var behov for støtte til investeringar i industriområde, hamner og vassverk i område med lågt folketal og liten marknad. Den faktiske handlefridomen til å gjere dette blir i praksis sikra gjennom prioritering av midlar til fylke med stor del av kommunar i virkeområdet. Denne avgrensinga bør likevel halde fram fordi dette ofte er kostbare tiltak som berre bør bli i sette i verk innanfor virkeområdet.

3. Støtte skal heller ikkje bli gitt til tiltak som skal bli finansierte over ordinære budsjett i stat, fylke eller kommune (sjølvpålagd). Desse avgrensingane er meinte å skjerme dei distrikts- og regionalpolitiske utviklingsmidlane mot å bli nytta til drift og investeringar som er knytte til å oppretthalde velferds- og tenestilbod. Dette gjeld både visse typar fysiske investeringar, som veginvesteringar, og drift og investeringar som er knytte til fylkeskommunal eller kommunal tenesteproduksjon.

I tråd med ansvarsreforma meiner Kommunal- og regionaldepartementet at prioriteringar av bruk av dei regionale utviklingsmidlane i størst mogleg grad bør bli tekne regionalt og lokalt. Departementet vil likevel peike på at grunngevinga for midlane er at dei skal bli nytta til særskilde utviklingstiltak for å fremme næringsutvikling og utvikling av attraktive stader. Departementet ser

derfor framleis behov for å ha ei klar avgrensing mot bruk av midlane til drift og investeringar knytte til offentleg velferdsproduksjon.

Departementet vil samtidig peike på at spesielle infrastrukturinvesteringar og utviklingstiltak som skal medverke til å utvikle eit betre tenestetilbod, kan vere nyttige for å fremme næringsutvikling og attraktive stader. Departementet ønskjer derfor at fylkeskommunane i samarbeid med den regionale partnarskapen, skal få større fridom til å avgjere kva typar fysiske investeringar og utviklingstiltak innanfor det distriktpolitiske virkeområdet som best kan medverke til å fremme regional utvikling. Departementet legg opp til å endre retningslinjene for midlane i tråd med dette, og at det blir harmoniserte retningslinjer for midlane over kapitla 551 post 60 og 551 post 61.

## 8 Økonomiske og administrative konsekvensar

Oppfølging av tiltaka som blir varsla i distrikts- og regionalmeldinga, vil innebere auka løyvingar i stortingsperioden. Eventuell iverksetjing og omfang av tiltak som er omtalte i meldinga, og dermed omfanget av løyvingar til distrikts- og regionalpolitikken, vil bli vurdert i komande statsbudsjett. Endringar i retningslinjene for bruken av midlane til regional utvikling som blir desentraliserte frå Kommunal- og regionaldepartementet til fylkeskommunane, vil vere ei administrativ forenkling for fylkeskommunane i bruken av midlane og medverke til ein meir effektiv bruk av midlane i høve til lokale utfordringar.

Kommunal- og regionaldepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Kommunal- og regionaldepartementet av 16. juni 2006 om Hjarte for heile landet – Om distrikts- og regionalpolitikken blir send Stortinget.

---



**Vedlegg 1****Utviklingstrekk i busetnadsmønster, bustadval og næringsliv**

Punkta nedanfor byggjer på materiale frå fleire utgreiingar om utfordringar og utviklingstrekk knytte til endringar i busetnadsmønster og næringsstruktur og til bustadmotiv og bustadval.<sup>1</sup>

*Utviklingstrekk i næringsstruktur og arbeidsliv*

- Auken i den verdsomspennande handelen og nedbygginga av landegrensene som hinder for handel og næringsliv har lagt grunnlaget for store endringar i nærings- og arbeidslivet i Noreg. Det har gitt bedrifter høve til å vekse i nye marknader. Samtidig har mange bedrifter møtt sterk konkurranse og krav til omstilling og nyskaping for å overleve.
- Integreringa av dei folkerike lågkostlanda frå Asia i verdsøkonomien har ført til at etterspurnaden etter varer og tenester og kjenne-teikn ved arbeidsmarknadene i desse landa påverkar resten av verda. Dei låge lønningane gjer at arbeidskrevjande produksjon i høgkostland kan møte hard konkurranse, trass i lange avstandar. Samtidig gir det grunnlag for auke i etterspurnad etter avanserte varer og tenester og energiråvarer.
- Endringane i internasjonal handel og avtaleverk gjer at vi får eit auka press på omstilling i næringslivet, i retning av verksemder som gir høg verdiskaping per tilsett, ofte basert på høgare utdanning eller samansette kunnskapsbasar.
- Endringar i næringsstruktur og arbeidsliv som har følgd i kjølvatnet av auka konkurranse og effektivisering, har ulik geografisk verknad. Både delar av primærnæringsane og tradisjonell industri er utsette for konkurranse, effektivisering og reduksjon i sysselsetjing. Desse nærin-

gane har størst del av samla sysselsetjing i område utanfor dei største byområda.

- Sysselsetjingsveksten har kome i tenesteneæringsane og nye produksjonsnæringsane. Veksten i kommunal tenesteyting har vore spreidd utover landet, men den sterke veksten i bedriftsretta tenesteyting har kome i større byområde.
- Kompetansetung verksemd i industriselskap, som administrasjon og utvikling, som tidlegare var knytt til lokaliseringa av ei konkret industriverksemd, blir også lokalisert til byområde med større kompetansemiljø.
- Sysselsetjinga i statleg sektor har blitt redusert i område med små senter og spreidd busetnad dei siste 20 åra, medan ho har auka i dei største byregionane og mest i Oslo. Den planlagde utflyttinga av tilsyna vil i liten grad påverke denne utviklinga. På 90-talet blei den relative delen av sysselsette i staten i småbyområde også redusert.

*Utviklingstrekk i busetnadsmønster og demografi*

- Vi har sett ei sterk sentralisering i landet dei siste tiåra. Større byar veks i folketal, medan folketalet har gått ned i mange område med småsenter og spreidd busetnad.
- Den direkte grunnen til sentraliseringa er først og fremst at unge flyttar frå mindre stader til større byområde for å ta utdanning og finne arbeid. Folk flyttar sjeldan frå mindre stader på grunn av arbeidsløyse.
- Den delen av dei som blir fødde som flyttar frå mindre stader, er ikkje større no enn tidlegare, men i og med at det blir fødd færre barn no enn før, medverkar det til nedgang i folketal.
- Det skjer ein del tilbakeflytting og tilflytting til mindre stader, men det er ikkje nok til å kompensere for utflyttinga av ungdom.
- Denne ungdomsflyttinga, saman med at unge kvinner i noko større grad flyttar frå heimstaden enn det unge menn gjer, har ført til at vi over tid har fått ein skeiv kjønns- og aldersbalanse i ein del område med små senter og

<sup>1</sup> Sørli, notat om bumotiv og flytting, NIBR 2005, Effekttutvalet NOU 2004:2, Distriktskommisjonen NOU 2004:19 og Regionenes tilstand, ØF-rapport nr. 07/2004. Desse nytta mellom anna kunnskap som var henta frå eit større forskingsprogram som blei avslutta i 2003, kalla Regional utvikling. Stortinget fekk ein større samla presentasjon av regionale utviklingstrekk i St.meld. nr. 25 (2004–2005) *Om regionalpolitikken* frå regjeringa Bondevik II våren 2005.

spreidd busetnad (forgubbing). Sjølv utan meir utflytting vil mange stader oppleve nedgang i folketal fordi dei kulla som framover kjem i etableringsfasen, er relativt små.

- Den sterkaste enkeltfaktoren for å bli buande i heimkommunen er overtaking av eller tilgang til næringsseigedom. Dette forklarar også skilnaden mellom kjønna i ungdomsflytting, det vil seie at unge menn i større grad enn unge kvinner har tilgang til næringsseigedom.
- Folketilveksten i landet er låg, og om lag halvparten av tilveksten kjem frå innvandring. Fleirtalet av innvandrare har til no busett seg i bynære strøk, og flest i Osloregionen.

#### *Utviklingstrekk i bustadmotiv og bustadval*

- Bustadvala endrar seg gjennom livsløpet og varierer med kva val ein gjer tidleg i livet. Om lag halvparten av ungdommen på mindre stader tek kortare utdanning og finn arbeid nær heimstaden. Resten dreg ut for å studere og finne arbeid andre stader, og ein stor del av desse dreg til større byområde.
- Dei som skal studere dreg dit det er relevante studieplassar. Vi finn hovudtyngda av utdanningsplassar i dei største universitetsbyane og til dels i fylkessentra. Etter at utdanninga er ferdig søker mange etter arbeid i området der dei har studert, eller i større senter der sjansen er størst for å få nytte av utdanninga.
- I spørjeundersøkingar seier ein god del unge som alt har flytta frå heimstaden sin, at dei kan tenkje seg å flytte tilbake til oppvekstkommunen ein gong i framtida. I praksis er det berre ein mindre del av desse som gjer det.
- Unge som seier dei vil flytte frå heimstaden, og som blir spurde om kvar dei vil flytte, svarar ofte ein mellomstor by eller tettstad/bygdeby. Talet på unge som seier dei vil bu i ein storbyregion er mindre enn det faktiske resultatet av busetjinga.
- Når unge i større byområde stiftar familie og skal etablere seg, flyttar mange ut av storbykommunen. Dei fleste barnefamiliane (og andre vaksne) som flyttar ut frå bysentra, flyttar likevel i praksis berre til kommunar innanfor arbeidsmarknaden til byen eller til andre byområde med relativt stor arbeidsmarknad.
- For mange er det i praksis valalternativa på arbeidsmarknaden som bestemmer kvar dei opplever at dei er frie til å etablere og busetje seg. På stader med små arbeidsmarknader er tilbodet om stillingar avgrensa. Det kan vere ekstra vanskeleg å finne arbeid på same tid for eit par som skal etablere seg.
- Val knytte til busetjing og flytting blir dermed også val knytte til yrke, karriere og ambisjonar og til idear om «det gode liv» for seg og familien.
- I ei spørjeundersøking (Orderud 2002) der folk i periferikommunar blei spurde kva som er viktig for busetjing dersom jobbtilbodet er likt, kom bumiljø og bustandard øvst på lista. Deretter kom i rekkjefølgje venner og slekt, natur- og friluftsliv, avstand til heimstaden, kommunikasjonar, næringsliv, kulturtilbod og klima. Heilt nedst kom bra kafe- og butikktilbod.
- Ein aukande del av befolkninga veks også opp i bynære strøk. Desse buset seg i liten grad i område med mindre senter enn dei sjølve har vakse opp i.
- «Unge» pensjonistar er etter kvart blitt ei mobil gruppe menneske, som uavhengig av arbeidsmarknaden kan flytte til attraktive strøk. Det kan vere nærmare familien, til fritidsbustaden eller frå bygder i utkanten av eit byområde og inn til nye bustader i sentrum.
- Auka pendling mellom fritidsbustad og hovudbustad kan vere eit alternativ for ein del personar i yrke der ein kan ta med seg arbeidet ved hjelp av heimekontor.
- Ein del innvandrare frå europeiske land buset seg i norske bygder for å finne alternative liv. Dei kan utgjere ei stor gruppe menneske i enkeltbygder, men relativt få i ein større samanheng.

## Mielddus 2

# Juohkehaš galgá beassat ássat doppe gos háliida

## 1.1 Álggahus

Ráddehus ovddida dáikko bokte stuorradigge diedáhusa boaittobeale- ja regionálapolitihka birra. Stuorradiggediedáhus lea doaibmi guvlui, mas Soria Moria-julggaštusa máinnašuvvon mihtuid ja álgaga čuovvoleapmi deattuhuvvo. Diedáhus hui unnán geardduha Sd.died. 25 (2004 2005) fáttáid Ráddehuspolitihka birra, masa Stuor radikkis lei politihkalaš ovtamielalašvuohta. Diedáhusas ii leat danne viiddis analysavuodus. Diedáhusa áigumuš govve seammás Ráddehusa árvovuddosa, mas deattuhuvvo boaittobealepoliti hka ja mo ovttaslágidit sierranas politihkkasurg giid guovddáš váikkuhanoapmin boaittobeale- ja regionálapolitihkas. Diedáhus danne máinnaša mángga departemeantta ovddasvástádussuorggi politihkkasuorggi, ja diedáhus čuovvoluvvo guo ski departemeantaid ovttasbargguin.

## 1.2 Váibmu olles riikii

Ráddehus áigu juohkehažžii addit duohta válljen vejolašvuođa das gos áigot ássat, ja bidjat vuddosa geavahišgoahit olles riikka ja iešgudet luonddu riggodagaid. Ráddehusas lea garra dáhttu ahte juohkehaš olles riikkas galgá sáhttit ahtanuhttit gálggaidis ja eallit buori ja oaivillaš eallima. Buori eallima sáhtta olahit mángga láhkai, sihke gávpo gis ja gilážiis.

Ráddehusas lea boaittobeale- ja regionálapoliti hkas bajit ulbmilin láhčit dili ovtaárvosaš eallin eavttuide olles riikkas ja doalahit ássanmálla vál dosárgosiid. Politihkka galgá váikkuhit gávpogiid ja giliid gaskasaš dássidis ovdáneami. Lassi árvo háhkan ja nannejuvvon báikkálaš ja regionnalaš šaddan lea sihke váikkuhanoapmin dán oazžut áigái ja mihtun iešalddes. Norggas leat moanat ealáhusbirrasat iešgudetlágan buriiguin ja olu báikáigullu resurssat mii lea vuodđun ássamii ja ealáhusdoaimmaide olles riikkas.

Norga lea sihke stuorra riika ja uhca riikkaš. Dat lea riikkaš olmmošlogu ektui, muhto seam más stuorra ja guhkes riika alla váriiguin, čiekŋalis vuonaiguin ja ollu sulluiguin. Dán geažil

lea biedggus ássan, ja mánggalágan riggo datvuddosat, kultuvra, historjá ja identitehtta. Seammás juogadat dehálaš oktasašárvvuid, ja leat nuppiid duohken servodaga buorideames buo hkaid várás. Girjáivuohta ja searvevuohta lotnola sat ferte govvejuvvot buresbirgenpolitihkas ja čielga regionála ovdáneami politihkas.

Dát mearkkaša ahte mis ferte leat geografalaš peršpektiiva ja fertet vuhtii váldit mo visot dagut čuhcet geografalaččat. Dát vel mearkkaša ahte dárbašat nana báikkálaš ja regionála politihkalaš dásiid, mat sáhttet heivehit almmolaš rahčama báikkálaš diliide. Regionála doaimmaheaddjiin lea hirbmat dehálaš doaibma ovddidit regionálapoliti hka mii sáhtta váikkuhit nu ahte miehtá riikka vejolašvuođaid sáhtta atnit ávkin. Muhto dát vel mearkkaša ahte dárbašat nana stáhtalaš dási sihkarastin dihtii dárbašalaš ovttasdoaimma ja ovtaárvosaš rámmaeavttuid geografalaš erohu said rastá, váikkuhan dihtii dan vuostá ahte muhtin regiovnnat eai vuottáhala vaikke riikkas muđui lea buorre dili. Ollislaš regionálapolitihkas šaddá regiovnnaid gaskasaš buorre ovttasdo aibma dehálaš. Ráddehus deattuha dán okta vuodas ahte stáhtas galgá leat guovddáš boaitto bealepolitihkalaš ovddasvástádus sihkarastit buriid bálvalusaid ja resurssaid ovddidit daid guovlluin main lea heajomus rudalaš vuodus báik kálaččat.

Daid guovlluin gos leat guhkes gaskkat stuo rát márkaniidda, olmmošlogu njiedjan ja ealáhus ja bargoeallima nuppástuhttimat, leat erenomáš hástalusat. Ráddehus áigu čadahit boaittobealepo litihkalaš nannema, mas dákkár guovllut leat guovddážiis. Dákkár nannema ii sáhte čadahit dušše rudaiguin. Jus galggaš ovdánahttit ferte dasa vel leat miella ja dáhttu oazžut bohtosa. Ráddehus danne deattuha garrasit doarjut báik kálaš ja regionála álgagiid, hutkáivuoda ja beroštumi mii ovddida sávahatti guvlui ja mii čájeha ahte ábuha ražastit gávpotregiovnnaid olggobealde ge.

Ráddehus áigu jodihit dakkár politihka mii váikkuha dasa ahte gávpogiid ja gilážiid gaskasaš politihkka lea dássidit. Ráddehus dáhttu dakkár

gávppiid mat doibmet duvdagiin nationála ja regionála ovdáneamis. Ráddehus áigu ovddidit sierra stuorradiggediedáhusa oaivegávppotregi ovna birra 2006 čavčča.

Stuorradiggediedáhus boaittobeale- ja regi onálapolitihka birra konkretisere mo Ráddehus áigu bargat ovddidan dihtii boaittobeale- ja regi onálapolitihka ulbmiliid dán stuorradiggeáigoda gas. Konkretiseren lea boaittobeale- ja regionála politihka golbma válđostrategiija vuodul mat Soria Moria-julggastusas hábmejuvvojedje:

Buoridit iešgudet regi ovnnaid vuđđosa nanne dettiin gealbbu, lázedettiin dili odđaháhkamiidda ja ealáhusaide, geahpedettiin gaskacakkiid, ovddi dettiin ceavzilis báikegottiid ja luondduriggoda gaid ceavzilis ávkástallama. Regionála- ja boaittobealepolitihkalaš deasttat galget nannosat deattu huvvot iešgudet suorggi politihkas.

Rahčat ovddidemiin ealáhusdoaimma dakkár surggiin main iešgudet regi ovnnain leat erenomáš ovdamunit. Stáhta politihka galgá ášahuvvot regi ovnnalaš ovdamuniid ulbmillaš vuoruheap mái.

Liige garrasit rázastit dusten dihtii hástalusaid eanemus uhkiduvvon guovlluin. Boaittobealepoli tihkalaš váikkuhanoamit galget nannejuvvot.

### 1.3 Falleheaddjibut boaittobeale- ja regionálapolitihka válđoáigumušat

Ráddehus áigu álggahit boaittobeale- ja regionála politihkalaš nannema olahat dihtii boaittobeale- ja regionálapolitihka ulbmiliid. Ráddehusa áigumušat leat čielgasat: Juohkehaččas galgá leat duohta vejolašvuohta ássat dohko gosa háliida, áigut olles riikka geavahišgoahtit nannen dihtii árvoháhkama ja galgat váikkuhit ahte fárren las sána boaittobealeguovlluide.

Bargosajit, infrastruktuva ja buorre ja ovttárvosaš bálvalus- ja buresbirgenfálaldat dope gos olbmot ássat, leat vuoddoeavttut vai galgá sáhttit válljet gosa áigot ásaiduvvat. Dát gáid bida ulbmillaš vuoruheami mángga politihkkasuo rggis, juoga maid sihke Distriktskommisjonen ja Effektutvalget deattuhedje. Mánggas eai hálit ássat stuorámuš gávpposiin. Ráddehus garrasit deattuha ahte dan politihkas mii lea dakkár suorgis mii lea dehálaš regionála ovdáneapmái, lea áigumuš váikkuhit olahit boaittobeale- ja regi onálapolitihkalaš ulbmiliid. Lea hirbmat dehálaš ahte lea regionála- ja boaittobealepolitihkalaš per spektiiva politihkkasurggiide mat gusket ohppui, dearvvasvuhtii, johtalussii, kultuvrii, ealáhusodá neapmái ja luondduriggodagaid ávkástallamii.

Bures doaibmi, oadjebas ja identi tehtaásaheaddji báikegottit leat mearrideaddjin buresbirgenservodahkii. Dorvvolaš ja buorit ássanbirrasat ja geasuheaddji báikkít šaddet báik kálaččat. Nana ja dearvvas gielddaruhtadilli lea eaktun buori bálvalus- ja buresbirgenfálaldahkii olles riikkas, ja lea danne geađgejuolgin doaibmi boaittobeale- ja regionálapolitihkas. Ráddehus áigu njulget gielddasuorggi ruđalaš dásehis vuoda. Mii dáhttu gielddaide dakkár bohto vuogádaga mii sihkarastá ássiide buori ja ovttárvosaš bálvalusfálaldaga olles riikkas, ja dearvvasvuodafálaldaga mii deattuha lagašvuoda geavaheaddjiide.

Mis vel galgá leat sihke fysalaš sáhtosteamái ja elektrovnnalaš mediaide dakkár infrastruktuva mii lea ovttárvosaš olles riikkas. Visot báikkiide galgá leat álki govdafierpmádaga fidnet, giehtate lefovna atnit ja TV-signála fidnet vai leat gea suheaddji báikkít guhkit áiggi ássamii, ja fysalaš sáhttoinfrastruktuva ferte leat heivehuvvon ealáhusaid ja ássiid dárbbuide.

Ráddehus dáhttu dasa lassin váikkuhit ášahit buori vuoigŋa ja jáhkku boahhteáigái daid guov lluin gos leat stuorámuš hástalusat olmmošlogu ja ealáhusovddideami ektui, lázedettiin ja doarjjodet tiin báikkálaš álgagiid ovdánahttin dihtii gea suheaddji báikkiid, odđa bargosajiid ja buoriid bál valus-, kultur- ja ássanfálaldagaid. Lea dehálaš ahte nuorat seaguhuvvohit báikegottiid ovdánaht timii. Nuorat galget sáhttit váikkuhit plánaprosea ssa ja oazžut duohta váikkuheami dakkár áššiin mat sidjiide gusket.

Ráddehus deattuha ahte boaittobeale- ja regi onálapolitihkas lea sohka beallemišuvdna, ja dárbbbaša ánnas nissoniid sávaldagaid ja dárbbuid bidjat vuodđun regi ovnnalaš ja báikkálaš ovddi danbarggus.

Nana šaddi ealáhusbirrasat ovdánahttojit báik kálaččat ja regionálaččat, doaimmaheaddjiid gaskasaš oktavuodain bargomárkanregi ovnnain ja surggiid siskkobealde ja daid rastá. Regionála ovdamuniid, vejolašvuodaid ja báikegotti riggoda gaid ulbmillaš vuoruhemiin leat Norggas buorit eavttut dustet gávppiid ja ealáhusaid lassáneaddji globála gilvvu.

Politihkalaš vuoruheapmi ferte leat láchčon nu ahte regi ovnnat ja báikegottit hálddašit báikkálaš ja regionála nuppástusaid, mat čuvvot ealáhusaid nuppástusain ja lassi gilvvus. Dát mearkaša ahte politihka ferte váikkuhit nannet nuppástuhttin- ja oahppangálga, ovddidettiin gealbbu, hutkái vuoda, entreprenorvuoda ja innovašonnávccaid, ja ovddidettiin regionála ealáhus- ja gealboguo

vddáziid. Rádddehus áigu vel váikkuhit mánggalá gan riskakapítálain, ja lámčit dili ealáhusaid, alm molaš suorggi ja dutkan- ja gealboguovddáziid gaskasaš ovttasdoibmii. Lea dehálaš ahte dát ollašuvvo miehtá riikka, iige dušše guovddáš guovlluin.

Ealáhusguoski boaittobeale- ja regionálapoliti hkalaš vuoruheapmi galgá earret eará ovddidit suorggi mas lea garra gilvu. Njeaidit dákkár suorggi lea unohas bargguhivuhit dakkár guov lluin gos leat sorjasat industriijas iige alla olmmošlohku, ja riikkas guorrana vel čehppodat. Rádddehus áigu čađahit politihka mii galgá nannet olles riikka ollislaš gilvonávccaid, áinnas vuoru hettiin oahpu, dutkama, johtalusa ja doaibmibut ealáhuspolitihka mii nanne daid ealáhusaid mat mis leat ja oalgguha ođđa doaimmaid šaddat juo hke sajis riikkas.

Vuoruhit regionála ovddideami galgá šaddat ulbmillaš ja nannosat. Rádddehus deattuha ávk kástallat daid doaimmain mat leat boaittobeale- ja regionálapolitihkas riikkaidgaskasaš šiehtadusain. Rádddehus áigu fas bidjat doibmii regionála earu huvvon bargoaddidivortnega ođđajagimánu 1.b. 2007 nu guhkás go lea vejolaš. Rádddehus áigu vel viiddidit boaittobealepolitihkalaš doaibmaguov llu. Rádddehus áigu vel nannet váikkuhanoapme geavaheami Innovasjon Norge, SIVA, Dutkanráđi, fylkkagiielddaid ja gielddaid bokte.

Rádddehus deattuha norgalaš searvama riikk aidgaskasaš regionála ovttasbarggus nugo dehálaš oassin regionála ovddidanbarggus. Ráđja regionála ja riikkaidrastá prográmmat EO guov llulaš ovttasbarggus (Interreg) joatkkašuvvojit 2007 rájes 2013 ráđjai. Rádddehus áigu lámčit dili nu ahte regionnalaš ja báikkálaš doaimmaheadjit sáhttet searvat dákkár prográmmaid hábmemis ja čuovvolemis.

Rádddehus áigu čađahit doaibmi davviguovlo politihka ja nannet davviguovlobarggu, deattuhet tiin davvi áhpeguovlluid ceavzilis ávkkástallama. Dát galgá earret eará lasihit ekonomalaš doaimma nannámis Davvi-Norggas, ii dušše oljo- ja gássadoa immas, muhto ealáhusainge nugo guolásteamis ja mearradoalus, mátkkošteamis, eanadoalus ja boa zodoalus. Davviguovlluin lea vel hirbmat dehálaš vuhtii váldit árbevirolaš sámi ealáhusaid mat leat sámi kultuvrra ja giela vuodđun.

Rádddehus áigu joatkit dainna stuorra liigevuo ruhemiin Finnmárkkus ja Davvi-Romssas.<sup>1</sup> Dán guovllus leat ain stuorra hástalusat ealáhus- ja bar goeallima nuppástusaid geažil ja go leat stuorra gaskkat hui smávva báikegottiid gaskkas.

Rádddehus áigu nannet báikedemokratiija ja bargguid ja ovddasvástádusa lávdadeami. Gield dain lea bajit ovddasvástádus sin ássiid buresbir genbálvalusaide, ja dehálaš sadji báikkálaš servo datovddideaddjin. Fylkkagiielddain lea dehálaš sadji regionála ovddidandoaimmaheadjin buori servodatovdáneamis sin guovlluin, ovttas gield daiguin, regionála stáhta ja ovttaskas doaim maheadjiiguin. Rádddehus deattuha ahte fylkka gielddat ja gielddat ovddasvástidit váikkuhit sáva hahtti regionála ovdáneami, muhto stáhtas lea bajit ovddasvástádus sihkarastit ahte dasa leat ovttaárvosaš eavttut.

Soria Moria-julggaštusa mielde galgá ášahuv vot ođastuvvon ja nannejuvvon, álbmotválljen regi onála hálddašandási. Rádddehus dáhttu sihka rastit bures doaibmi golmmadásat almmolaš suorggi. Rádddehus áigu lámčit dili ealli álbmotstiv rejupmái ja nana gielddaide ja regiovnnaide mat ávkkástallet báikkálaš ja regionála ovdamuniid ássiide, ealáhusaide ja servodahkii buoremussan. Bargguid lávdadit báikkálaš ja regiovnnaš dássái buorida báikkálaš ja regiovnadásat ovdamuniid atnima. Hálddašanodastusat galget sihkarastihit bargosajiid ja buresbirgejumi doppe gos leat ássit.

Rádddehus áigu 2006 čavčča ovddidit diedáhusa Stuorradiggái hálddašandásiid gas kasaš boahttevaš bargojuohkima birra. Bargojuo hkima nuppástusat eai galgga geahpedit gieldda bargguid dahje guovdilasttihit regiovnnaš siskkal dasat. Ságaškuššamat báikkálaččat ja regiovn nalaččat, boahttevaš juohkima birra, galget leat 2006 čavčča ja 2007 giđa. Hálddašanodastusa bargu galgá áigumuša mielde leat gárvvis ja ovddiduvvon Stuorradiggái nu ahte ođastusa galgá sáhttit fápmui bidjat ođđajagimánu 1.b. 2010.

1 kapihttalas 7 kahpitalii áigu Rádddehus čilget dáid doaimmaid konkrehtha barggu ovddasguvlui.

<sup>1</sup> Buo. Sd. Dieđ. nr. 8 (2003-2004) *Rikt mangfold i nord. Om til-takssonen i Finnmark og Nord-Troms*, ja dán meannudeami Stuorradikkis, vrd. Árvalus S. nr. 176 (2003-2004).



Offentlege etatar kan tinge fleire eksemplar frå:  
Servicesenteret for departementa  
Kopi- og distribusjonsservice  
[www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)  
E-post: [publikasjonsbestilling@dss.dep.no](mailto:publikasjonsbestilling@dss.dep.no)  
Telefaks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og pris får ein hos:  
Akademika AS  
Avdeling for offentlege publikasjonar  
Postboks 84 Blindern  
0314 OSLO  
E-post: [offpubl@akademika.no](mailto:offpubl@akademika.no)  
Telefon: 22 18 81 00  
Telefaks: 22 18 81 01  
Grønt nummer: 800 80 960

Publikasjonen finst på internett:  
[www.odin.dep.no](http://www.odin.dep.no)

Omslagsdesign: Dugg Design  
Omslagsfotos: Kapp næringshage: Scritto – Bulandsunger:  
Oddrun Midtbø – Berg gård, Inderøy: Den gyldne omvei –  
Gildeskål: Miljøverndepartementet – Ungdomshuset Tvibit:  
Tvibit – Ericssonbygget, Grimstad: Ugland Eiendom

Trykk: GAN Grafisk AS - 06/2006 - opplag 7500

